

Mastergradsoppgave

Magne Haugen

Den Kulturelle Spaserstokken –  
satsing på eldrekultur ?



**Høgskolen i Telemark**

Fakultet for allmennvitenskapelige fag

Mastergradavhandling i kulturstudiar 2015

Magne Haugen

Den Kulturelle Spaserstokken –  
satsing på eldrekultur ?



[www.austagderfk.no](http://www.austagderfk.no)

Høgskolen i Telemark  
Fakultet for allmennvitenskaplege fag  
Institutt for kultur og humanistiske fag  
Kjølnes ring 56  
3918 Porsgrunn

<http://www.hit.no>

© 2015 Magne Haugen

Denne avhandlinga representerer 60 studiepoeng

# Føreord

I mitt daglege arbeid som kulturleiar gjer eg meg stadig nye erfaringar med å leggje til rette, arrangere og formidle kultur til forskjellige målgrupper. Og som ansvarleg for Den Kulturelle Spaserstokken i ein mellomstor norsk kommune, har eg kjent behov for å lære meir om kulturformidling for eldre.

I arbeidet med oppgåva har eg fått innblikk i kva som er gjeldande statleg politikk på området kultur for eldre. Og eg har fått innsyn i kva som kjenneteiknar kulturbruk og -preferansar blant eit utval av eldre menneske, og korleis Den Kulturelle Spaserstokken manifesterer seg i ein norsk bykommune.

Takk til rettleiar Egil Bjørnson for god hjelp i alle fasar av prosessen. Takk til Birgit Stallemo for språkvask. Og takk til alle informantane som har hjelpt meg i arbeidet med denne oppgåva.

Lillesand, 13.05.2015

Magne Haugen

# Innhold

Føreord .....	3
Innhold .....	4
<b>1 Innleiing .....</b>	<b>6</b>
1.1 Problemstilling .....	6
1.2 Avgrensing.....	7
1.3 Disposisjon for oppgåva vidare .....	8
<b>2 Bakgrunn .....</b>	<b>9</b>
2.1 Historikk.....	9
2.2 Kartlegging.....	12
2.2.1 Bakgrunnsrapportar .....	12
2.2.2 KulturRullatoren .....	15
2.2.3 SeniorKilden .....	18
2.2.4 Seniorkino .....	20
<b>3 Teoretiske perspektiv .....</b>	<b>21</b>
3.1 Sentrale omgrep innan Den Kulturelle Spaserstokken .....	21
3.1.1 Kulturomgrepet.....	21
3.1.2 Kvalitet som omgrep .....	23
3.1.3 Omgrepet «dei eldre».....	24
3.2 Forsking og faglitteratur .....	25
<b>4 Metode.....</b>	<b>35</b>
4.1 Intervju – korleis gjekk eg fram.....	38
4.2 Intervjuguide.....	40
4.3 Intervjuobjekta .....	40
4.4 Reliabilitet og validitet .....	41
4.5 Datainnsamling – om intervjeta .....	42
<b>5 Resultat – informantane sine forteljingar.....</b>	<b>45</b>
5.1 Intensjon og føremål med Den Kulturelle Spaserstokken .....	45
5.2 Undersøking av Kristiansand KulturRullator .....	47
5.2.1 Resultat av spørjeundersøkinga.....	47
5.2.2 Kristiansand KulturRullator – erfaringar og utfordringar .....	48

<b>6 Analyse .....</b>	<b>58</b>
<b>6.1 Intensjon og føremål med Den Kulturelle Spaserstokken .....</b>	<b>59</b>
<b>6.1.1 Kvalitet.....</b>	<b>59</b>
<b>6.1.2 Mangfold og samarbeid .....</b>	<b>62</b>
<b>6.1.3 Tilgjengeleighet .....</b>	<b>64</b>
<b>6.1.4 Dei eldre .....</b>	<b>64</b>
<b>6.1.5 Kulturpolitikk eller helse- og sosialpolitikk.....</b>	<b>66</b>
<b>6.2 Kristiansand KulturRullator – erfaringar og utfordringar.....</b>	<b>68</b>
<b>6.2.1 Mål.....</b>	<b>68</b>
<b>6.2.2 Innhold, programmering og formidling .....</b>	<b>71</b>
<b>6.2.3 Utfordringar med innhold og programmering av KulturRullatoren.....</b>	<b>77</b>
<b>6.2.4 Organisering.....</b>	<b>78</b>
<b>6.2.5 Utfordringar med organisering av KulturRullatoren.....</b>	<b>79</b>
<b>7 Oppsummering og konklusjon.....</b>	<b>81</b>
<b>8 Referansar.....</b>	<b>83</b>
<b>8.1 Litteratur.....</b>	<b>83</b>
<b>8.2 Avis- og nettartiklar .....</b>	<b>86</b>
<b>8.3 Intervjuobjekt .....</b>	<b>88</b>
<b>8.4 Konserter og andre førestillingar.....</b>	<b>88</b>
<b>9 Vedlegg .....</b>	<b>89</b>

# 1 Innleiing

Den Kulturelle Spaserstokken er ei ordning der Staten løyver pengar til kulturtiltak for eldre. Den vart lansert av regjeringa Stoltenberg i august 2006, og kom inn på statsbudsjettet frå 2007. I starten fordele Kulturdepartementet pengane direkte ut til kommunane. Frå 2014 fordeler departementet pengane til fylkeskommunane, og kommunane kan søkje om tilskot frå fylkeskommunen.

Målet for Den Kulturelle Spaserstokken, slik det er formulert frå Kulturdepartementet, er «å syte for ei profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet til eldre, å leggje til rette for auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren, slik at det blir utvikla gode kunst- og kulturprosjekt lokalt innan eit mangfald av sjangrar og uttrykk, samt å bidra til at eldre får eit tilpassa kulturtilbod på arenaer der dei eldre er til dagleg».<sup>1</sup>

Den Kulturelle Spaserstokken er eit tema som interesserer meg, og som eg arbeider ein god del med til dagleg. Motivasjonen min for å skrive masteroppgåve om dette temaet har vore å finne ut kva som er føremålet med denne ordninga frå staten si side. Ligg det ein bestemt kulturpolitisk strategi bak dette? Eller er det fyrst og fremst eit velferdspolitisk tiltak? Kanskje er det begge delar? Vidare ville eg undersøkje om ressursane blir brukte på ein fornuftig måte, og om pengane når fram til den målgruppa dei er meint å skulle treffe.

KulturRullatoren er Kristiansand kommune sin lokale variant av Den Kulturelle Spaserstokken, og den er ei velutvikla og tilsynelatande velfungerande ordning. Eg har valt å forske på denne modellen, og empirien er stort sett henta frå Kristiansand kommune.

## 1.1 Problemstilling

Problemstillinga for denne oppgåva er todelt. For det fyrste gjer eg ei undersøking av kva som er intensjonen og føremålet bak Den Kulturelle Spaserstokken som nasjonalt tiltak. Her tek eg utgangspunkt i retningslinene for spaserstokken slik dei er utforma frå Kulturdepartementet si side. Så følgjer opp med ein gjennomgang av aktuell empiri og teoretiske perspektiv som kastar lys over dette. Og endeleg intervju med ein tidlegare statssekretær i Kulturdepartementet om bakgrunnen for at denne ordninga vart innført. Denne delen av problemstillinga har eg operasjonalisert på følgjande måte:

---

<sup>1</sup> Kulturutredningen 2014. Det Kongelige Kulturdepartement (2013:4) s 212

- Sentrale omgrep i retningslinene for Den Kulturelle Spaserstokken er *kultur*, *kvalitet* og *dei eldre*. Kva slags kulturomgrep er retningslinene baserte på, og kva legg Kulturdepartementet i omgrepa *kvalitet* og *dei eldre*?
- Kva meiner Kulturdepartementet med at tilboda til dei eldre skal baserast på profesjonell kvalitet, mangfald, samarbeid og tilgjengelegheit?
- Er føremålet med Den Kulturelle Spaserstokken kulturpolitisk eller helse- og sosialpolitisk? Er intensjonen primært å skape gode kulturopplevingar for dei eldre, eller er det å oppnå helse- og velferdsmessige gevinstar?

For det andre vil eg undersøkje korleis Den Kulturelle Spaserstokken fungerer i dag. Dette gjer eg ved å sjå på korleis spaserstokken har manifestert seg i praksis i Kristiansand, den største byen på Sørlandet. Kristiansand kommune har sin eigen *KulturRullator* der kulturtildoda for eldre i kommunal regi er samla. Reint tematisk vil eg konsentrere meg om dei kunst- og kulturtildoda som inngår i KulturRullatoren. Det empiriske grunnlaget for denne analysen er årsplanar, rapportar og program for KulturRullatoren. Vidare intervju med brukarar, arrangørar, programansvarlege og administrativt ansvarlege. Eg har også vore til stades som publikum på arrangement i regi av KulturRullatoren. Denne delen av problemstillinga har eg operasjonalisert slik:

- Kva for mål har Kristiansand kommune for sin KulturRullator? Er det forskjellar på dei nasjonale måla for Den Kulturelle Spaserstokken og måla for KulturRullatoren? Kva består skilnadene eventuelt i?
- Kva slags profil har KulturRullatoren innhaldsmessig? Korleis skjer programmeringa, og i kva grad lukkast ein med å nå ein fram til målgruppa (-gruppene) for tiltaket? I kva grad prioriterer kommunen dei eldste og mest pleietrengande eldre?
- Korleis fungerer KulturRullatoren praktisk og organisatorisk i dag, og kva for utfordringar står KulturRullatoren overfor?

## 1.2 Avgrensing

Kulturtildod og -formidling til eldre menneske er eit stort og mangfaldig felt som spenner frå klassisk høgkultur via populærkultur til trim og hobbyaktivitetar. Med utgangspunkt i målsetjinga frå staten og Kulturdepartementet si side, har eg funne det føremålstenleg å gjera visse avgrensingar når det gjeld tema for denne oppgåva.

Eg oppfattar at Kulturdepartementet definerer «den gode kulturopplevinga» som sentral i satsinga på Den Kulturelle Spaserstokken. Ressursane skal hovudsakeleg nyttast til profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet. Eg har difor valt å definere vekk fysisk aktivitet som trim og friluftsliv, samt andre typar eigenaktivitet, då dette ikkje er nemnt som område som spaserstokkmidlane kan brukast til. Ein gjennomgang av Kristiansand kommune sine KulturRullator-program for dei seinare åra viser at det som finst av eigenaktivitet, dans, trim og strikking, ikkje er arrangert og finansiert av Rullatoren.

Eg har også valt å utelate musikk og anna kulturformidling brukt som terapi. Ingen psykisk sjuke eller aldersdemente menneske er informantar i denne oppgåva. Grunnen til dette er dels at det ikkje står noko om helse og terapi i retningslinene for Spaserstokken, og dels at dette heller ikkje inngår i KulturRullatoren sitt program. Eg har altså valt å konsentrere meg om dei tiltaka som er finansierte av pengar frå Den Kulturelle Spaserstokken.

## 1.3 Disposisjon for oppgåva vidare

Eg har valt å disponere resten av denne oppgåva slik:

- **Kap. 2 - Bakgrunn.** Her startar eg med ein kortfatta historikk, og held fram med kartlegging, både empiri i form av stortingsmeldingar og andre politiske dokument, samt brei gjennomgang av KulturRullatoren og det som relaterer seg til den.
- **Kap 3 - Teoretiske perspektiv.** Fyrst handsamar eg sentrale omgrep i samband med den Kulturelle Spaserstokken. Så går eg gjennom relevant forsking og faglitteratur som omhandlar temaet eldre og kultur.
- **Kap. 4 - Metode.** Her gjer eg greie for kva slags metode eg har valt å bruke, og korleis eg tenkjer å gå fram i det vidare arbeidet.
- **Kap. 5 - Resultat.** Her fylgjer samandrag av informantane sine forteljingar, både om Den Kulturelle Spaserstokken som nasjonalt tiltak, og om Kristiansand KulturRullator.
- **Kap. 6 - Analyse.** Her tek eg utgangspunkt i problemstillinga. Fyrste delen av analysen handlar om intensjon og føremål med Den Kulturelle Spaserstokken, og andre delen handlar om Kristiansand KulturRullator. Her grip eg tak i det eg har funne av empiri og analyserer og drøftar denne, sett i lys av relevante teoretiske tilnærmingar.
- **Kap. 7 - Oppsummering og konklusjon.**

## 2 Bakgrunn

### 2.1 Historikk

I 1996-1999 gjennomførte Norsk Kulturråd og det dåverande Sosial- og helsedepartementet det omfattende forsøksprosjektet *Kultur gir helse*. Prosjektet involverte ein kommune i kvart fylke samt ei rekke institusjonar og organisasjonar, bl.a. innan utdanningssektor og frivillig sektor. Dette munna ut i rapporten *Fra prosjekt til hverdagsliv. Om regjeringens kultur- og helsesatsning. August 1999.*<sup>2</sup> Evalueringa av forsøksprosjektet gav ei rekke interessante og positive resultat, men det var ikkje avsett tilstrekkelig økonomiske ressursar til å føreta forskingsmessig datainnsamling og bearbeiding. Nokre av delprosjekta og aktivitetane er blitt vidareførte.

I 2002 vart det teke initiativ til ei ny kultursatsing for eldre i Trondheim. Prosjektet hadde bakgrunn i ei brukarundersøking blant mottakarar av helsetenester i kommunen, og skulle bidra til auka aktivitet for bebuarar i omsorgsbustader. Satsinga var et samarbeidsprosjekt mellom kultur og helse og velferd. Denne lokale samarbeidsmodellen (Trondheimsmodellen) er blitt vidareført i den nasjonale satsinga på Den Kulturelle Spaserstokken. Meir om Trondheimsmodellen under kap. 2.2.1.

Den Kulturelle Spaserstokken vart lansert som nasjonal modell av regjeringa Stoltenberg i august 2006. I 2007 kom dei fyrste pengane inn på Statsbudsjettet. Det vart løyvd 10 mill. kr. Kultur- og kyrkjedepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet bidrog med halvparten kvar. 23.04.2007 vart det sendt ei pressemelding frå Kultur- og kyrkjedepartementet kor alle landets kommunar vart inviterte til å søkje om midlar.<sup>3</sup> I denne pressemeldinga står det:

Den kulturelle spaserstokken skal gje eldre eit betre kulturtilbod, på same måte som den kulturelle skulesekken gjer det for elevar. Den skal bidra til å gje kunst- og kulturopplevingar til eldre menneske på eldresenter, sjukeheimar og ulike kulturarenaer.

Departementet fekk 239 søknader (2007) frå kommunar over heile landet, med ein samla søknadssum på om lag 43,6 mill. kr. Søknadene viste eit omfattande engasjement og stor breidde i kulturtiltak for eldre. 67 kommunar i alle fylka i landet fekk tilskot til ymse

---

<sup>2</sup> Regjeringen (1999)

<sup>3</sup> Kultur- og kyrkjedepartementet (2007)

arrangement innan ulike kulturområde. Om fordelinga av desse midlane sa dåverande rådgjevar Sverre Mjøen i Kulturdepartementet (2008):

Det er Kulturdepartementet som står for sjølve gjennomføringa av søknadene i samråd med Helsedepartementet. Nokre kommunar hadde berre amatørbilde i sin søknad, og fekk ikkje støtte av Kulturdepartementet, men som kanskje godt kunne fått støtte av Helsedepartementet. Kjernekrevet er profesjonell kunst og kultur.<sup>4</sup>

Ordninga er forankra i Kulturdepartementet, og det er eit spleislag mellom kultur og helse.

Den Kulturelle Spaserstokken skal ha ein helsefagleg og kunstfagleg innfallsvinkel, og ha førebyggjande og behandlande effekt. Kulturpolitisk kvalitet og kultur av god kvalitet skal vera tilgjengeleg. Kulturen skal vera tilgjengeleg for alle der dei er, og mangfaldet er viktig. Eldre på institusjonar er dei som ein fyrst og fremst har i tankane. Difor har dette blitt kalla eit spleislag.<sup>5</sup>

Den Kulturelle Spaserstokken er forankra i St.meld.nr. 25<sup>6</sup> og Omsorgsplan 2015,<sup>7</sup> begge frå Helse- og omsorgsdepartementet. Gjennom Kulturløftet II<sup>8</sup> var eit av måla å tredoble satsinga på Den Kulturelle Spaserstokken samt å gjera denne ordninga permanent. Måla for Den Kulturelle Spaserstokken, slik dei er formulerte i det fyrste brevet til kommunane i 2008, er:

å leggje til rette for auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren, slik at det blir utvikla gode kunst- og kulturprosjekt lokalt innanfor eit mangfold av sjangrar og uttrykk . Dei løvde midlane skal nyttast til profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet, etter modell frå Den Kulturelle Skulesekken.<sup>9</sup>

Fram til 2012 kom pengane frå Kulturdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet med halvparten på kvar. I 2013 vart det sett av 14,9 mill. kr frå speleoverskotet til Norsk Tipping AS og tilsvarende sum frå Helse- og omsorgsdepartementet, i alt 29,8 mill. kr. I 2014 er beløpet 30,8 mill. kr.

Til og med 2013 vart pengane fordelte direkte frå staten til kommunane. Dette året vart det arrangert kulturtiltak for eldre i 361 kommunar. Frå og med 2014 fordelte staten pengane ut til fylkeskommunane etter ein fordelingsnøkkel basert på følgjande variablar: talet på

---

<sup>4</sup> Bråthen, Kjell Morten: *Størst av alt er kjærligheten*. Feltarbeid med rapport. Bacheloroppgåve ved Høgskolen i Telemark 2008. <https://kjellemann.wordpress.com/rapport-den-kulturelle-spaserstokken/>

<sup>5</sup> Bråthen (2008)

<sup>6</sup> Helse- og omsorgsdepartementet (2005-2006)

<sup>7</sup> Helse- og omsorgsdepartementet (2007-2008)

<sup>8</sup> Kulturdepartementet (2011-2012) s 2

<sup>9</sup> Det Kongelige Kultur- og Kirkedepartement. Likelydende brev til alle landets kommuner. 16.06.2008.

personar over 70 år, geografiske avstandar og kulturell infrastruktur. Fylkeskommunane delte så ut pengane til kommunane etter søknad.

Kulturdepartementet sender kvart år ut brev til kommunane med invitasjon til å søkje om pengar. Målformuleringane har vore så godt som like i alle år. I brevet frå 2013 heiter det:

Målet for Den Kulturelle Spaserstokken er å leggje til rette for auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren, slik at det kan utviklast gode kunst- og kulturprosjekt for eldre lokalt innan eit mangfald av sjangrar og uttrykk. Midlane skal i hovudsak nyttast til profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet, etter modell frå Den Kulturelle Skulesekken, gjerne i samarbeid med kunst- og kulturinstitusjonar, kunstnarar og andre kulturaktørar på lokalt/regionalt nivå.<sup>10</sup>

I invitasjonsbrevet frå 2014 er det gjort nokre endringar. Her heiter det:

Målet for Den Kulturelle Spaserstokken er å leggje til rette for auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren, slik at gode kunst- og kulturprosjekt for eldre lokalt, blir utvikla innan eit mangfald av sjangrar og uttrykk. Midlane skal hovudsakleg nyttast til profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet, gjerne i samarbeid med kunst- og kulturinstitusjonar, kunstnarar og andre kulturaktørar på lokalt/regionalt nivå. Nyskaping og utvikling av nye tilbod skal prioriterast.<sup>11</sup>

Det er to endringar frå 2013 til 2014. For det eine er formuleringa "etter modell frå Den Kulturelle Skulesekken" fjerna, og nytt er målformuleringa om at nyskaping og utvikling av nye tilbod skal prioriterast. Meir om dette under kap. 6.1.5.

Det er kommunane, og berre dei, som har høve til å söke om midlar frå Den Kulturelle Spaserstokken. Midlane er øyremerka, og bruken av dei skal rapporterast. Ubrukte midlar kan setjast av til fond. Midlane skal fordelast ut frå kvalitative og/eller kvantitative kriterium som kan fastsetjast av den enkelte fylkeskommune i tråd med overordna mål og prinsipp for ordninga, og nyskaping og utvikling av tilbod skal prioriterast. Frivillige organisasjonar som ynskjer å engasjere seg i dette kan samarbeide med kommunane lokalt.

Kommunalt tilrettelagte kulturtildod og -tiltak for eldre er for så vidt ikkje noko nytt. Men etter at Den Kulturelle Spaserstokken vart etablert, har slike tilbod til eldre hatt ein kraftig auke i dei fleste kommunar, både i omfang og i kvalitet. Ein viktig grunn til dette er sjølv sagt at pengane frå staten legg ein solid økonomisk botnplanke for dette arbeidet, og det gjer kommunane i stand til å bruke profesjonelle krefter i langt større omfang enn før.

---

<sup>10</sup> Det Kongelige Kulturdepartement. Likelydende brev til alle kommunene i Aust-Agder. 21.03.2013

<sup>11</sup> Det Kongelige Kulturdepartement. Likelydende brev til alle fylkeskommunar. 28.03.2014

## 2.2 Kartlegging

Som eg sa innleiingsvis, så er problemstillinga for denne oppgåva todelt: for det første å undersøke intensjonen bak opprettinga av Den Kulturelle Spaserstokken, og for det andre ei undersøking av KulturRullatoren i Kristiansand kommune.

Som empirisk grunnlag for fyrste del av problemstillinga har eg studert stortingsmeldingar, rapportar og andre dokument av politisk karakter, samt intervjuer ein tidlegare statssekretær i Kulturdepartementet.

Bakgrunnsmaterialet for andre del av problemstillinga er gjennomgang av planar, rapportar og program for KulturRullatoren. Vidare har eg sett på programma for SeniorKilden og Kristiansand Seniorkino, som begge er institusjonar som samarbeider tett med Kulturrullatoren. Men den viktigaste empirien i denne samanhengen er gruppe- og individuelle intervju med brukarar, program- og arrangementsansvarlege, samt overordna administrativt ansvarlege i kommunen og fylkeskommunen. Eg har også vore til stades som publikum på nokre KulturRullator-arrangement.

Alle intervjuer eg har gjennomført er samanfatta i kapittel 5.

### 2.2.1 Bakgrunnsrapportar

Den fyrste gongen Den Kulturelle Spaserstokken vart sett på den politiske dagsorden og nemnt i eit nasjonalt dokument var i *Stortingsmelding nr. 25 (2005-2006) Mestring, muligheter og mening. Framtidas omsorgsutfordringer*. Denne meldinga vart publisert i september 2006, kort tid etter lanseringa av spaserstokken. Under kap. 3.4 – *aktiv omsorg* – heiter det at personar med rett på omsorgstenester har rett på sosiale tiltak som bidreg til eit mest mogeleg aktivt og meiningsfullt tilvære i fellesskap med andre. Og vidare at kommunane har ansvar for å etablere velferds- og aktivitetstiltak for eldre personar med nedsett funksjonsevne og andre som har behov for det. Kulturtiltak og tilgjengeleight til kulturtilbod er eit svært viktig element i ei heilskapleg omsorgsteneste. Helse- og omsorgsdepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet har inngått samarbeid om etablering av Den Kulturelle Spaserstokken. Tiltaket skal stimulere til tverrfagleg samarbeid mellom kultursektoren og omsorgstenesta gjennom finansiering av konkrete kulturaktivitetar. Satsinga har ei klar tilknyting til kulturfagleg kompetanse. Det vil vera naturleg å vurdere løysingar og erfaringar frå Den Kulturelle

Skulesekken, for eksempel når det gjeld lokal forankring og kopling mot kommunalt nivå. Tiltaket er forankra i Kultur- og kyrkjedepartementet.<sup>12</sup> Det heiter vidare under kap. 10.3 – *kultur og omsorg* - at kulturelle uttrykk har sin eigen verdi knytt til sjølve livet. Kultur kan også gi god helse, og ha både førebyggjande og behandlande effekt. Det er like viktig at aktivitetar blir tilbode i nærmiljøet som at aktivitetar på etablerte kulturinstitusjonar blir gjort tilgjengelege. Ved å integrere kulturtildelning i helse- og velferdstenester blir tilgangen til helse- og velferdstenester auka for dei med behov for ekstra tilrettelegging.<sup>13</sup>

I *Omsorgsplan 2015* er Den Kulturelle Spaserstokken handsama i kapittel 4.2. Her heiter det at Den Kulturelle Spaserstokken skal gje brukarane av omsorgstenester eit breitt og profesjonelt kulturtildelning. Gjennom auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren skal det utviklast gode kunst- og kulturprosjekt lokalt som skal vera tilgjengeleg for eldre.<sup>14</sup>

*Den Kulturelle Spaserstokken i Trondheim kommune. Evalueringssrapport april 2002 til mai 2007.* I Trondheim vart det i 2002 starta opp eit prosjekt etter initiativ frå avdeling for helse og velferd i Trondheim kommune. Målgruppa for prosjektet var seniorar over 50 år, med særleg vekt på dei som treng tilrettelegging for å kunne nytte seg av kulturtildelning. Namnet på prosjektet skifta fleire gonger. I starten heitte det «Aktivitet i omsorgsboliger», så «Kulturpakken», seinare «Den Kulturelle Vandringssstaven» for deretter å skifte namn slik at det blei likt det nasjonale namnet «Den Kulturelle Spaserstokken».<sup>15</sup> Den Kulturelle Spaserstokken er brukt konsekvent i evalueringssrapporten frå Trondheim kommune, men denne kom altså ut etter St.meld nr. 25, der Den Kulturelle Spaserstokken fyrste gongen er nemnt. I denne stortingsmeldinga er *ikkje* Trondheimsmodellen nemnt eksplisitt, i staden er det mellom anna referert til eit prosjekt i Sandefjord.<sup>16</sup>

Trondheimsprosjektet vart oppfatta som å ha oppnådd gode resultat på ei rekke delområde. Evalueringssrapporten nemnt i førre avsnitt konkluderer slik:

---

<sup>12</sup> Helse- og omsorgsdepartementet (2005-2006) s 19

<sup>13</sup> Helse- og omsorgsdepartementet (2005-2006) s 100-101

<sup>14</sup> Helse- og omsorgsdepartementet (2007-2008) s 12

<sup>15</sup> Trondheim kommune (2007) s 9

<sup>16</sup> Helse- og omsorgsdepartementet (2005-2006) s 101

Det er brei semje om at Den Kulturelle Spaserstokken har vore ein suksess. Arrangørane har nådd ut, fått med fleire deltakarar, nytta fleire arenaer og sett i gong fleire arrangement.<sup>17</sup>

Det vart også implementert tiltak kor dei eldre ikkje berre var mottakarar av kultur, men også var med på å skape kultur. Døme på dette er «Seniorteateret» og «Danseteateret 55+», begge med seniorar som utøvarar og profesjonelle instruktørar. Rapporten peikar også på utfordringar. For å lukkast betre i å kunne motverke einsemd må ein ha større fokus på målgruppa heimebuande isolerte seniorar, dei utan nære slektingar, spesielt menn, seniorar med innvandrarbakgrunn og personar med begynnande kognitiv svikt. Alt i alt har evalueringa vist at satsinga på seniorkultur har vore vellukka. Sosial stimulans og kunst- og kulturopplevingar kan gje auka velvære, og framelske livslysta hjå oss menneske.<sup>18</sup>

Inkluderingsmeldinga, *Kultur, inkludering og deltaking*, vart lagt fram av regjeringa Stoltenberg i 2011. I kap 7.7 er Den Kulturelle Spaserstokken nemnt, og det blir vist til Stortingsmelding nr. 25, *Mestring, muligheter og mening* (2005-2006). Det ligg ingen føringar om meir statlege midlar til spaserstokken i dette dokumentet. Men det står at midlane skal nyttast til profesjonell kunst- og kulturformidling etter modell frå Den Kulturelle Skulesekken.<sup>19</sup>

Neste politiske dokument kor dette temaet er handsama er i *Kulturløftet II*.<sup>20</sup> Under punkt 11, kultur hele livet, heiter det: «Tredoble satsinga på Den Kulturelle Spaserstokken og gjera satsinga permanent».

*Kulturutredningen 2014, kap 11.16.*<sup>21</sup> Denne inneheld status for arbeidet med Den Kulturelle Spaserstokken, men peikar ikkje ut nye mål. Under tilrådingar er heller ikkje spaserstokken nemnt spesifikt som eit område der det trengst eit lokalt kulturløft. Det som er interessant, er at målformuleringa "etter modell frå Den Kulturelle Skulesekken" er teken vekk. Meir om dette under pkt. 6.1.5.

Statens seniorråd har i dokumentet *Seniorpolitiske utfordringer 2006-2009*<sup>22</sup> peika på behovet for auka tilgang til kulturopplevingar for eldre. Rådet var positive til etableringa av Den Kulturelle Spaserstokken, men meiner at det i tillegg må setjast av midlar til tiltak

---

<sup>17</sup> Trondheim kommune (2007) s 41

<sup>18</sup> Trondheim kommune (2002) s 6-7

<sup>19</sup> Det Kongelege Kulturdepartement (2011-2012) s 87

<sup>20</sup> Kulturdepartementet (2011-2012) s 2

<sup>21</sup> Kulturdepartementet (2013) s 212

<sup>22</sup> Statens Seniorråd (2006) s14-15

for eldre i lokalsamfunna. Dei føreslår at delar av overskotet i Norsk Tipping AS må øyremerkast til lokale kulturtiltak for eldre som ei varig ordning, der Den Kulturelle Spaserstokken kan inngå.

## 2.2.2 KulturRullatoren

Kristiansand kommune starta opp eit prosjekt med samordning av kulturtiltak for eldre i 2005/2006. Inntil då hadde slike tiltak i kommunal regi vore sporadiske og fragmenterte, og det var stort sett opp til styrarane på dei enkelte institusjonane å ta initiativ. Eller det var menigheter, musikkorps og andre som sjølv tok kontakt, og som stilte opp frivillig.

KulturRullatoren starta opp hausten 2006, og den vart lansert få dagar før dåverande statsminister Jens Stoltenberg presenterte Den Kulturelle Spaserstokken på nasjonalt nivå. I Kristiansand er dei er stolte av at KulturRullatoren kom før Spaserstokken. Tidlegare statssekretær Mette Gundersen i Kulturdepartementet uttaler:

Arbeidarpartiet i Kristiansand hadde KulturRullatoren inne i programmet i denne kommunevalperioden (2003-2007). Når KulturRullatoren er forankra i helsesektoren her i kommunen, så er det også takka vere at Arbeidarpartiet hadde det som valkampsak i 2007, og fekk lagt det inn i helse- og sosialbudsjettet.<sup>23</sup>

Planlegginga av det nye konsert- og teaterhuset Kilden var i gang, og i det politiske miljøet i Kristiansand var dei opptekne av å få kulturen ut til alle dei som av ymse grunnar ikkje kunne oppsøkje Kilden sjølve. Den fyrste søknaden om statsstøtte vart sendt 15.09.2008.<sup>24</sup> I denne søknaden står det at Kristiansand KulturRullator er ein flyttbar kulturformidlar, ei nyskaping der dei prøver å tilretteleggje kulturopplevingar for personar som ikkje sjølv kan oppsøkje kulturtilboda. I alt vart det søkt om støtte til 9 ulike tiltak dette året, og statlege spaserstokkmidlar vart innvilga. Det vart ikkje gjort noko formelt politisk vedtak i kommunen om å opprette Rullatoren, berre ei munnleg orientering til helse- og sosialstyret. Kommunen valde å la helse- og omsorgssektoren ta seg av dette tiltaket fordi det allereie var diverse arrangement på eit av dagsentra i byen, og det var ein person der som var med og tok initiativet til å få Rullatoren i gang. Dei kommunalt tilrettelagte kulturtiltaka kom inn i meir faste former koordinert sentralt. Kulturdirektøren i Kristiansand seier at det nok var litt tilfeldig at det var ein av dei tilsette i helse- og sosialsektoren tok initiativet til KulturRullatoren.<sup>25</sup> Det var ingen diskusjon internt i kommunen om kor dette skulle

---

<sup>23</sup> Gundersen intervju 20.11.2014

<sup>24</sup> Kristiansand kommune (2008)

<sup>25</sup> Sorthe intervju 04.11.2014

forankrast. KulturRullatoren er ikkje nedfelt i kulturstrategien for Kristiansand kommune. Kulturstrategien er eit plandokument der det vert peika på visse overordna satsingsområde, medan Rullatoren er meir eit enkelttiltak.

I starten var målet for KulturRullatoren eit arrangement pr. institusjon pr. månad. Sjefen og «gründeren» Leif Emanuelsen fortel:

Det begynte eigentleg med at det kom ein kar ned på kontoret mitt og sa han syntes det var därleg stelt med underhaldning for eldre, det var stort sett berre religiøse møte og slike ting. Kva skal vi gjera med det? Det gav meg påtrykk til å ta initiativ til ein prat med styrarane på dei forskjellige institusjonane her i byen. Det som skjedde på institusjonane på denne tida var sporadiske ting. Det var menigheter og andre som sjølv tok initiativet og som stilte opp frivillig. Ære vere dei for det. Styrarane hadde meir enn nok av andre oppgåver enn å organisere underhaldning. Eg spurde difor styrarane om kva dei gjorde og kor mykje pengar dei hadde. Kvar institusjon hadde 3500 kr til dette føremålet. Det heldt stort sett til ein kveld eller eit arrangement i året. Kanskje kom det ein omreisande trubadur med gitar som selde ein CD etterpå. Så sa eg at dersom eg kunne få desse pengane, så skulle dei få det dobbelte igjen i form av kulturtildelning. Eg var leiar for eldrenesta på den tida og drog dette i gang. Vi sette oss som mål at det skulle bli eit arrangement per institusjon per månad. Eg reiste rundt og inviterte det som var i nærmiljøet rundt institusjonane; skular, barnehagar og lokale kor og korps; og samla dei ein ettermiddag og spurde om dei kunne bli med. Skulane var kanskje dei vanskelegaste, fordi dei hadde ikkje pengar til noko som helst. Barnehagane var nok meir positive. Etterpå tok eg kontakt med musikkskulen, og spurde om dei kunne ta ein time eller ei øving i månaden på ein institusjon. Somme tende på dette og syntes det var moro. Neste bok var Kristiansand Symfoniorkester. Der var eg i fire-fem forskjellige personalmøte og la det fram. Etter tredje forsøk var det ein som tende på dette og ballen begynte å rulle. Det begynte å kome initiativ også fra orkesteret om å reise litt rundt å oppstre. Men kontaktane må pleia og dei må haldast varme. Dette med lokale kor har eg endå ikkje greidd å få ordentleg sving på. Det kjem av og til henvendelsar frå kor som kombinerer det med ein tur, eller legg kveldens øving til ein institusjon. Det viktigaste er at det skjer noko, at det bli liv og røre på avdelingane. Ein gong engasjerte eg ein saksofonist for ein periode som gjekk rundt på romma og i gangane og spelte nær sagt heile dagen. Dette gjorde noko med både dei eldre og personalet.<sup>26</sup>

Etter eit halvt år med KulturRullatoren tok det heilt av, og det vart kjempepopulært. I starten var planen å ringje rundt til folk for å høyre om dei ville bli med. Det motsette skjedde, vi vart etter kvart nedringde av folk som gjerne ville inn. Det å vera med som utøvar i KulturRullatoren ser ut til å ha fått status blant både profesjonelle og amatørar, dei opplever det som god marknadsføring. Vi opplever nærliek og kontakt med publikum, kanskje i større grad enn i andre samanhengar. Dei som fyrst er komne inn i Rullatoren som utøvarar vil gjerne halde fram, og dei er stort sett veldig stabile.<sup>27</sup>

Med statlege spaserstokkpengar på plass vart det økonomiske fundamentet meir trygt, og KulturRullatoren voks i både kvaantitet og kvalitet. Staben som la programmet vart styrka frå ein til to personar. I 2008 fekk kommunen 500 000 kr frå staten. I 2013 var beløpet oppe i 562 000 kr, men i 2015 er det redusert til ca. 530 000 kr. Kommunen yter også

---

<sup>26</sup> Emanuelsen intervju 19.11.2014

<sup>27</sup> Korsvik intervju 12.01.2015

pengar til KulturRullatoren gjennom Eldresentertenesta sitt budsjett, som kjem i tillegg til dei statlege løyvingane.

KulturRullatoren i Kristiansand har som målsetjing:

- Å auke den mentale stimulansen for institusjonsbebarane
- Å samle det frivillige og profesjonelle kulturlivet til «kulturomsorg»
- Å leggje til rette for kultur på tvers av generasjonar

Dessutan vil KulturRullatoren at møtestadene skal vera på eldreinstitusjonar, og i tradisjonelle rom kor kulturen blir framført.<sup>28</sup>

Kvart halvår blir det laga eit program der alle tilboda er samla. Dei to som jobbar med KulturRullatoren til dagleg lagar programmet. Det er ingen form for programkomité kor eldreråd eller liknande er med. Programmet blir presentert for kommunens eldreråd, helse- og sosialstyret og bystyret. Dei har ikkje opplevd å få innvendingar på program-, sjanger- eller artistval.

KulturRullatoren ynskjer i stor grad å nytte seg av det lokale kulturmiljøet og lokale kulturinstitusjonar, men i tillegg vil dei gjerne kople seg opp mot allereie etablerte kulturarrangement. KulturRullatoren ynskjer kultur som samlar menneske på tvers av generasjonar, og møteplassane er eldreinstitusjonane og tradisjonelle rom kor kulturen blir formidla. Ein prøver heile tida å blande frivilligheit, profesionalitet og amatørskap.

I Kristiansand finst det mange aktuelle aktørar å samarbeide med, mellom anna ulike festivalar. Ein periode samarbeidde dei med både Kirkefestspillene og Christiansand String Swing Festival. Dette førte til at dei kunne engasjere folk som dei elles ikkje ville ha makta å få til byen. Dei samarbeider med kinoen om å tilby seniorkino. Dei håpar også å få til eit betre samarbeid med kunsthallen. Sjefen for Rullatoren fortel vidare:

Ein gong engasjerte vi ei gruppe frå Latvia i samband med ein matfestival her i byen. Det var ei gruppe som spelte litt jazzifisert folkemusikk. Vi var litt skeptiske, men det viste seg å bli godt tatt imot. Dette fortel oss noko om verdien av mangfold. Du treffer nokon med noko. Vi som er friske og raske vel jo sjølv kva vi vil gå på. Det same bør også gjelde dei som er på institusjon. Dei bør også kunne kjenne på om dei har lyst eller ikkje. Ikkje slik som tidlegare når alle kom når det endeleg skjedde noko.<sup>29</sup>

---

<sup>28</sup> Kristiansand KulturRullator (2014)

<sup>29</sup> Emanuela intervju 19.11.2014

Hausten 2011 opna konsert- og teaterhuset Kilden. Her har KulturRullatoren fått til eit samarbeid om program og artistar som kjem til byen i Kildens regi.

Eg har gjennomgått ti semesterprogram for KulturRullatoren f. o. m. våren 2010 t. o. m. hausten 2014. Konsertar er den dominerande sjangeren, KulturRullatoren hadde til dømes våren 2014 i alt 350 små og store konsertar. Andre typar arrangement er foredrag og filmvisningar, enten seniorkino eller lokalhistoriske filmar. Det føregår også eigenaktivitet som trim, dans og strikking, men desse blir arrangerte og finansierte av andre.

KulturRullatoren er som oftast sjølv arrangør, men samarbeider av og til med andre institusjonar. Følgjande har vore arrangørar eller medarrangørar: Kongens Senter (kommunalt dagsenter som bl. a. arrangerer dans), Frelsesarmeen, Kirkefestspillene, Eldreakademiet, Kristiansand kino, frivillighetssentralane, Folkeakademiet, Folkeuniversitet, Civitan Club Teresa, Domkirken og Agder bispedømme, konsert- og teaterhuset Kilden, Senioruniversitetet, Pensjonistforeningen og Berges Hus. Alle arrangementa inngår i semesterprogrammet for KulturRullatoren, både eigne arrangement og dei som andre har arrangøransvaret for, som t.d. trim og strikking. Talet på arrangement har, med visse svingingar, stabilisert seg på gjennomsnittleg i overkant av 400 pr. halvår.

Mangfold er eit nøkkelord. Dei har hatt dans, ballett, bygdekino, lysbilete, kåseri; stort sett alt innan song og musikk i dei fleste sjangrane og stilartane. I tillegg har dei eigenaktivitet, for eksempel strikking. Og det er jo både kultur og folkehelse.

Svært viktig i denne samanhengen er at folk kjem seg opp or senga eller godstolen, får stelt seg og kome seg i veg for å bli med på arrangementet eller aktiviteten. Det er også folkehelse. Og samarbeidet med Senioruniversitetet er veldig bra for dei som vil trimme hjerneckellene sine. Mange eldre seier at det er viktig at det skjer noko på dagtid når det er trygt å gå ut.<sup>30</sup>

Program for KulturRullatoren i tabellform, sjå vedlegg 1.

### 2.2.3 SeniorKilden

SeniorKilden er ein viktig samarbeidspartner for KulturRullatoren. SeniorKilden held til på Kilden Teater- og Konserthus, og det er Kilden Kulturdrift som står for denne. Då drifta av konsert- og teaterhuset Kilden starta opp hausten 2011, hadde administrerande direktør Bentein Baardson ein idé om å prøve å få til noko for dei over 60, på dagtid. Dei tok kontakt med leiaren for KulturRullatoren, og samarbeidet vart fort etablert. Kilden

---

<sup>30</sup> Intervju Emanuelsen 19.11.2014

opna offisielt 6. januar 2012, men den fyrste SeniorKilden-førestillinga fann stad i foajeen i oktober 2011. SeniorKilden samarbeider med KulturRullatoren om program, men dei er sjølvfinansierande og får ikkje økonomisk støtte frå Rullatoren. Tysdagar kl 12.00 er det opne konsertar eller andre arrangement i Kilden. Somme arrangement er gratis, men stort sett kostar dei frå 50 kr og oppover. Seniorkoret Sølvstrupene øver i Kilden tysdagar kl. 09.30 til 11.00, og dei utgjer naturleg nok nok ein stor del av publikum på konsertane.

Sjefen for KulturRullatoren uttaler:

Eg tvilar på om vi hadde kome inn i Kilden på det tidspunktet vi gjorde dersom vi ikkje hadde vore så synlege. Vi hadde arrangement i foajeen før den offisielle opninga. Det var knallsuksess, og dei måtte skaffe mange ekstra stolar.<sup>31</sup>

Kilden Kulturdrift, som primært er ein formidlar av eksterne produksjonar, lagar programmet for SeniorKilden. Det er svært mange aktørar som gjerne vil inn og presentere sine ting, så det ikkje noko problem å få fylt opp eit program. Aller først blir dei produksjonane som Agder Teater, Kristiansand Symfoniorkester, Opera Sør og Kilden Dialog har planlagt programmert inn, og så blir det komplettert med andre ting til slutt. SeniorKilden har også møte med dei som styrer KulturRullatoren for å samordne.

Ei viktig nyvinning i samarbeidet mellom Kilden og KulturRullatoren er *streaming* av arrangement, altså overføring av konsertar i Kilden på storskjerm. Kilden strøymer musikken ut til institusjonane via eit lukka nett. Dette gir høg kvalitet, men like viktig er det at det blir ei slags forlenging av konsertsalane. Eit omsorgssenter i byen har fått dette på plass, og det blir jobba med å utvide det. Dette er eit godt eksempel på korleis ein kan gjera kulturen tilgjengeleg for dei eldre. No kan dei pårørande besøke sin gamle far eller si gamle mor og få kjensla av å vera publikum som i ein ordentleg konsertsal. Ein opnar førestillingar og konsertar for menneske som elles ville ha hatt vanskar med å ta del i desse kulturopplevingane.

Takka vera teknologien er det no mogeleg å nå ut over kommunens grenser med dette tilbodet. Bergens Tidende skreiv om *Harmonien på nett i januar* i ein artikkel 09.12.2014.<sup>32</sup> Bergensarane har lete seg inspirere av ideen om å strøyme konsertar til omsorgsinstitasjonar, og dei jobbar med å få til det same i Bergen.

---

<sup>31</sup> Emanuelsen intervju 19.11.2014

<sup>32</sup> Bergens Tidende (2014)

Eg har studert halvårsprogramma for SeniorKilden frå hausten 2011 t. o. m. hausten 2014.

Dei gir ut ein eigen programfolder, og er i tillegg representert i Rullatorprogrammet.

Konsertar dominerer også på SeniorKilden, i tillegg til teater/opplesing, foredrag om lokalhistorie og film/multimedia.

Program for SeniorKilden i tabellform, sjå vedlegg 2.

## 2.2.4 Seniorkino

Kristiansand kino er også ein viktig samarbeidspartner. Kinoen har regelmessig Seniorkino på føremiddagstid, og dette inngår i programmet for KulturRullatoren. Programmet for dei to siste åra viser at dei har så å seie berre filmar av nyare dato, d.v.s. filmar som elles er på plakaten. Kinoleiinga seier at folk er nøgde med dette, dei får aldri spørsmål om filmklassikarar av eldre årgang. Det er vanleg honnørrabatt på Seniorkino. Seniorkino får heller ikkje økonomisk støtte frå KulturRullatoren, men inngår i programmet på line med SeniorKilden sine arrangement.

### 3 Teoretiske perspektiv

I dette kapittelet vil eg, med utgangspunkt i problemstillinga, sjå nærmere på relevante teoretiske tilnærmingar til temaet eldre og kulturbruk i form av faglitteratur og forsking som er gjort. Teorien som blir presentert her vil så bli knytt nærmere til det empiriske materialet mitt i analysedelen av oppgåva. Innleiingsvis vil eg ta for meg tre sentrale omgrep i føremålsparagrafen for Den Kulturelle Spaserstokken, nemleg *kultur*, *kvalitet* og *dei eldre*.

#### 3.1 Sentrale omgrep innan Den Kulturelle Spaserstokken

##### 3.1.1 Kulturomgrepet

Kultur er eit fleirtydig omgrep. Kva tyder ordet «kultur»? Ein av fleire mogelege måtar å skape oversikt på kan vera å skilje mellom følgjande tre hovudtypar:

1. Det kvalitative, verdiorienterte eller humanistiske kulturomgrepet
2. Det samfunnsvitskaplege, kulturrelative eller beskrivande kulturomgrepet
3. Det utvida eller kulturpolitiske kulturomgrepet<sup>33</sup>

**1. Det humanistiske kulturomgrepet**, formulert av mellom andre kulturkritikar Matthew Arnold på 1800-tallet, forstår kultur som ”det beste som har vore tenkt og sagt”, kor danningsaspektet ved kulturen blir viktig, og kulturomgrepet legitimerer diskusjonar om høg- og lågkultur. Kulturforskar Per Mangset kallar det ”Det kvalitative, verdiorienterte eller humanistiske kulturomgrepet». Med dette siktet han til ei kulturforståing som skil mellom kultur og ukultur. Det blir då teke i bruk ein verdimålestokk som kulturens verdi kan målast langs.<sup>34</sup>

**2. Det samfunnsvitskaplege kulturomgrepet** forstår kultur som eit fellesskap av idear, verdiar og normer som eit samfunn har, og som dei forsøkjer å føre vidare til komande generasjonar. Når ein ser på kultur på denne måten, er kultur eit aspekt – ei side – ved alle

---

<sup>33</sup> Mangset (1992) s 17

<sup>34</sup> Mangset (1992) s 17

samfunnets aktiviteter. Ein brukar kulturomgrepet om lag i same tyding som sivilisasjon eller livsform.<sup>35</sup>

**3. Det utvida eller kulturpolitiske kulturomgrepet** oppsto her i landet omkring 1970, og var mellom anna basert på ei erkjenning av at den tradisjonelle kulturen først og fremst er kulturen til ein sosial elite. Etter kvart slo det synet igjennom at ein moderne kulturpolitikk også burde omfatte livet til folk flest, slik det verkeleg blir levd. I tillegg til konsert- og teaterbesøk burde kulturpolitikken også omfatte fritidsaktivitetar, foreningsliv og idrett.<sup>36</sup>

Kulturformidling har vore ei viktig oppgåve for staten sidan førre hundreår. Lenge har offentleg kulturpolitikk teke utgangspunkt i det kvalitative eller humanistiske kulturomgrepet. Innan kulturpolitikken har det herska tru på at alle menneske bør ha tilgang til kunst og kultur av høg kvalitet. Det har blitt trekt skilje mellom kultur av høg og kultur av låg kvalitet, mellom det høgverdige og det folkelege. Etter den andre verdskrigen vart det sett i verk tiltak som skulle vera med og spreie kulturen til folket og gje kvar ein krok i Noreg tilgang på kultur. Gjennom etableringa av riksinstasjonane Rikskonsertane, Riksteatret og Riksutstillingar, og gjennom etableringa av Norsk Kulturråd,<sup>37</sup> vart kunst- og kulturuttrykk spreidde over heile landet. Ved hjelp av kunstformidlinga var det fleire kulturpolitiske mål ein ynskte å oppnå. Eit av måla var å begrense sentraliseringa av kulturtildelninga. Folkeopplysninga sto sterkt, og i dei seinaste tiåra har tanken om kulturell utjamning vore sentral. Den baserer seg på føresetnaden om at det eksisterer en dominerande kultur som ikkje alle har lik tilgang til eller forståing av. Eit sentralt moment i kulturpolitikken frå etterkrigstida var at det skulle vera produksjonar av høg kvalitet. Den høgverdige kulturen skulle demokratiserast, den skulle ut til folket.

Dette humanistiske eller verdiorienterte kulturomgrepet som var rådande i etterkrigstidas kulturpolitikk står ofte i motsetnad til eit breitt kulturomgrep, ofte kalla det utvida kulturomgrepet. Dette omfatta også kulturindustrien, frivillige organisasjonar og idrett. Dessutan innebar det ei desentralisering av kulturen, det vil seie at ein skulle ta på alvor kulturen slik den faktisk vart levd rundt om i bygd og by, og det innebar ei oppvurdering av amatørkulturen.

---

<sup>35</sup> Mangset (1992) s 18

<sup>36</sup> Mangset (1992) s 20

<sup>37</sup> Kulturdepartementet (2013) s 13

På 2000-talet, og spesielt etter 2005, har trykket i kulturpolitikken liggje på å bygge opp den kulturelle infrastrukturen i samfunnet. Mykje har dreia seg om å auke produksjonen av kunst og kultur, om auka fokus på aktivitetar som kjem publikum til gode, og om forsterka vektlegging på kunstnarleg og fagleg kvalitet.<sup>38</sup> Gjennom Kulturløftet I og II i perioden 2005-2013 gjekk mykje av veksten i kulturbudsjetta til dei nasjonale scenekunst-institusjonane. Gjennom Den Kulturelle Skulesekken skal alle grunnskuleelevar i landet få oppleva og ta del i profesjonell kunst og kultur innan alle sjangrar og uttrykk. Noko av det same er tilfellet når det gjeld Den Kulturelle Spaserstokken, der det heiter at dei eldre skal få eit kulturtilbod som held høg, profesjonell, kulturfagleg kvalitet, gjerne i samarbeid med kunst- og kulturinstitusjonar, kunstnarar og andre kulturaktørar på lokalt eller regionalt nivå.

### 3.1.2 Kvalitet som omgrep

Både kunst og kvalitet er omgrep kor meiningsinnhaldet kan seiast å vera kontekstuelt og i endring over tid. Kvalitet (lat. *qualitas* – eigenskap)<sup>39</sup> kan ut frå dette kallast eit tomt omgrep som må fyllast med meinung. Korleis kvalitet skal målast og forståast, må sjåast ut frå den samanhengen det blir brukt i. Nokre område har relativt faste og målbare kriterier for tilstrekkeleg kvalitet, andre område er vanskelig definerbare. Kvalitet og kva som skal kategoriserast som god kvalitet, blir stadig diskutert. Kva som er god kvalitet på til dømes kunstfeltet er noko som engasjerer. Mange vil hevde at korleis vi vurderer kvalitet ikkje berre kjem an på kva vi ser eller høyrer på, men det kjem også an på kva vi kan om det vi ser eller høyrer på. Dette er ofte en del av vår tause kunnskap.

I boka *The Politics for Culture*<sup>40</sup> skriv Minura Mirza at kulturpolitikken i vår moderne tid har historisk sett henta legitimitet frå universalismen. Kulturpolitikkens autoritet kan ikkje berre basere seg på vilkårleg, individuell og privat smak, men meir objektive kriterier for kva som er god eller dårlig smak. Implisitt i dette ligg at kultur er noko ein kultiverer gjennom læring, refleksjon og opplevingsmessig og intellektuelt engasjement, heller enn noko ein er fødd med eller absorberer gjennom å vekse opp i eit lokalsamfunn. Det uttalte føremålet til ein universell kulturpolitikk er å ta del i «det beste», og at menneska skal dele universell kvalitet som er heva over etniske eller kulturelle grupperingar.

---

<sup>38</sup> Kulturdepartementet (2013) s 19

<sup>39</sup> Nynorskordboka. Om *kvalitet*. UIO & Språkrådet 2010. <http://www.nobordbok.uio.no/perl/ordbok.cgi?OPP=+kvalitet&nynorsk=+&ordbok=nynorsk>

<sup>40</sup> Mirza(2012) s 293

St. meld. nr. 8, *Kulturell skulesekk for framtida*, seier følgjande om kvalitet:

Kvalitet er difor heller ikkje eit statisk omgrep. Det finst ikkje eit einskilt sett av alltid gyldige kriterium for kvalitet, men det finst ei rad relevante kunstnarlege eller kulturfaglege kriterium som kan kombinerast på ulike måtar, og som til og med kan stå i motsetnad til kvarandre. Kvalitet er eit avgjerande kriterium for om eit kulturtiltak skal bli prioriterte i den statlege kulturpolitikken.<sup>41</sup>

Kulturutredningen 2014 skriv følgjande om kvalitet og kunnskap:

Etter utvalets syn er det ei viktig utfordring i kulturpolitikken framover å utvikle omgrep og metodar for kvalitetsvurdering, og å utvikle ordningar som gjer at kvalitetsvurderingane kan inngå som eit element i eigarstyringa av kulturverksemder innan ulike kulturfelt.<sup>42</sup>

Utvalet meiner at omgrepet kvalitet må stå sentralt i kulturpolitikken, og at kvalitetsvurderingar av kunst og kultur bør få ein viktigare plass i kulturpolitikken enn den har hatt til no. Dette er basert på ei oppfatning om at det er mogeleg at ein i kulturpolitisk samanheng trekkjer skilje mellom god og dårlig kunst og kultur. Men etter utvalets syn går ikkje desse skilja mellom kunstartar, sjangrar og uttrykksformer – dei går på tvers av dei. For å ta musikk som eksempel, kan ein i tråd med dette snakke om god eller dårlig klassisk musikk, god eller dårlig rock, god eller dårlig folkemusikk, men ikkje rangere desse sjangrane i eit kvalitetshierarki.<sup>43</sup>

Ofte talar vi om kvalitet synonymt med god kvalitet. Høg kvalitet refererer til eit ynskt mål. Kvalitet er eit omgrep som blir brukt mykje i daglegtale så vel som i faglige samanhengar. Dersom vi dreg ei line frå Mirzas universalisme og til Kulturutredningen 2014, ser vi at det eksisterer ei tru på at det går an å lære å skilje mellom godt og dårlig, mellom kvalitet og ikkje-kvalitet. Sansen for god kvalitet er noko ein internaliserer gjennom læring, refleksjon og opplevingsmessig og intellektuelt engasjement. Når ein snakkar om høg, profesjonell kvalitet i samband med Den Kulturelle Spaserstokken, så handlar det om ei allmenn forståing for at profesjonelt fagutdanna utøvarar innan kunst og kultur som kan faget sitt også borgar for kvalitet, og at også dei eldre får tilgang til kunst og kultur på profesjonelt nivå.

### 3.1.3 Omgrepet «dei eldre»

Kva meiner vi med alderdom? Store Medisinske Leksikon definerer det slik (mi omsetjing til nynorsk):

Alderdom, den fasen i livet då mennesket i større eller mindre grad er prega av at aldringsprosessen svekkjer organismen. Menneskets normale livsløp kan delast inn i tre periodar: oppvekst, moden alder og alderdom. Alderdommen og aldringsprosessen kan

---

<sup>41</sup> Kultur- og kyrkjedepartementet (2007-2008) s 11

<sup>42</sup> Kulturdepartementet (2013) s 20

<sup>43</sup> Kulturdepartementet (2013) s 60

vanskeleg beskrivast ut frå kronologisk alder fordi den er individuell. Likevel brukar vi ord som eldre og gamal, og meiner med det at aldringsprosessen er så uttalt ved ein viss alder at ein kan klassifisere grupper av menneske deretter. Aldring kan beskrivast som tiltakande funksjonstap av kroppens vev og organ gjennom åra. I tillegg ser det også ut til at fysisk og mental aktivitet og eit positivt syn på livet har ein positiv effekt på livslengda, slik det er skildra i boka «*Vitality and Aging*» av dei to kjende amerikanske gerontologane Lawrence Crapo og James Fries.<sup>44</sup>

Det er to måtar å operasjonalisere omgrepene «eldre» på. Den eine er knytt til pensjonsalder eller kronologisk alder. Den gjeldande pensjonsalderen i Noreg er i dag 67 år. Mellom 67 og 70 år er det fleksibel pensjonsalder i folketrygda, og ein held fram med å tene opp pensjonspoeng fram til fylte 70 år ved å fortsetja i arbeid. Fleksibel pensjonering før fylte 67 år blir ivaretakket ved avtalefesta pensjon (AFP), som gir høve til å gå av med pensjon frå fylte 62 år. Vidare veit vi at somme arbeidstakargrupper med særaldersgrense pensjonerer seg før dei er 60 år, medan andre er i jobb til langt opp i 70-åra.

Den andre måten er å knytte omgrepene «eldre» til grad av pleiebehov eller behov for tilrettelegging. I *Stortingsmelding nr. 25, Mestring, muligheter og mening*, er det klåre føringar om ansvar for aktivitet og sosiale tiltak for eldre. Den Kulturelle Spaserstokken er nemnt under kapittelet *Aktiv omsorg*.<sup>45</sup>

- *Retten til sosiale tiltak som bidreg til eit mest mogeleg aktivt og meiningsfylt tilvære i fellesskap med andre.* Og vidare:
- *Etablere velferds- og miljøtiltak for eldre personar med nedsett funksjonsevne og andre som har behov for det.*

## 3.2 Forsking og faglitteratur

Det viser seg at det er forska relativt lite på temaet kulturbruk blant eldre menneske, og tilfanget av relevant faglitteratur er heller ikkje imponerande stort.

Eg startar dette kapittelet med å sjå på omgrepa instrumentalitet og eigenverdi i kulturpolitisk samanheng. Eg held fram med ein presentasjon av statistikk over kulturbruk blant eldre i relasjon til kulturbruken i befolkninga generelt. Så undersøkjer eg kva som kjenneteiknar publikum, og korleis det kan studerast med spesielt fokus på samanhengar mellom alder og kulturbruk. Vidare tek eg for meg sosial ulikskap i

---

<sup>44</sup> Store Medisinske Leksikon, om alderdom. <https://sml.snl.no/alderdom>

<sup>45</sup> Helse- og omsorgsdepartementet (2005-2006) s 19

kulturbruk og deltaking. Deretter ulike aspekt ved bruk av kultur som middel til å oppnå betre helse. Og avslutningsvis litt om kva slags påverknad auka kjøpekraft har for personleg identitet og konsumvanar blant eldre, og dermed valfridom og mogelegeheiter for å definere sin eigen livsstil i alderdomen.

All kulturpolitikk er instrumentell, hevdar kulturforskar Geir Vestheim i ein artikkel i KulturSverige 2009. Vestheim argumenterer for at tanken om ein ikkje-instrumentell kulturpolitikk er ulogisk. Det finst berre ulike instrumentelle motiv innan kulturpolitikken. Utgangspunktet er at når eit samfunnsområde blir gjenstand for offentleg politikk, så blir aktivitetane og resultatet av dei instrumentaliserte, d. v. s. at dei tener som reiskap eller instrument for å oppnå effektar som er bortafor sjølve aktiviteten og som vender seg til bestemte grupper i samfunnet. Ideen om kulturens eller kunstens eigenverdi er ulogisk, hevdar Vestheim. Politisk sett har kulturen ingen isolert eigenverdi, han har berre verdi i forhold til enkeltmennesket som individ, publikum eller samfunnsborgar.<sup>46</sup>

I artikkelen *Om eigenverdi – et forsøk på kritisk begrepsanalyse* – hevdar forskar Ole Marius Hylland at eigenverdi er i utgangspunktet uttrykk for den verdien som kan tilskrivast noko i og for seg sjølv.<sup>47</sup> Det som har eigenverdi, treng ikkje ytterlegare legitimering av om det er viktig eller verdifullt. Eigenverdi blir gjerne definert i opposisjon til ein verdi som ligg utanfor objektet. Ein eigenverdi er motsett av ein instrumentell verdi, og er eit mål i seg sjølv, ikkje eit middel. På engelsk står *intrinsic value* – eller ibuande verdi – i motsetnad til *extrinsic value* – eller utanforliggjande verdi. *Ikkje-instrumentell verdi* er den mest dekkjande definisjonen av korleis omgrepet eigenverdi blir brukt kulturpolitisk. Hylland viser til at i dei seinare åra har dei aller fleste politiske partia nytta eigenverdiomgrepet til å argumentere for kor viktig og nødvendig kulturen er. Partia knyter si eiga oppfatning av ein best mogeleg kulturpolitikk til kulturens eigenverdi.<sup>48</sup>

I *Norsk Kultubarometer 2012*<sup>49</sup> la Statistisk Sentralbyrå fram hovudresultata frå ei landsomfattande undersøking om folks kulturbruk i 2012. Publikasjonen er ein oppfølgjar av tidlegare barometer, og dokumenterer aukande kulturbruk blant eldre.

---

<sup>46</sup> Vestheim (2009) s 56-57

<sup>47</sup> Hylland (2009) s 10

<sup>48</sup> Hylland (2009) s 12

<sup>49</sup> Statistisk Sentralbyrå (2013) <http://www.ssb.no/kulturbar/>

Aldersgruppa 67-79 år har størst andel brukarar av kunstutstillingar, opera- og teaterførestillingar. Det er også blant dei eldre at det har vore størst auke i kulturbruken totalt sett frå 1991 til 2012. Medan 10 prosent i aldersgruppa 67-79 år var på kino i 1991, var andelen tredobla i 2012 og utgjorde 32 prosent. Tilsvarande tal for teater/musikal/revy er frå 23 til 39 prosent. For konsertar frå 31 til 48 prosent i same periode. Også for kunstutstilling, museum og bibliotek er det auke.

Folk over 67 år går sjeldnare på kino enn gjennomsnittet av befolkninga. Det same gjeld til ein viss grad konsertar, kulturfestivalar og festspel. På den andre sida er opera og kunstutstilling dei kategoriane der dei eldre over 67 år er påtakleg meir aktive enn gjennomsnittet.

*Tabell 1.* Prosentvis andel av befolkninga som har vore på eller besøkt ulike kulturtildob ein eller fleire gonger dei siste 12 månadene. Alle (9-79 år) samanlikna med eldre (67-79 år), og 1991 samanlikna med 2012.

	Alle		67-79 år	
	1991	2012	1991	2012
Kino	58	67	10	32
Teater/musikal/revy	44	45	23	39
Opera/operette	5	8	5	14
Konsertar	48	61	31	48
Ballett/danseforestilling	8	14	3	9
Kunstutstilling	41	38	30	47
Museum	41	41	32	40
Folkebibliotek	49	49	29	47
Kulturfestival/festspel	(2004) 28	31	(2004)13	16

Til tabell 2. Når det så gjeld interessa for ulike kulturtildob generelt, har vi berre 2012-tal å vise til. Her legg vi merke til at for teater, opera, kunstutstilling, museum og bibliotek er interessa blant dei eldre større enn blant gjennomsnittet av befolkninga.

*Tabell 2.* Prosentvis andel av befolkninga som har uttrykt særstak eller ganske stor interesse for å bruke ulike kulturtildøse. Alle (9-79 år) samanlikna med eldre (67-79 år) i 2012.

	All	67-79 år
Kino	38	13
Teater/musikal/revy	20	24
Opera/operette	8	15
Konsertar	57	41
Ballett/danseforestilling	8	9
Kunstutstilling	23	31
Museum	28	32
Folkebibliotek	30	36
Kulturfestival/festspel	35	14

I boka *Behaget i kulturen – en studie av kunst- og kulturpublikum* har kulturforskaren Arild Danielsen gjennomført analysar av samanhengen mellom alder og ulike kulturaktivitetar. På bakgrunn av Statistisk Sentralbyrå sitt kulturbarometer frå 2008 konkluderer Danielsen med at det er ei påtakeleg endring frå 1991 til 2008 ved at dei eldre er blitt meir aktive på fleire arenaer. Gapet mellom dei yngre og dei eldre når det gjeld besøk på teater, musical og revy er redusert betydeleg i denne perioden. Aktivitetsauken er størst blant dei på 67 til 79 år (Vaage 2009b, jf. Tabell 8). Besøk på opera, operette og konsertar har også auka påtakeleg i den same aldersgruppa.<sup>50</sup>

Danielsen stiller også spørsmål ved kva publikum er og korleis det kan studerast. Ulike teoretiske perspektiv på publikum blir presenterte og diskuterte i lys av informasjon om kunst- og kulturpublikum i Noreg.<sup>51</sup> Danielsen hevdar at det er klåre samanhengar mellom alder og kulturbruk, men desse er ikkje rettlinia og varierer mellom kulturelle former. Det er derfor ikkje mogeleg å gje nokon enkel oppsummering av alderens betydning. Statistisk Sentralbyrå har identifisert fire ulike mønster: *Homogenitet*, som skildrar kulturelle former der det ikkje er registrert tydelege alderseffektar, *ungdomskultur* med utprega appell til yngre menneske, *godt vaksen kultur* der middelaldrande og eldre er overrepresenterte, og endeleg *integrasjonskultur* som sameinar born og vaksne. Aldersprogrammering og konvensjonar for å uttrykkje aldersidentitet er viktige prosessar for å forstå dei typiske aldersmønstra.

---

<sup>50</sup> Mangset (2012) s 31

<sup>51</sup> Danielsen (2006) s 9

Danielsen skriv også om sosiale ritual og kunst- og kulturopplevingar, og om kva slags effektar slike ritual kan ha. Eit felles trekk ved alle typar ritual er at dei for ei stund skapar eit felles fokus hjå ei større eller mindre gruppe. For det første fører det til at deltakarene sine emosjonar blir intensiverte. Deltakarar som kjem inn i den stemninga som eit ritual legg opp til, vil ikkje berre oppleva emosjonell bekreftelse, men også ei forsterking av sine eigne emosjonar. For det andre blir det skapt kjensler av samhøyrigheit mellom deltakarane. Den som deltek i eit ritual og erfarer intensiverte emosjonar gjennom felles fokus og felles opplevingar, vil også oppleve sterke tilknyting til dei andre deltakarane. Og for det tredje kan vellukka erfaringar frå deltaking i ritual fungere som ei såkalla *vitamininnsprøyting*. Gjennom å kjenne seg att i andre sine prosjekt kan den enkelte få fornya tiltru til eigne prosjekt og eigen identitet. I alle samanhengar kor menneske møtest, finn vi former for samhandling mellom deltakarar som er involverte i kvarandres aktivitetar, og som stiller gjensidige forventningar til kvarandre. Førestilte fellesskap kan vekse fram gjennom at deltakarane har kunst og kulturuttrykk som samlingspunkt. Slike fellesskap kan ha stor betydning for sjølvforståinga og identiteten til deltakarane, og kan bli ein viktig motivasjon for å dyrke den kunsten og kulturen som dei samlast om.

Danielsens tilnærming handlar vidare om publikum som konglomerat av marknader. Dei fire faktorane som er vesentlege for å forstå marknadssegmentering er kjøpekraft, kjønn, alder og utdanning.

For å ta kjøpekraft fyrst. Danielsen hevdar at det er opplagt at økonomiske ressursar spelar ei rolle for tileigning av kunst og kultur.<sup>52</sup> Det eksisterer høgprissegment som du må vera velbeslått for å ha tilgang til (f. eks. originale kunstverk). Vidare vil det å vera høgforbrukar av kunst- og kulturopplevingar lett kunne innebere eit betydeleg innhogg i vanlege hushaldningsbudsjett. Likevel er det eit slåande trekk ved marknadene for kunst og kultur, at kjøpekraft ikkje har ei like dominerande betydning som på dei fleste vanlege varemarknader. Oppsummeringane frå SSBs kulturbruksundersøkingar viser at økonomiske ressursar og geografisk tilgjengeleghet ikkje er dei mest avgjerande faktorane for tileigning av kunst og kultur.

Den andre faktoren som er trekt fram som vesentleg for å forstå marknadssegmentering, er kjønn. I SSBs kulturbruksundersøking blir tre mogelege fordelingsmønster blant

---

<sup>52</sup> Danielsen (2006) s 179-180

publikum teke opp, nemleg kjønnsnøytralitet, maskulin dominans, og feminin dominans.<sup>53</sup> Det finst tendensar til dei to fyrste mönstera, men feminin dominans – i betydninga meir eller mindre klår overrepresentasjon av kvinner blant publikum – viste seg å vera det mest typiske og slåande mønsteret. Undersøkingar har vist at det er den eldre gruppa som har flest brukarar av klassisk høgkultur som konsertar, opera og kunstutstillingar. Kvinnene er i fleirtal.

Den tredje faktoren i Danielsens analyse er alder. Aldersprogrammering og konvensjonar for å uttrykkje aldersidentitet er viktige prosessar for å forstå dei typiske aldersmönstera.

Dette er styrt av produsentar og formidlarar, og legg såleis premissar for korleis publikum orienterer seg. Tilrettelegginga forklarar ikkje alle samanhengar mellom alder og kulturbruk. Sjølv om aldersprogrammering pregar publikums preferansar, så tek programmeringa utgangspunkt i tendensar som ein trur er til stades på førehand. Samanhengen mellom alder og kulturell kompetanse dannar eit samansett mønster. Ein kan opparbeide seg denne kompetansen gjennom at ein har levd lenge, men også gjennom å delta i sosial aktivitet.<sup>54</sup>

Den fjerde og siste faktoren er utdanning. Til forskjell frå segmentering knytt til alder og kjønn, var det berre eitt mønster som meir eller mindre tydeleg prega fordelingane.<sup>55</sup> Dette mønsteret viser ein positiv samvariasjon mellom utdanningsnivå og publikumsoppslutning, og ein positiv samvariasjon mellom utdanning og interesse for kunst og kultur. Jo meir utdanning, di større aktivitet og interesse for kunst- og kulturlivet. Det er ulike prosessar som kan tenkast å forbinde utdanning med kunst- og kulturinteresse. For det fyrste direkte effektar av utdanning på kunst- og kulturinteresse. For det andre indirekte effektar ved at utdanning gir trening i abstraksjon og tileigning av symbol, og for det tredje betydninga som kunst og kultur har som felles fokus og kommunikativ kode innanfor institusjonar med høgare utdanning. Det er langt frå sjølvforklårande korleis desse prosessane er vovne saman, og det er uavklart kva for prosessar som har størst betydning, særleg med tanke på utviklinga vidare. Nokon vil seie *danning* som ein forklårande fellesnemnar bak utdanning og kunst- og kulturinteresse. Men det er grunn til å spørje om dette forklarar noko, sidan *danning* er eit vagt omgrep, og sidan prosessane som kan tenkast å knyte desse forholda saman er uklåre.<sup>56</sup> For å plassere dette med utdanning inn i konteksten med Den Kulturelle

---

<sup>53</sup> Danielsen (2006) s 182

<sup>54</sup> Danielsen (2006) s 181

<sup>55</sup> Danielsen (2006) s 183

<sup>56</sup> Danielsen (2006) s 183

Spaserstokken, så er det klårt at blant spaserstokk-publikummet på 80+ er det forholdsvis få med utdanning ut over folkeskule og/eller yrkesskule. Dei som hadde råd til å ta høgare akademisk utdanning fram til 1950 (1960), var stort sett folk frå øvre sosiale lag. Historisk statistikk fortel oss at i 1950 var det 3 % av norske 25-åringar som hadde gjennomført universitetseksamen.<sup>57</sup>

I rapporten *Demokratisering av kulturen. Om sosial ulikhet i kulturbruk og deltagelse* hevdar sosiologen og forskaren Per Mangset at det er ei utfordring å skilje mellom aldersforskjellar i kulturåtfred som endrar seg gjennom livsløpet – livsfaseeffektar – og forskjellar som skuldast at ulike generasjonar har ulike kulturinteresser og dermed ulikt aktivitetsmønster – generasjonseffektar. Når ungdom på 1960-talet hørde mykje på rockemusikk medan eldre føretrekte Jens Book Jensen eller Jussi Björling, kan det heller vera uttrykk for ein generasjonseffekt. I allfall dersom 60-talsgenerasjonen held fram med å spela rock inn i pensjonsalderen. Det handlar kanskje om langsigte og grunnleggjande endringar i folks kulturaktivitetsmønster. Yngre menneske går som regel meir ut enn eldre, men godt vaksne er kanskje meir interessert i tradisjonelle kulturtilbod. Mange av dei aller eldste, som er fysisk svekka, går dessutan endå mindre ut enn dei middelaldrande. Slike motstridande tendensar medfører svake eller uklåre samanhengar mellom alder og nokre kulturtilbod.<sup>58</sup> Alt i alt er det aktivitetsauken blant dei eldste som er mest slåande. Fleire har spådd at vi får ein særskilt aktiv og kravstør pensjonistgenerasjon framover. Auka levealder og betre helse blant eldre blir ofte nemnt som forklaring, jf. debatten om den nye pensjonsreforma som kom i 2011. I offentleg debatt blir det også ofte hevdat at dei store årskulla frå dei første etterkrigsåra vil bli ein sær aktiv og kravstør pensjonistgenerasjon. I så fall er det kanskje grunn til å vente endå større eldrebølgje blant kulturpublikum i dei nærmaste åra.<sup>59</sup>

I rapporten *Helse og kultur – prosessevaluering av en nasjonal satsing på kultur og helsefremmende virkemiddel*, hevdar forskarane Bergliot Baklien og Yngve Carlsen at *Kultur gir helse-satsinga*, som vart gjennomført i perioden 1997-2000, har vore eit eksempel på instrumentell bruk av kulturen. Det vil seie at kulturtiltak og kunstuttrykk er brukte for å oppnå mål utanfor det tradisjonelle kulturfeltet. Slik instrumentell bruk kan føre til legitimitsproblem. Det har skapt enkelte spenningar fordi det bryt med

---

<sup>57</sup> Statistisk Sentralbyrå (1978) s 617

<sup>58</sup> Mangset (2012) s 28

<sup>59</sup> Mangset (2012) s 31

kultursektorens tradisjonelle tilnærming til sine brukarar – publikum – og sine samarbeidspartnarar.<sup>60</sup> Når det sosiale livet rundt kulturaktiviteten ikkje lenger blir eit biprodukt, men sjølve hovudsaka, så er det mange som bekymrar seg over at kulturomgrepet ikkje berre blir utvida, men også utvatna.<sup>61</sup>

I artikkelen *Kan musikk øke velvære* fra boka *Kultur former framtida* fokuserer forskaren og musikkterapeuten Audun Myskja på musikk som terapeutisk verkemiddel. Sjølv om musikk og anna kulturformidling brukt som terapi ikkje direkte er tema i denne masteroppgåva, så har eg valt å ta med denne artikkelen som referanse fordi den gir interessante perspektiv på eit fagområde i grenselandet mellom kunst/kultur og helse, men der kulturen rett nok er brukt instrumentelt. Myskja viser til tre aktuelle prosjekt her til lands kor song og musikk har blitt brukt i utviklinga av ein systematisk metode som kan påverke sentrale symptom som angst, depresjon, smerte og uro:  
*Individualisert musikk i eldreomsorga* i regi av Geria Ressurssenter for aldersdemens/alderspsykiatri ved Medisinsk divisjon, Ullevål universitetssjukehus,  
*Musikk i siste livsfase* i regi av stiftelsen Kirkens bymisjon, Oslo og *Musikk som terapeutisk hjelpemiddel i sykehjem* ved Bergen Røde Kors Sykehjem. Erfaringar frå desse prosjekta viser alle at bruk av musikk og andre kulturuttrykk i eldreomsorga har stor innverknad på den enkeltes oppleving av livskvalitet. Myskja drøftar også omgrepa livskvalitet og velvære, og hevdar at *livskvalitet* har vorte brukt på ein omfattande og upresis måte, og kan misoppfattast. Myskja hevdar at det som best har kunna dekkje og samtidig presisere den allmenne betydninga av ordet, er omgrepet *velvære* etter definisjonen frå ein artikkel av Sandy Burgener (mi omsetjing):

Velvære kan definerast som individets løpende evaluering av hans eller hennar lykke og tilfredsheit. Omgrepet velvære kan målast langs aksar av positive kjensler, negative kjensler, affektive dimensjonar og ein kognitiv dimensjon, definert som livstilfredsheit.  
<sup>62</sup>

Myskja konkulderer med at systematisk bruk av musikk i eldreomsorga viser at musikk sett inn i ei terapeutisk ramme aukar velværet hjå sjukeheimsbebarar, evaluert ved ein kombinasjon av kvantitative og kvalitative metodar. Det er haldepunkt for at ein stor del av denne effekten skjer ved spesifikk sansestimulering tilpassa den enkelte. Musikk kan gje rett sansestimulering som kan motverke over-, under- og feilstimulering. Slik kan

---

<sup>60</sup> Baklien og Carlsson (2000) s 6

<sup>61</sup> Baklien og Carlsson (2000) s 8

<sup>62</sup> Myskja (2007) s 66-67

musikk redusere uro og auke velvære. Truleg har musikk ei rekke gunstige eigenskapar som har særleg verdi for sjukeheimspasientar med kognitiv svikt. Med den stadig aukande andelen av eldre i befolkninga og det aukande talet på sjukeheimsbebaruar, er det ei viktig oppgåve framover å prioritere forsking på kva velvære er og korleis musikk kan fremja dette i klinisk samanheng.<sup>63</sup>

Ein interessant artikkel med fokus på kultur som helsefremjande verkemiddel er *An Evidence Review of the Impact of Participatory Arts on Older People*. Her skriv ei gruppe britiske forskrarar frå Mental Health Foundation om korleis helseplager, einsemd og isolasjon i alderdommen kan tene som barrierer mot å delta i sosiale og kreative aktivitetar som kan gje betre helse og velvære. Dei har gjennomført 31 studiar som omfattar over 2000 deltagarar i alderen 60-96 år, dei fleste i Storbritannia, men også i andre land. 6 av studiane involverte demente, dei øvrige var folk med generelt god helse. Studiane dekte dei fleste kunstuttrykk. Undersøkinga konkluderer med at å delta aktivt i kunst- og kulturaktivitetar har påviselege effektar på det mentale og fysiske velværet blant deltagarane. Dette gjeld på både individ- og gruppennivå. Sjølv om dokumentasjonen er relativt svak, så viser det seg at slike aktivitetar har eit enormt potensiale i å bidra til betre livskvalitet, både for eldre generelt og for dei mest sårbare og pleietrengande. Likevel viser det seg at behova blant dei eldre for tilrettelagte aktivitetar som kan gje auka livsglede og velvære, generelt blir oversett eller nedprioritert i eldreomsorga.<sup>64</sup>

Chris Gilleard er inne på noko av det same i artikkelen *Aging and society. Consumption and Identity in Later Life: Toward a Cultural Gerontology*. Gerontologi er, i følgje Store Norske Leksikon, læra om alderdommen og studiet av aldersbetinga endringar i livsprosessane frå moden alder og til individets død.<sup>65</sup> Chris Gilleard konkluderer med at i dagens samfunn er mange eldre både meir trygge på kva som ventar dei, samtidig som erfaringar gjer dei mer utrygge. Det sosialt strukturerte biletet av alderdom som forsvann gjennom framveksten av eit moderne industrisamfunn er i ferd med å forvitre. Etter som konsum har vist seg å få aukande innverknad på formainga av sosial og personleg identitet, og etter som ein aukande minoritet av vaksne når alderdommen med tydelege reserver av ubrukt kjøpekraft, så opnar det seg mogelegheiter for redefinering

---

<sup>63</sup> Myskja (2007) s 69

<sup>64</sup> McLean og Woodhouse (2011) s 2-3

<sup>65</sup> Store Norske Leksikon <https://snl.no/gerontologi>

av alderdommen. Denne vektlegginga av økonomisk uavhengigheit avspeglar det sosiale og kulturelle trykket på valfridom og mogelegheiter i å definere eins eigen livsstil i alderdomen. Større kjøpekraft blant pensjonistar fører til auka fokus på privat konsum, som igjen viser seg å ha innverknad på utforminga av sosial og personleg identitet.<sup>66</sup>

Eg har her, med utgangspunkt i nokre sentrale omgrep, sett på forskjellige teoretiske perspektiv som kastar lys over temaet eldre og kulturbruk. Denne teorien vil eg så dra med meg inn i analysekapittelet saman med empirien, og setje alt dette opp mot funn som eg har gjort og resultat som eg har kome fram til.

---

<sup>66</sup> Gilleard (1996) s 496

## 4 Metode

Opphavet til ordet metode er det greske *methodos*<sup>67</sup> som tyder å følgje ein viss veg mot eit mål. Når ein skal gjennomføre ei undersøking, er det viktig å ikkje binde seg fast til ein bestemt metode på førehand. Det er kva for problemstilling ein ynskjer å undersøkje som bør avgjera metodevalet. Den kan og hende at ein kvalitativ studie kan innehalde visse element av kvantitativ art, og omvendt.

Problemstillinga for denne oppgåva er todelt (jf. punkt 1.1). For det eine ei undersøking av intensjon og føremål med Den Kulturelle Spaserstokken som nasjonalt tiltak, og for det andre ein analyse av Kristiansand KulturRullator. Problemstillinga er så operasjonalisert i følgjande underpunkt, der dei tre første relaterer seg til Spaserstokken, og dei tre siste til KulturRullatoren:

- Sentrale omgrep i retningslinene for Den Kulturelle Spaserstokken er *kultur*, *kvalitet* og *dei eldre*. Kva slags kulturomgrep er retningslinene baserte på, og kva legg Kulturdepartementet i omgrepa *kvalitet* og *dei eldre*?
- Kva meiner Kulturdepartementet med at tilboda til dei eldre skal baserast på profesjonell kvalitet, mangfold, samarbeid og tilgjengelighet?
- Er føremålet med Den Kulturelle Spaserstokken kulturpolitisk eller helse- og sosialpolitisk? Er intensjonen primært å skape gode kulturopplevingar for dei eldre, eller er det å oppnå helse- og velferdsmessige gevinstar?
- Kva for mål har Kristiansand kommune for sin KulturRullator? Er det forskjellar mellom dei nasjonale måla for Den Kulturelle Spaserstokken og måla for KulturRullatoren? Kva består skilnadene eventuelt i?
- Kva slags profil har KulturRullatoren innhaldsmessig? Korleis skjer programmeringa, og i kva grad lukkast ein med å nå ein fram til målgruppa for tiltaket? I kva grad prioriterer kommunen dei eldste og mest pleietrengande eldre?
- Korleis fungerer KulturRullatoren praktisk og organisatorisk i dag, og kva slags utfordringar står KulturRullatoren overfor?

---

<sup>67</sup> Nynorskordboka <http://www.nobordbok.uio.no/perl/ordbok.cgi?OPP=+metode&nynorsk=+&ordbok=begge>

I følgje Jacobsen er det tre fasar i ein undersøkingsprosess: 1) utvikling av problemstilling, 2) val av undersøkingsopplegg eller design, og 3) val av metodisk tilnærming.<sup>68</sup>

1) For å ta **fase ein** først. Kva type problemstillingar er det eg har formulert? Vanlegvis skil vi mellom tre dimensjonar som kan nyttast til å analysere problemstillingar: a) om problemstillingane er uklåre eller klåre, b) om dei er forklarande eller beskrivande, og c) om vi ynskjer å generalisere eller ikkje.<sup>69</sup>

a) Eg vil hevde at problemstillinga mi er uklår i betydinga utforskande. Med utforskande meiner eg at eg ynskjer å finne meir ut om dette feltet og om samanhengar. Eg har lite førehandskunnskap om det eg vil undersøke, eg stiller med ope sinn og opne sansar, med andre ord med blanke ark. Ei klår problemstilling ville ha hatt en teori eller ein hypotese som utgangspunkt, og eg hadde sannsynlegvis hatt ein god del kunnskap å bygge vidare på. Prosjektet ville då ha gått ut på å stadfeste eller avsanne hypotesen (hypotesane).

b) Vidare vil eg hevde at problemstillinga er meir beskrivande enn forklarande. Problemstillinga er todelt. For det første skal eg undersøkje kva som ligg bak opprettinga av Den Kulturelle Spaserstokken, og dette gjer eg ved å studere relevante politiske dokument og rapportar. For det andre skal eg undersøkje Kulturrullatoren i Kristiansand kommune, først og fremst ved å intervju brukarar og andre informantar. Eg ser både på korleis situasjonen er i dag, korleis utviklinga har vore sidan Kulturrullatoren vart oppretta i 2006, og kva utfordringar der står overfor. Dette meiner eg er uttrykk for at eg har ei beskrivande problemstilling. Dersom problemstillinga hadde vore forklarande, så ville det ha vore meir nærliggjande å forske på årsakssamanhangar, å finne ut kvifor noko skjedde og kva for effektar det har hatt. Er det for eksempel nokon direkte samanheng mellom auka løyingar til kulturtiltak for eldre og graden av livsglede/velvære i den same målgruppa? Kan ein sjå verknader på lang sikt av auka løyingar til kulturtiltak for eldre? Dette ville dessutan ha vore svært komplisert å måle.<sup>70</sup>

c) Og endeleg er det ikkje noko stort poeng for meg å generalisere, eller prøve å koma fram til generaliserbare resultat. Uansett vil det vera uråd å generalisere ut frå eit såpass snevert utval av informantar som eg legg opp til i undersøkinga mi, og som langt frå er representativt for populasjonen, altså alle eldre i Kristiansand kommune. Eg er ikkje ute

---

<sup>68</sup> Jacobsen (2005) s 61

<sup>69</sup> Jacobsen (2005) s 72

<sup>70</sup> Jacobsen (2005) s 76

etter det som er felles eller gjennomsnittleg, eg er meir interessert i å pløye djupt og finne nyansar, samt å få fram gode historier.<sup>71</sup>

2) **Andre fasen** er val av undersøkingsopplegg. Kva slags design vil det passe å bruke på den undersøkinga eg skal i gang med? Det er viktig at den designen ein bestemmer seg for blir tilpassa problemstillinga, og eg meiner at intensivt design vil passe best i dette prosjektet.<sup>72</sup> Eg går meir i djupna på denne problematikken enn eg går i breidda, eg prøver å skaffe så mange opplysningar som mogeleg om relativt få informantar. Motsett ville eg ved ekstensivt design ha lagt vinn på å skaffe få opplysningar om mange informantar. Eg veit forholdsvis lite om dette saksfeltet, og eg er interessert i å forstå og forklare kva som skjer og rører seg i møtet mellom kunst- og kulturformidlarar og publikum.

Kulturopplevingar er subjektive, kan vanskeleg målast i tal og kan sjeldan kategoriserast. Vidare, det å få innsyn i dei vurderingane som ligg til grunn for opprettinga av Den Kulturelle Spaserstokken på nasjonalt nivå, kan resultere i resonnement som ikkje utan vidare lar seg putte inn i eit spørjeskjema med to-tre svaralternativ. Det same gjeld implementeringa av spaserstokken rundt om i kommunane. Dette gjer denne studien meir intensiv og beskrivande enn ekstensiv og forklarande.

3) Så til **fase tre**. Kva slags type data vil det vera naturleg å samle inn og kva slags metode/metodar vil eg nytte meg av?

Grovt sett kan ein skilje mellom to typar data: kvantitative og kvalitative. Kvantitative data er empiri i form av tal, enten naturlege talstorleikar eller symbol for ord (f eks ved å måle grad av tilfredsheit langs ein skala frå 1 til 5, der talet 1 står for svært misnøgd og talet 5 står for svært godt nøgd). Kvalitative data er empiri i form av ord, setningar, tekstar, m.m. som formidlar meaning. Skilnaden på kvantitativ og kvalitativ tilnærming ligg mellom anna i kor open forskaren er for nye innspel og overraskande informasjon i løpet av datainnsamlinga. Kvantitative tilnærmingar er ofte lite opne medan kvalitative er meir opne.<sup>73</sup> Kvalitativ tilnærming innbyr til ein induktiv strategi. Induktiv tyder at ein ut frå studiar av enkeltilfelle ser om det dannar seg eit mønster som ein kan seie noko allment om. Det er eit felt kor det er naturleg å gå i djupna framfor i breidda. Det vil vera logisk å konsentrere undersøkinga om relativt få informantar og så prøve å få så mykje informasjon som mogeleg frå dei. Motsett ville ei kvantitativ tilnærming gjort det meir naturleg å satse

---

<sup>71</sup> Jacobsen (2005) s 80

<sup>72</sup> Jacobsen (2005) s 87

<sup>73</sup> Jacobsen (2005) s 124

på deduktiv strategi. Deduktiv tyder at ein byggjer på forventningar basert på tidlegare funn og teoriar, og så samlar ein inn opplysningars for å sjå om forventningane stemmer med røyndomen. Ei spørjeundersøking i form av eit skjema med faste svaralternativ som har som mål å nå flest mogeleg er eit døme på kvantitativ tilnærming og deduktiv strategi.<sup>74</sup>

Problemstillingane mine er av ein slik karakter at dei innbyr til kvalitativ metode. Og denne passar saman med det som Jacobsen kallar hermeneutisk tilnærningsmåte.<sup>75</sup> I dette ligg det at generelle lover ikkje finst, det er det unike og særegne som må vera i fokus. Røyndomen er konstruert av menneske, og må studerast ved korleis menneska oppfattar røyndomen. Kunnskapen er lokal og unik. Forskaren samlar inn empiri utan å ha for mange bestemte oppfatningar på førehand. Å gå til verks med eit ope sinn er idealet.

I det store og heile er det fordelar og ulemper med både kvalitativ og kvantitativ tilnærming. Eg har som utgangspunkt at problemstillinga er beskrivande, eg ynskjer å oppnå betre forståing, eg ynskjer å få fram eit nyansert bilet og har fokus på samanhengen mellom individ og kontekst. Medan ein kvantitativ studie vil dreie seg mykje om tal og generaliseringar, så vil ein kvalitativ studie handle meir om ord og nyansar. Difor vurderer eg det slik at kvalitativ tilnærming vil vera det naturlege her.

## 4.1 Intervju – korleis gjekk eg fram

Eg bestemte meg for å satse på ei kvalitativ tilnærming som innebar beskrivande og intensivt design, og neste steg var å finne ut kva for innsamlingsmetode/-metodar som ville eigne seg best. Dei vanlegast nytta metodane innanfor kvalitativ tilnærming er individuelle, opne intervju, gruppeintervju og observasjon.

Eit intervju er ein samtale med mening og struktur. Det er ikkje ein samtale mellom likeverdige, det er forskaren som definerer og kontrollerer situasjonen. Men kva for kunnskapar er det vi oppnår?

---

<sup>74</sup> Jacobsen (2005) s 35

<sup>75</sup> Jacobsen (2005) s 32

Kvale og Brinkmann brukar to epistemologiske omgrep eller metaforar om det å skaffe kunnskap gjennom intervju. I den eine møter vi intervjuaren som *gruvearbeidar*. Han eller ho forstår kunnskap som noko skjult, men likevel tilgjengeleg som kan hentast fram av forskaren. Metaforen der intervjuaren er *reisande* vil derimot sjå på kunnskap som konstruksjon av fleire komplekse fasar der intervjuar og dei som blir intervjuar er ein del av det same. Gruvearbeidaren samlar inn kunnskap, medan den reisande konstruerer den. For gruvearbeidaren er kunnskap å samanlikne med verdifulle mineral, medan for den reisande er det snakk om å utforske ukjent land og gjengi det som ei forteljing.<sup>76</sup>

Desse epistemologiske tankeretningane er, slik eg forstår det, uttrykk for at det eksisterer ulike syn på i kva grad forskaren enten forstår, tolkar eller konstruerer meiningsa med det som han blir fortalt og observerer. Vidare i kor stor grad det er aktiv medverknad og involvering frå forskaren si side, og i kva utstrekning dette kan tenkjast å påverke både sjølve intervjustituasjonen og tolkingsarbeidet etterpå. Slutresultatet blir eit produkt av forskaren sine eigne forventningar og fordommar, og dei kunnskapar og impulsar som han/ho får gjennom å intervju og å observere.

Eg valde å basere undersøkinga hovudsakleg på intervju, både individuelle og gruppeintervju. Eg var også til stades som ein del av publikum på konsertar. Eg prøvde å finne folk med ulik bakgrunn til gruppeintervjua, både med omsyn til kjønn, alder og livserfaring. Eg tok eg imot dei eldre som ville la seg intervju, og i dette arbeidet hadde eg godt samarbeid med styrarane på institusjonane. Det var eit viktig poeng for meg å prøve å få i tale ikkje berre dei som var veldig positive og entusiastiske, men kanskje også dei som hadde litt skepsis eller antipati for KulturRullatoren. Dei informantane eg intervjuar hadde ulik erfaringsbakgrunn, og det vart mi oppgåve å tolke svara og setje dei inn i ein samanheng.

I tillegg gjennomførte eg ei enkel demografisk spørjeundersøking blant dei eldre som eg gruppeintervjua. Denne undersøkinga, som ikkje var spesielt representativ, utførte eg ved hjelp av eit spørjeskjema der eg kartla variablar som kjønn, sivilstand, alder, bustad, utdanning, yrkeserfaring og kulturbruk blant informantane. Målet med denne var å finne ut om det var nokon samanheng mellom kulturbruken og dei andre variablane.

---

<sup>76</sup> Brinkmann og Kvale (2015) s 55

## 4.2 Intervjuguide

I følgje Jacobsen kan ein intervjuguide variere frå det svært lite strukturerte til det sterkt strukturerte. Generelt kan ein seie at det opne intervjuet ikkje bør vera så strukturert at det består av ei førehandsbestemt rekkje av spørsmål med faste svaralternativ.<sup>77</sup>

Eg bestemte meg for å utarbeide ein intervjuguide før eg starta intervjuguidesessen, med oversikt over dei temaa som intervjuet skulle omhandle. Sjølve intervjuguiden la eg opp slik at eg opna med å presentere meg sjølv, målet med prosjektet og kva det skulle brukast til. Så hadde eg med bakgrunn i problemstillinga utarbeidd ei liste med spørsmål. Nokre var felles for alle informantane, men elles hadde eg utarbeidd forskjellige spørsmål alt etter kven eg intervju. Eg hadde i utgangspunktet laga ein intervjuguide som eg hadde tenkt å bruke både på individuelle og gruppeintervju. Når eg begynte å intervju, så såg eg fort at det var behov for visse justeringar og tilpassingar alt etter kven eg intervju. Det viste seg at alle spørsmåla ikkje var like relevante for alle informantane.

På førehand søkte eg og innhenta løyve frå Norsk Samfunnsvitenskaplige Datatjeneste.

## 4.3 Intervjuobjekta

Etter ein kartleggingsrunde bestemte eg meg for å gjennomføre intervju med følgjande målgrupper:

Primærkjelder:

- 1. Dei eldre, d. v. s. brukarane av KulturRullatoren.** Eg tok sikte på å gjennomføre gruppeintervju på eldreibutikkar i Kristiansand og på SeniorKilden.
- 2. Program- og arrangementsansvarlege.** Intervju med dei som planlegg og programmerer KulturRullatoren i kommunen. Vidare styrarar som har ansvaret for Rullator-arrangement på sine respektive institusjonar. Og endeleg program- og arrangøransvarleg for SeniorKilden (om SeniorKilden, sjå 2.2.3.).
- 3. Overordna administrativt og politisk nivå.** Intervju med kulturdirektøren i Kristiansand kommune, fylkeskultursjefen i Vest-Agder, og ein tidlegare statssekretær i Kulturdepartementet.

---

<sup>77</sup> Jacobsen (2005) s 144-145

Sekundærkjelde:

Ei bacheloroppgåve frå 2008 av Kjell Morten Bråthen, *Størst av alt er kjærligheten - feltarbeid med rapport*, med intervju av dåverande rådgjevar Sverre Mjøen i Kulturdepartementet. Denne oppgåva er lagt ut på Internett.<sup>78</sup>

Kvífor valde eg akkurat desse informantane?

Problemstillinga er todelt. Den fyrste delen handlar om intensjon og føremål, og den andre delen om korleis ordninga fungerer i dag, i dette tilfellet KulturRullatoren. Spørsmåla om intensjon og føremål vil det vera naturleg å stille til det nasjonale nivået, det vil seie politisk og/eller administrativ leiing i kulturdepartementet. Det var derifrå initiativet til ordninga kom. Men det vil også vera interessant å undersøkje kva synspunkt dei øvste administrative leiarane i fylkeskommunen og kommunen har på dette. Når det gjeld spørsmålet om korleis Rullatoren fungerer i dag, så vil det viktigaste vera å finne ut kva brukarane meiner, samt dei som er nærmast brukarane til dagleg, det vil seie styrarane på institusjonane. Deretter dei programansvarlege, og dernest overordna administrativt nivå i både kommunen og fylkeskommunen.

Dei forskjellige informantane, premissleverandørane, planleggjarane, arrangørane og brukarane, vil på kvar sitt vis kunne kaste lys over problemstillinga ut frå sine respektive ståstedar. Eg har tru på at dei vil kunne hjelpe meg til å danne eit heilskapleg bilet av kva rolle Den Kulturelle Spaserstokken spelar, og kva den har å seie for satsing på kulturtiltak for eldre.

## 4.4 Reliabilitet og validitet

Eg gjorde lydopptak av alle intervjuia og transkriberte dei etterpå. På denne måten sikra eg meg nøyaktig attgjeving av data, og at alle opplysningane kom med. På denne måten burde reliabiliteten eller pålitelegheita vera ivaretaken. Jacobsen påpeikar at informantane kan bli utsette for ein undersøkingseffekt.<sup>79</sup> Det er ikkje uvanleg at ein undersøkingssituasjon kan bli oppfatta som kunstig og unaturleg. Dette kan få intervjuobjekta til å opptre noko annleis enn dei elles ville ha gjort. For eksempel kan enkelte bli reserverte ved å skulle svare på kritiske spørsmål. For å hindre dette bør ein behandle intervjuobjekta anonymt. For at

---

<sup>78</sup> Bråten, Kjell Morten: *Størst av alt er kjærligheten*. Feltarbeid med rapport. Bacheloroppgåve ved Høgskolen i Telemark 2008. <https://kjellemann.wordpress.com/rapport-den-kulturelle-spaserstokken/>

<sup>79</sup> Jacobsen (2005) s 131

intervjusituasjonen skal bli så naturleg som mogeleg bør intervjeta gå føre seg på ein roleg stad, slik at informantane får snakke fritt. Det er nødvendig med ein viss struktur, og ein intervjuguide vil hjelpe til med dette.

Ein fordel med den kvalitative intervjuundersøkinga er at den sikrar høg omgrepssvaliditet eller omgrepsgyldighet. Det er nemleg intervjuobjekta som i stor grad definerer kva som er den «rette» forståinga av fenomenet. Det kvalitative intervjetet tvingar ikkje informantane til faste svaralternativ som eit kvantitativt spørjeskjema. Ved å stille utdjupande spørsmål kan ein såleis styrke mogelegheita for å rydde opp i eventuelle misforståingar. Sjølv om det kvalitative intervjetet er eigna til å sikre høg omgrepssvaliditet, så er det ikkje like eigna til generalisering.

## 4.5 Datainnsamling – om intervjeta

Eg valde meg altså ut tre eldreinstitutionar i Kristiansand kommune som arenaer for gruppeintervju, to omsorgssenter og eit dagsenter. Dei to omsorgssentera har både faste sjukeheimsbebuarar, dagsenterbrukarar, og eldre som bur i omsorgs- eller serviceleilegheiter tilknytt institusjonen (omsorgsleilegheiter er tilrettelagte med heildøgns bemanning, medan serviceleilegheiter er tilrettelagte for rørslehemma). Den tredje institusjonen er eit eldresenter der folk kjem og går. Der er det ei blanding av brukarar som dels har omsorgs- eller serviceleilegheiter tilknytt sentret, og dels bur for seg sjølve i eigne bustader lenger unna. Det vil seie at graden av behov for tilrettelegging varierer veldig frå dei heilt pleietrengande til dei heilt sjølvgåande. Eg har vore bevisst på at alle kategoriane er representerte: sjukeheimsbebuarar, bebuarar i service- eller omsorgsleilegheiter, dagsenterbrukarar, og tilfeldige kafébesøkande.

Eg gjennomførte seks gruppeintervju. Tre av intervjeta skjedde på to omsorgssenter, eit føregjekk på eit eldresenter, og to skjedde på SeniorKilden. Med på gruppeintervjeta var til saman 16 informantar i alderen 70 år og oppover, 15 damer og ein mann. 5 av desse vart intervjeta på SeniorKilden. Det var ikkje planlagt at det skulle vera nesten berre damer, men det viste seg at det var damene som var lettast å få til å stille opp. Intervjeta føregjekk dels på avdelingane og dels i fellesarealet der konserten vart arrangert. Det var ei grei ordning, vi fekk stort sett sitje i ro utan sjenerande støy. Eg la informantane få prate mest mogeleg, og eg prøvde å unngå å styre for mykje. Dei eg gruppeintervjeta vart bedne om å fylle ut eit enkelt spørjeskjema. Målet med dette skjemaet var å finne ut om det var nokon samanheng mellom informantanes sosioøkonomiske bakgrunn, deira faktiske kulturbruk og haldningar til KulturRullatoren.

Vidare hadde eg individuelle intervju med leiar og nestleiar for KulturRullatoren i Kristiansand, d. v. s. dei som organiserer og legg opp programmet for heile kommunen. Eg intervjuja program- og arrangøransvarleg for SeniorKilden, som er tilsett i Kilden Kulturdrift. Eg intervjuja også kulturdirektøren i Kristiansand, fylkeskultursjefen i Vest-Agder, og tidlegare statssekretær i Kulturdepartementet i perioden 2005-2007. Alle desse intervjuja føregjekk stort sett på kontoret til vedkomande informant, kor vi kunne sitje uforstyrra. I gjennomsnitt brukte eg ca. 30 minutt på kvart intervju, både i gruppe og individuelt. Eg gjorde lydopptak av samtalane, og skreiv dei av etterpå. Det er stort sett ein takknemleg jobb å få folk til å prate om seg sjølv, men det er naturleg nok ikkje alt som kjem opp i samtalet som er like relevant for problemstillinga i oppgåva. Sjølv om eg tok utgangspunkt i intervjuguiden, så oppdaga eg fort at det var vanskeleg å følgje denne slavisk. I praksis fann eg ut at det fungerte best å improvisere, og justere rekkefølgja på spørsmåla etter intervjustituasjonen. Det var utfordrande å halde samtalet naturleg og flytande, samtidig som eg måtte prøve å pense inn mot dei oppsette temaña for å få ein naturleg progresjon. Gruppeintervjuva var dei mest krevjande. Som regel var det den mest taleføre personen som førde ordet, og det var utfordrande å få alle med. Det var publikummet på SeniorKilden som utmerka seg som dei overlegent mest aktive og allsidige kulturbrukarane, og som dessutan var dei verbalt sterke informantane. Evna til å ordleggje seg syntes å minke i takt med stigande alder og redusert førleghet.

Eit eksperiment eg gjorde på ein institusjon der intervjuobjekta var litt fåmælte, var at eg gjekk ut eit lite ærend og bad dei om å fortsetja samtalet. Då viste det seg at praten gjekk livlegare, og det kom ein del opplysningar som eg ganske sikkert ikkje ville fått om eg hadde vore til stades sjølv. Mitt fråvær gav altså ein positiv effekt, og i ettertid kan ein seie at det var ei metodesvakheit at eg ikkje gjorde dette eksperimentet oftare, slik Jacobsen refererer det.<sup>80</sup>

Og endeleg var eg til stades på ein del konsertar som publikummar og nøytral observatør.

Eg hadde i utgangspunktet planlagt at alle intervjuobjekta skulle vera anonyme. Etter som arbeidet skreid fram såg eg at dette ville bli litt rart eller unaturleg, etter som nokre av informantane vil vera gjenkjennbare gjennom stillingstittelen (f. eks. kulturdirektøren i Kristiansand eller fylkeskultursjefen i Vest-Agder). Eg valde difor å gje opp namna på alle

---

<sup>80</sup> Jacobsen (2006) 131, 142

dei som eg hadde individuelle intervju med. Samtlege av desse har eg hatt kontakt med for sitatsjekk.<sup>81</sup> Dei eldre som eg gruppeintervjua, er alle anonyme.

Eg melde også frå til Norsk Samfunnsvitskaplege Datateneste om at eg oppheva anonymiteten for nokre av informantane.

---

<sup>81</sup> Sjå pkt 8.3

# 5 Resultat – informantane sine forteljingar

I dette kapittelet presenterer eg informantane sine forteljingar slik dei vart fortalte til meg gjennom intervju (jf. kap. 4.3).

## 5.1 Intensjon og føremål med Den Kulturelle Spaserstokken

### Politikarperspektivet

Dette delkapittelet er eit samandrag av eit intervju med ein tidlegare statssekretær i Kulturdepartementet.

Det var Kulturdepartementet som var initiativtakar og pådrivar for opprettinga av ordninga, noko føremålsparagrafen og retningslinene i høg grad ber preg av. Den Kulturelle Spaserstokken vart oppretta i 2006 om lag samstundes med starten på Kulturløftet. Kulturdepartementet samarbeidde tett med Helse- og omsorgsdepartementet.

Eg meiner at initiativet kom frå Kulturdepartementet. Eg sat sjølv som statssekretær på dette tidspunktet. Eg meiner at det var Kulturdepartementet som la pengar på bordet først, og så kom Helsedepartementet med tilsvarende sum. Kulturdepartementet hadde regien, og ordninga var forankra der.<sup>82</sup>

I Kulturdepartementet var dei veldig opptekne av at kunsten og kulturen skulle nå ut til folk. Diverse modellar var allereie prøvd ut rundt om i landet, f. eks. i Trondheim og Kristiansand, og dette gav inspirasjon til departementets folk. Den Kulturelle Spaserstokken er døme på eit "demokratisering av kulturen"-prosjekt, inspirert av mellom anna Den Kulturelle Skulesekken og Den Kulturelle Nistepakka. Alle, eller flest mogeleg, skal ha sjansen til å oppleva kunst og kultur av høg kvalitet og på profesjonelt nivå. «Ja, det er ingen tvil om at Den Kulturelle Skulesekken har vore ein stor inspirator for denne satsinga. Også skulesekken er jo styrt frå Kulturdepartementet.»<sup>83</sup> Dei som av ulike grunnar ikkje kan eller har høve til å oppsøkje eit offentleg kulturhus, skal få dette tilbodet på den arenaen dei er til dagleg. Og like viktig er det at det blir lagt til rette for samarbeid mellom kultur og omsorg ute i kommunane, ved at ein trekkjer inn kulturfagleg kompetanse og hevar kvaliteten på kulturtilbodet til dei eldre.

---

<sup>82</sup> Intervju Gundersen 20.11.2014

<sup>83</sup> Intervju Gundersen 20.11.2014

I dei Stortingsmeldingane som inngjekk i forarbeidet til Den Kulturelle Spaserstokken var det mykje fokus på helseeffektane av kunst- og kulturformidling, medan dette ikkje er nemnt i retningslinene for spaserstokken. Dette skuldast at Kulturdepartementets folk var, i større grad enn Helsedepartementets, opptekne av at dei statlege midlane skal gå til profesjonelle kunstnarar og kulturarbeidarar. Ikkje at den lokale barnehagen eller det lokale korpset får betalt for å opptre litt. Alle skal så langt råd ha tilgang til å oppleva kunst og kultur sjølv om dei blir gamle og skrøpelege. Det handlar om å ta publikum på alvor. Det er den gode kulturopplevinga som skal stå i sentrum, og så er det jo flott om ein får sosialt velvære og mental stimulans på kjøpet.

## **Byråkratperspektivet**

Dette delkapittelet er eit samandrag av intervju med fylkeskultursjefen i Vest-Agder og kulturdirektøren i Kristiansand kommune.

I retningslinene for Den Kulturelle Spaserstokken blir det trekt parallellear til Den Kulturelle Skulesekken. Eit av måla er: "Midlane skal hovudsakleg nyttast til profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet, etter modell frå Den Kulturelle Skulesekken."<sup>84</sup> Spaserstokken liknar på Skulesekken i den forstand at det skal vera mangfaldig, det skal innehå ulike sjangrar og det skal halde eit profesjonelt nivå. Men det er også skilnader. Det er ei heilt anna målgruppa, det er frivillig for mottakarane, og det handlar om forholdet mellom omsorg og kultur. Vidare ligg det føringar om kvalitet, og oppmading til nyskaping i retningslinene. Det er ei utfordring at arbeidet med Spaserstokken er nokså ulikt organisert i kommunane. Mange stader er ikkje strukturen på plass, og det har hendt at kommunane må oppmodast om å søkje. I somme kommunar har omsorg ansvaret, andre stader kulturetaten, og etter andre stader frivilligsentralar.

Det er vel og bra at ein frå kulturdepartementet si side er oppteken av kvalitet og profesjonalitet i Spaserstokken, men inntrykket er at formidlinga ikkje alltid er på topp, og at ein ikkje treffer målgruppa. Dyktige amatørar som har god formidlingsevne og er flinke til å kommunisere kan i mange tilfelle oppnå betre respons enn utøvarar på toppnivå. Og mange stader ute i distrikta er det smått med profesjonelle kunstnarar og kulturarbeidarar å ta av.

---

<sup>84</sup> Det Kongelege Kulturdepartement (2013)

Somme kommunar har eigne retningsliner for sin lokale spaserstokk, med målsettingar som skil seg litt frå dei nasjonale måla. F. eks. legg Kristiansand kommune vekt på at ein gjennom kulturformidlinga skal auke den mentale stimulansen for bebuarar på institusjon. Det kan godt hende at i kommunar kor helse og sosial har ansvaret, så set det et visst preg på programprofilen.

Den Kulturelle Spaserstokken er ei øyremerka tilskotsordning som skal stimulere til lokal aktivitet. Som regel er det dei største kommunane som får mest ut av dette. Ulempa er at små kommunar med begrensa administrativ kapasitet ikkje alltid får så mykje ut av slike ordningar som dei burde.

## 5.2 Undersøking av Kristiansand KulturRullator

### 5.2.1 Resultat av spørjeundersøkinga

Eg bad dei eldre informantane som eg gruppeintervjua om å fylle ut eit enkelt spørjeskjema der eg kartla kjønn, sivilstand, alder, bustad, utdanning, yrkeserfaring og kulturbruk. Det var 16 i alt, 15 kvinner og 1 mann. 5 var gifte og 11 var einslege. 2 var i alderen 51-70 år, 12 var i alderen 71-90 år og 2 var over 90 år.

**Bustad:** 6 av dei budde i blokk eller liknande, 4 i einebustad eller rekkehus, 3 i omsorgsbolig og 3 på pleie-/sjukeheim.

**Utdanning:** 5 av dei hadde folkeskule/grunnskule, 9 hadde yrkesskule/vidaregåande opplæring og 2 hadde høgskuleutdanning. Det vil seie at 12,5 % av dei eg intervjua hadde høgskuleutdanning.

Ein interessant analogi i forhold til variabelen utdanning, er at frå historisk statistikk veit vi at i 1930 var det ca 2 % av norske 25-åringar som hadde bestått universitetseksamen. I 1950 var talet stige til ca 3 %. I 1975 var talet ca 7,5 %.<sup>85</sup> I 2012 var ca 39 % av norske kvinner og ca 26 % av norske menn i alderen 19-24 år i gang med høgare utdanning.<sup>86</sup> Dei fleste informantane mine er fødde sist på 1920- eller tidleg på 1930-talet, og det vil seie at dei som hadde gjennomført høgare utdanning sannsynlegvis gjorde det rundt 1950. Ut frå desse tala er dei lite representative for den norske befolkninga med omsyn til variabelen høgare utdanning (12,5 % av informantane mine tok høgare utdanning rundt 1950, mot 3% av befolkninga totalt). Ein kan tolke det som at dei med høgare utdanning er dei overlegent mest aktive brukarane av KulturRullatoren. Men utvalet er så lite, at ein eller to til eller frå kan gje store utslag.

---

<sup>85</sup> Statistisk sentralbyrå (1978) s 617

<sup>86</sup> Statistisk sentralbyrå (2013) s 174

**Yrkeserfaring:** 4 hadde enten vore heimeverande eller hatt jobb utan krav til utdanning, 9 hadde hatt jobb med krav til fagutdanning, og 3 hadde hatt jobbar med krav til akademisk utdanning eller tilsvarende.

**Kor ofte går du på på KulturRullator-arrangement:** 13 går minst ein gong i månaden, 1 går minst ein gong i halvåret, og 2 går minst ein gong i året.

**Kulturbruk. Kva for kulturtildob har du besøkt minst ein gong dei siste 12 månadene?** Dette omfatta både KulturRullatoren og andre arrangement. Her kunne ein krysse av på fleire alternativ.

16 kryssa av på konsert

6	bibliotek
10	teater/musikal/revy
5	museum
10	kunstutstilling
2	ballett/dans
6	opera/operette
3	idrettsarrangement

Sidan utvalet av informantar var så lite og tilfeldig, og langt frå representativt for dei eldre i Kristiansand kommune, så har eg ikkje sett noko poeng i å bearbeide dette materialet ytterlegare ved krysstabulering mellom variablar eller på annan måte å undersøkje om det er eventuelle samanhengar mellom f. eks. kulturbruk, alder og kjønn. Grunnlaget er for spinkelt til det. Det er opplysningane av kvalitativ art som kom fram i intervjuet som eg vil konsentrere meg om i den vidare analysen.

## 5.2.2 Kristiansand KulturRullator – erfaringar og utfordringar

Dette delkapittelet handlar mest no-situasjonen, korleis rullatoren fungerer i dag. Men det blir også nokre tilbakeblikk på dei åra den har eksistert, samt utfordringar som den står overfor.

### Dei eldre – perspektivet

Eg gjennomførte som tidlegare nemnt seks gruppeintervju og intervju i alt 16 informantar. Tre av intervjuet skjedde på to omsorgssenter i byen, eit føregjekk på eit dagsenter, og to skjedde på SeniorKilden. Påfølgjande sitat i dette delkapittelet stammar frå informantar i desse fokusgruppene.

Dei eldre institusjonsbebarane seier at dei kjenner KulturRullatoren godt, at det eit bra tiltak og at dei er godt nøgde med dei arrangementa som skjer i regi av Rullatoren. Desse bebarane går sjeldan eller aldri på arrangement utanom institusjonen, dei må ha hjelp til det meste, og då begrensar det seg sjølv. Det same gjeld til ein viss grad dei som er dagsenterbrukarar, og som må ha transporthjelp. Men dei som er i stand til det prøver også å få med seg ting som skjer utanom «heimen». Dei synest det er bra at det skjer noko ein eller to gonger i veka, men alle er einige i at dei godt kunne hatt konsertar eller andre arrangement oftere, gjerne kvar dag.

På spørsmål om dei går på SeniorKilden, svarar nokre av dei at det gjer dei av og til, men at dei kvar seg litt når dei må ha hjelp til alt. Det same gjeld viss dei har lyst til å gå på kino ein sjeldan gong. Av og til må dei ty til TT-drosje. «Difor er det så flott at vi får overføring av Kilden-konsertar på skjerm med god lyd».<sup>87</sup>

På spørsmål om kva dei synest best om eller om dei har nokre favorittar, svarar informantane på eit av omsorgssentera konsertar med operettemelodiar og andre kjende songar, gjerne av eldre årgang og helst framført av lokale utøvarar. «Operettesvisker», gamle slagerar og filmmelodiar er dei fleste glade i. «Men seriøs opera er me ikkje så begeistra for, dei brukar jo ein time på å døy samtidig som dei hyler og gaular».<sup>88</sup> Nokre nemner Slavekoret frå Nebukadnesar. Andre trekkjer fram lokale heltar som Kjell «Elvis» Bjørnestad og Bjøro Håland. Dei nemner også besøk av symfoniorkesteret.

Forutan musikk så synest brukarane at lysbildeforedrag er spennande, og andakter set dei også pris på. Interessa for lokalhistorie er stor, kanskje større enn for konsertar. Dei dreg fram gamle Kristiansands-filmar, dei er veldig populære. Og teaterførestillingar med. «Det Dramatiske Selskab som minner oss om då vi var unge og vakre, har stor appell. Når gamle Kristiansands-filmar blir viste så sit folk omrent oppå kvarandre».<sup>89</sup> Andre framhevar Seniorkino og Senioruniversitetet som bra tilbod. Det er ei allmenn oppfatning at det er viktig at det er noko for ein kvar smak, både det breie med stort nedslagsfelt, og meir smale uttrykk som kanskje ikkje fenger så mange. «Arrangørane har nok prøvd å finne

---

<sup>87</sup> Gruppeintervju Presteheiia omsorgssenter 31.10.2014

<sup>88</sup> Gruppeintervju Presteheiia omsorgssenter 10.10.2014

<sup>89</sup> Gruppeintervju SeniorKilden 09.09.2014

noko for ein kvar smak, både høg og låg kultur for å seie det slik, for å få kulturen ut til folk som kanskje ikkje føler seg heilt heime i konsertsalar og kulturhus».<sup>90</sup>

Skulle dei peike på noko negativt så måtte det bli at utøvarane ofte syng ofte på engelsk, noko som er vanskeleg å forstå. «Av og til er kanskje repertoaret på konsertane litt for høgtravande»,<sup>91</sup> seier ei av dei. Men det er hennar personlege meinings. Rock and roll vil dei helst ikkje ha, det blir ofte for hardt og brutal, sjølv om dei innrømmer at det finst melodiøse og fine ting innan rocken. «Beatles og Elvis kan gå an, men helst ikkje Rolling Stones. Det blir for bråkete. Jazz er bra, helst av det gode gamle slaget». <sup>92</sup> Dei kan faktisk ikkje koma på ein einaste konsert som dei ville vore forutan. «Det som stoppar oss frå å delta på KulturRullatoren sine arrangement er i grunnen dårlig helse. Samt at vi får tekniske problem med rullatorane våre.....»<sup>93</sup>

KulturRullatoren er veldig viktig for folk som har gått av med pensjon, det fyller eit tomrom i kvardagen for mange. Og ikkje minst er det sosiale viktig, det å koma seg ut og treffe andre. Dei kan i grunnen ikkje seie kva som betyr mest, sjølve kulturopplevinga eller det sosiale som følgjer med på kjøpet. Gjennomgangstonen er: *ja takk, begge delar.* Dei meiner at ein må kombinere det slik at det blir underhaldning av det, og at det er viktig å dele opplevingane med andre. "Musikk og humor blir som medisin for oss. Vi går gjerne aleine, men det ekstra hyggeleg å gå saman med andre, det gir ein ekstra dimensjon. Nye impulsar gir også mental stimulans."<sup>94</sup>

Publikummarane på SeniorKilden derimot er ikkje fullt så godt orienterte om KulturRullatoren sitt program. Dette er naturleg sidan dei stort sett er sjølvgåande og har liten eller inga tilknyting til institusjonslivet. Dei kjenner best til det som skjer på Kilden, men dei følgjer med på annonsar for Kulturrullatoren i avisar.

Mange er i utgangspunktet skeptiske, kultur er eit farleg ord for dei. Men når dei blir lokka med på ein konsert så hender det ikkje sjeldan at dei endrar oppfatning. Ei av dei som går på SeniorKilden seier det slik:

Vi er jo privilegerte vi som kan koma oss ut (til Kilden). Vi kan koma hit med rullestol, og dei som treng transporthjelp får dette. Det er verre med dei som sit på sjukeheimane heile

---

<sup>90</sup> Gruppeintervju SeniorKilden 09.09.2014

<sup>91</sup> Gruppeintervju Presteheia omsorgssenter 31.10.2014

<sup>92</sup> Gruppeintervju SeniorKilden 09.09.2014

<sup>93</sup> Gruppeintervju Presteheia omsorgssenter 10.10.2014

<sup>94</sup> Gruppeintervju SeniorKilden 04.11.2014

dagen utan noko å gjera, ofte heilt passive. I dag skjer det minimalt med aktivitetar på slike plassar. Og pleiarane har knapt tid til å ta seg av dei.<sup>95</sup>

Ein annan informant uttaler:

Eg synest det er eit fantastisk tilbod. Eg veit at mange av vennene mine går på det som blir arrangert her. Men situasjonen på heimebane med omsorgsansvar gjer at eg må avgrense det for min eigen del. Livssituasjonen til den enkelte er med og styrer dette. Kvinner som har blitt einslege går nok i større grad.<sup>96</sup>

Arrangørane er veldig flinke til å leggje alt det praktiske rundt konsertane til rette.

Informantane opplever sjeldan uro blant publikum. Av og til kan det bli litt støy ved at folk reiser seg og går midt i konsertane. Men det er til å leva med. Dei framhevar også at det er viktig å gi god respons til utøvarane og setja pris på dei som kjem på besøk.

Når det gjeld profesjonalitet kontra amatørskap, så seier informantane at dei set pris på både dei profesjonelle og amatørane, men at det er to forskjellige ting. Besøk av barnehagar og lokale kor synest dei er fint, men det blir ikkje heilt det same som dei profesjonelle. Dei frivillige kreftene kan ikkje matche den variasjonen som dei profesjonelle kan by på. Ein må skilje mellom profesjonelle musikarar og studentar, og innsjå at nivået er forskjellig. Men dei framhevar at det er mange flinke amatørar også, f. eks. studentar frå universitetet. Det at dyktige studentar slepp til på scena er med på å ufarleggjera musikken for mange, det treng ikkje vera så perfeksjonistisk og fint. «Vi har hatt yngre damer her som har sunge og spelt utruleg bra».<sup>97</sup> «Korps er også vel og bra på 17. mai, men det passar ikkje innandørs. Korps er ikkje musikk».<sup>98</sup> Variasjon set dei pris på. Gjengangarar her frå byen kan derimot bli litt for kjedelege. "Samtidig skal ein ikkje undervurdere publikum og tru at det ikkje er så nøye kva ein serverer til dei gamle, det kan vera farleg".<sup>99</sup>

Dei eldre informantane meiner gerenelt at KulturRullatoren må vera gratis. Dei trur at mange hadde uteblitt dersom det hadde kosta litt. Dei tykkjer det er fantastisk at ein kan få oppleva flotte ting som ein elles ikkje hadde hatt råd til. «Det er viktig at i allfall det som føregår på institusjonane er gratis. Minstepensjonistar har ofte lite å rutte med».<sup>100</sup> Når det gjeld offentlege konsertar på Kilden og andre stader, så er meiningane meir delte. Nokre

---

<sup>95</sup> Gruppeintervju SeniorKilden 04.11.2014

<sup>96</sup> Gruppeintervju Kongens Senter 19.11.2014

<sup>97</sup> Gruppeintervju Presteheia 10.10.2014

<sup>98</sup> Gruppeintervju Presteheia 31.10.2014

<sup>99</sup> Gruppeintervju SeniorKilden 09.09.2014

<sup>100</sup> Gruppeintervju Kongens Senter 19.11.2014

meiner at 50 kr er i meste laget. Dei aller fleste eldre er bevisste på dette med økonomi, og blir det for dyrt så er det mange som ikkje vil gå. Andre synest at 50-100 kr er såpass billeg at alle har råd til det, og trur at det blir godtatt av alle. Den dyraste teaterførestillinga dette halvåret kostar 225 kr, og det trur dei at folk som er interesserte i å gå på teater aksepterer.

Dei eldre har også synspunkt på innhald og profil. Ein av informantane er inne på at å blande det kjende med det ukjende kan vera eit pedagogisk knep. Og informanten held fram med å understreke at poenget er breidda og mangfaldet, at alle skal finne noko som passar for dei. Dersom ein lyttar på forskjellige ting, så blir ein klar over kva ein ikkje likar også.

Blant informantane er det ei allmenn oppfatning at det er dei gamle på sjukeheimane det blir verst for dersom KulturRullatoren blir teken vekk. Einsemda er svært tung å leva med for mange. Dei pårørande er sjeldan med på konsertane. Dersom stasstøtta forsvinn, så trur dei at arrangørane kanskje må greie seg med dei frivillige kreftene. Dei håpar difor at dei får behalde KulturRullatoren fordi den betyr enormt mykje.

## **Programmerar- og arrangørperspektivet**

Dette delkapittelet er basert på intervju med leiar og nestleiar for KulturRullatoren som også programmerer denne, to styrarar på omsorgsinstitusjonar, samt program- og arrangementsansvarleg på SeniorKilden.

Dei som programmerer KulturRullatoren seier at allsidigheit og kvalitet er dei viktigaste faktorane. Alt treng ikkje å vera profesjonelt, amatørskap kan også vera kvalitet. Kristiansand KulturRullator har tre definerte mål. Det er for det fyrste å auke den mentale stimulansen blant institusjonsbebarane, for det andre å samle det frivillige og profesjonelle kulturliv til kulturomsorg, og for det tredje å tilretteleggje for kultur på tvers av generasjonar. Alle informantane synest stort sett at det blir jobba godt på alle plan for å nå desse måla. Det stimulerer bebarane veldig å få høyre gamle kjende kjære ting. Ein informant synest at dette med den mentale stimulansen er litt vanskeleg å seie. Den trur ho eigentleg aukar mest i det daglege. «Det fiksar vi sjølve. Det er vår jobb utanom.»<sup>101</sup>

---

<sup>101</sup> Intervju Arntsen 14.10.2014

Ein gong var det ei gammal dame som skulle vera med på leikarringen. Etterpå kom ho bort til oss og sa at ho var så lei seg fordi ho ikkje hadde fått vera med på det som skjedde i dag. Så sa eg til henne: "Du var jo med og dansa! Å var eg det! Så godt å høyre."<sup>102</sup>

Dette viser at kulturaktivitetar kan ha sin verdi og virke stimulerande sjølv også for dei som er litt demente.

Når det gjeld å samle dei frivillige og profesjonelle til kulturomsorg, meiner arrangørane at dei har fått dette til, og at balansen er god. Dei ser i grunnen ingen motsetningar eller konkurranseforhold. Dei fleste som opptrer er profesjonelle musikarar eller pedagogar. Men dei engasjerer også glade amatørar som lokale kor og korps. Profesjonell betyr for dei profesjonell i uttrykket, ein treng ikkje nødvendigvis å ha det som levebrød. Utøvarar som tek profesjonelle honorar set dei større krav til, og då er dei raske med tilbakemeldingane. Når det gjeld dei frivillige, så tolererer dei meir.

Vi har fleire som gjerne vil bidra i Rullatoren, f eks pensjonerte musikarar frå symfoniorkesteret eller pensjonerte lærarar, og dei gjer ein kjempejobb. Og framleis er det ynskje om å få besøk av lokale kor og korps. Så eg føler ikkje at det er nokon motsetning her. Vi skulle faktisk hatt eit større nedslagsfelt og fleire stader å drysse dette ut på.<sup>103</sup>

Tilrettelegging på tvers av generasjonar synest dei også at dei har fått til. Dei gjer i allfall sitt beste, av og til lukkast dei og av og til ikkje. Dei har ein del kontakt med skular og barnehagar, men det går utanom KulturRullatoren. Dei prøver å drive marknadsføring ved å henge opp plakatar rundt i nabølaget, men det er relativt sjeldan at dei får besøk av «eksterne» som ikkje bur eller arbeider på institusjon til dagleg.

Det er nok heller sjeldan at vi får besøk av folk utanfrå. Unntak er sjølvsagt pårørande som skal besøke sine. Det er ikkje alltid så lett for yngre slektingar å sitje og prate med ein dement person, og av og til kan det vera bra å oppleva noko fint saman.<sup>104</sup>

Eg er jo ein generasjon yngre enn dei fleste som var her i dag, men likevel føler eg at vi deler musikken og minna.<sup>105</sup>

Informantane veit at det er forskjellar på måla for Den Kulturelle Spasersokken nasjonalt og måla for KulturRullatoren. Sjølv om kommunen har litt andre målformuleringar enn staten, så føler dei ikkje at det er nokon konflikt eller motsetnad. Meir om dette i kap 6.

På SeniorKilden seier dei at dei i utgangspunktet ikkje er så opptekne av måla for KulturRullatoren. Dei er sjølvfinansierande, dei får ikkje økonomisk støtte frå

---

<sup>102</sup> Intervju Korsvik 12.01.2015

<sup>103</sup> Intervju Emanuelsen 19.11.2014

<sup>104</sup> Intervju Ellingsberg 10.10.2014

<sup>105</sup> Intervju Arntsen 14.10.2014

KulturRullatoren, og treng difor ikkje å ta omsyn til dei nasjonale måla for Den Kulturelle Spaserstokken. SeniorKilden har mest fokus på byggje opp eit publikum som er ute etter gode kunst- og kulturopplevingar. Dei er heller ikkje så veldig opptekne av å dra inn amatørar og frivillige krefter. Det er nok meir aktuelt for KildenDialog. Men elles er dei einige i målsettingane om profesjonalitet og kvalitet på høgt nivå. Oppslutninga om arrangementa på SeniorKilden varierer. Operette- og filmmelodiar samt gladjazz er stort sett sikre favorittar. Foredrag og lokalhistoriske filmar likeså.

Når det gjeld innhald, kvalitet og publikumsappell på Rullator-arrangementa på institusjonane, så seier arrangørane at programma stort sett «går heim» hjå dei gamle. Som eksempel nemner dei ein konsert med engelskspråklege «svisker», kor han som leia konserten prata forholdsvis mykje. Han greidde det fint, men dei poengterer at du skal vera veldig dyktig for å fenge dei gamle med så mykje snakk. «Programmet i dag var bra, men dei gamle set nok endå meir pris på gjenkjennelege norske ting, melodiar dei minnest frå yngre dagar». <sup>106</sup> Dei synest at utøvarane for det meste er dyktige formidlarar. Dei fyrste åra med rullatoren opplevde dei at det kom utøvarar med litt *primadonnanyakker* som behandla dei gamle litt meir som klientar enn som vanlege publikummarar. Med andre ord at det ikkje var så nøyne med dei gamle, og at dei dermed kunne ta det litt lettvinnt med formidlinga. Dette fenomenet er sjeldnare no. Somme viser stor empati og har syn for enkeltmennesket, dei ser verdien uansett kven dei opptrer for. Desse er fantastiske formidlarar og oppnår god respons frå alle brukarane, nesten uansett kva tilstand dei er i. Andre utøvarar derimot har kanskje ikkje det same verdisynet når det gjeld å omgåast og formidle kultur til demente, gamle og sjuke menneske. Arrangørane har opplevd kunstnarar som er superflinke til å syngje og spela og som gjerne vil inn i KulturRullatoren, men som ikkje greier få kontakt med publikum. Dei nøyer seg med å synge og spele for dei gamle, men oppnår i grunnen ikkje noko særleg kontakt utover det. Då gir arrangørane beskjed til programmeringsansvarlege om at dei ikkje vil ha dei, med den konsekvensen at vedkomande utøvar gjerne ringjer direkte til den enkelte institusjonen. Mange lever av dette, heilt eller delvis. Alle innser sjølvsagt at målgruppa kan vera krevjande. «Støy i salen i form av høglytte kommentarar og rop opplever vi av og til. Men dette må også utøvarane lære seg til å takle etter kvart». <sup>107</sup>

---

<sup>106</sup> Intervju Ellingsberg 10.10.2014

<sup>107</sup> Intervju Emanuela 19.11.2014

KulturRullatoren har etter kvart fått stor betydning, for både for byen generelt og for eldre spesielt. Det blir snakka mykje om Rullatoren. Den har eit godt omdømme, ikkje minst for institusjonane og dei som jobbar der. Dei høyrer ikkje lenger utsegner som «det skjer aldri noko her».

Eg trur at det faktum at det skjer så mykje positivt med rullatoren er med på å dempe litt av den misnøyen med kommunen blant dei pårørande som vi har hatt litt av tidlegare. No kan dei ta med seg sine og gå på konsert opptil fleire gonger i veka. Det at det stadig skjer ting skapar eit godt omdømme blant folk. Det positive fortengjer det negative. Når eg treffer politikarar og folk i administrasjonen så får eg alltid kommentarar som "det går bra med rullatoren!" og "svære annonsar du har i avisar" og slike ting.<sup>108</sup>

Dei meiner at dei har greidd å skape ein eigenart, ein slags merkevare av KulturRullatoren. Folk får positive assosiasjonar når dei ser og høyrer om den. Ideen med KulturRullatorologoen, handlekorga med mange ting opp i, er at du kan ha mange ting med deg, og at den har eit allsidig og mangfaldig innhald. KulturRullatoren er ein innertiar på det å gjera mykje for mange. Det er ein positiv driv i heile byen. Rullatoren er for alle, og den er allsidig. Det er ikkje mange år sidan eldreibutikken var nokså lukka for impulsar utanfrå. Arrangørane seier vidare at KulturRullatoren har utvikla seg på mange plan dei 8-9 åra den har eksistert. Ikkje minst med omsyn til tilgang på dyktige utøvarar. Kvaliteten har heva seg, og dei har fått mange nye samarbeidspartnarar, både SeniorKilden og andre. Det vart på ein måte eit nytt regime når dei fekk statlege kroner inn i systemet, med krav til rapportering. Dei opplever vidare at det faktisk er overskot på utøvarar som vil vera med. Det har gradvis skjedd ei profesjonalisering i den forstand at dei utøvarane som kjem på besøk har erfaring, dei veit kva dei går til og kva som blir forventa av dei.

Kvantitetsmessig har dei nådd det nivået som det er mogeleg å traktere for institusjonane, så framover blir det å jobbe med kvaliteten og mangfaldet i kunst- og kulturuttrykk.

Når det gjeld praktisk organisering, så seier dei programansvarlege at dei kunne ha ynskt seg betre samarbeid med omsorgsinstitusjonane på visse felt.<sup>109</sup> Dei prøver difor å reise litt rundt for å sjå og lytte. Håpet til programansvarlege er at alle blir meir interesserte, og prioriterer Rullatoren høgare.

Styrarane på institusjonane seier at utfordringane er få og handterbare. Jobben deira består i å vera tilretteleggjarar, og syte for at utstyr til både utøvarar og publikum er på plass. Styrarane rosar dei som programmerer Rullatoren. Programansvarlege følgjer opp med

---

<sup>108</sup> Intervju Emanuelsen 19.11.2014

<sup>109</sup> Meir om dette under utfordringar i kap. 6.2.5

telefonar kvar torsdag for å minne om at det snart er konsert, og for å sjekke at alt er i rute.

Ein av styrarane uttaler:

Vi prøver å plukke opp ting som vi får høre og bringer det vidare, både til dei som lagar programmet og til utøvarane. Vi møtest regelmessig og evaluerer også i etterkant dersom vi føler behov for det, f. eks. viss det er ting som har fungert mindre bra. Den lokale tilrettelegginga forventar vi ikkje at dei som programmerer skal ta ansvar for, den må vi ordne sjølve.<sup>110</sup>

Ansvarleg for SeniorKilden seier at Kilden har dei fasilitetane som skal til, og at det teknisk-logistikkmessige går også veldig greitt fordi samarbeidet er godt forankra i den øvste leiinga på Kilden. Dei fleste som går på SeniorKilden er sjølvgåande, og dei som treng transporthjelp får det av kommunen.

## **Byråkrat- og politikarperspektivet**

Dette er basert på dei synspunkta som tidlegare statssekretær i Kulturdepartementet, fylkeskultursjefen i Vest-Agder og kulturdirektøren i Kristiansand kommune hadde på KulturRullatoren.

Alle legg vekt på at kunst- og kulturopplevingar har betydning for livskvaliteten til alle menneske. Dei som er friske og raske kan velja og vrake tilbod, men det finst grupper som ikkje utan vidare greier å oppsøkje konserthuset eller biblioteket, blant anna dei eldre på institusjonane. Då trengs det tilrettelegging for å få den profesjonelle kunsten og kulturen ut til desse. Her kjem KulturRullatoren inn. Den generelle oppfatninga i kommunen er at dette er eit tilbod som er høgt verdsett av brukarane, og det er for alle. Utgangspunktet var at dette først og fremst skulle gjelde eldreinstitusjonane. No omfattar det også SeniorKilden og SeniorKino, noko som gjer at det har vorte veldig allsidig. Då møter ein både dei friske og dei meir eller mindre skrøpelege, og det er bra. Det er strålende at det skjer noko på institusjonane, mange av dei har snautt nok pengar til aktivitørar. Og det er flott at det er program som er tilpassa målgruppa.

Når det gjeld innhald og profil, så dreg fylkeskultursjefen ein parallel til Den Kulturelle Skulesekken. I skulesekken er ein veldig oppteken av å nå målgruppa, i tillegg til formidling og kvalitet. Etter som ho berre har sett få av KulturRullatoren sine program, så vil ho ikkje uttale seg generelt om dette. Men ho har inntrykk av KulturRullatoren i dag er nokså tradisjonell kulturformidling. Det er lite nytt og spenstig. På sikt kunne det vera spennande å tenkje litt meir utvikling, ein kunne setje av midlar til å koma opp med noko

---

<sup>110</sup> Intervju Ellingsberg 10.10.2014

anna enn det vanlege. I tilsgnbsrevet frå departementet til fylkeskommunane i 2014 står det at nyskaping og nye tilbod skal prioriterast. Dette er ei standardformulering som ein også finn for Den Kulturelle Skulesekken. Målgruppe er noko ein kanskje burde fokusere meir på også innan KulturRullatoren. Det burde f. eks. ikkje vera noko i vegen for alt ein kunne jobbe litt med verkstader, for eksempel bruke ein musikkterapeut kombinert med utøvarar og køyre «workshops». Slik som i skulesekken der det blir utvikla prosjekt som går over lengre tid. Dette kunne hatt betydning for nyskaping og kvalitet.

På spørsmål om målsetjingane frå Staten og Kulturdepartementet si side er blitt innfridd gjennom KulturRullatoren, seier den tidlegare statssekretæren:

Ja, absolutt. Vi har fått ei god organisering, og kvalitativt gode tilbod som brukarane sluttar opp om. Vi kan sikkert sjekke visse programpostar i Rullatoren, og stille spørsmål ved om dette er profesjonelle kunstnarar eller artistar. Men dette er ikkje det viktigaste. Dei lokale retningslinene for KulturRullatoren går ikkje på tvers av dei nasjonale, dei har berre litt ulikt fokus.<sup>111</sup>

Ho seier at Kulturdepartementet er klar over at kommunane organiserer dette på litt ulikt vis, både når det gjeld målgruppe, programprofil og praktisk gjennomføring. Men dei har tillit til at kommunane greier å utforme dette sjølve, og har ikkje noko behov for å detaljstyre dette. Men det er viktig å lytte til brukarane og dei pårørande. Nokre kommunar prioriterer dei eldste eller mest pleietrengande eldre, medan andre kommunar har ei meir blanda målgruppe. Somme kommunar satsar berre på institusjonane, medan andre også har offentlege arrangement. Og det er heilt greitt, dette bestemmer kommunane sjølve.

Den viktigaste ringverknaden som KulturRullatoren har skapt er det sysselsettingsmessige, det at det gir oppdrag til mange frilans musikkarar og andre kunstnarar. Det er krevjande å livnære seg som kunstnar på heiltid. I kombinasjon med skulesekken, fengelskonsertar og andre ordningar skaper KulturRullatoren avgjort arbeidsplassar for kunstnarar, og det er bra. Det handlar også om profesionalisering av kulturlivet. Sett frå kulturen sin ståstad er dette viktig, det gir store ringverknader.

Eg har her presentert informantane sine forteljingar slik dei vart fortalte til meg gjennom intervju. I den påfølgjande analysen blir dette materialet sett opp mot teori og empiri, samt mine eigne betraktnigar.

---

<sup>111</sup> Intervju Gundersen 20.11.2014

## 6 Analyse

Då eg starta dette prosjektet hadde eg ingen klåre forventningar om kva eg ville finne, altså ingen bestemt hypotese som eg ville ha stadfesta eller avsanna. Utgangspunktet mitt, basert på eigne observasjonar, var at Den Kulturelle Spaserstokken er ei positiv og verdifull ordning som fyller eit behov, og som det er vel verdt å ta vare på. Målet mitt var å finne ut meir om kva som var bakgrunnen for at ordninga vart oppretta, samt undersøkje korleis den fungerer i praksis i ein norsk kommune.

Empirien har eg samla inn gjennom studiar av politiske dokument og rapportar, samt intervju og observasjon. Eg har henta inn informasjon frå politisk og administrativt nivå i stat, fylkeskommune og kommune. Eg har snakka med lokale arrangørar og brukarar, d. v. s. publikum på spaserstokk-arrangement. Vidare har eg studert relevant teori i form av faglitteratur og forsking om emneområdet kultur og eldre.

For å knyte an til metodeteorien om epistemologiske standpunkt (jf. kap 4.1), så heller eg mest mot den hermeneutiske sida, nemleg at eg har opplevd at eg som forskar har hatt stor innverknad på prosessen. Eg har hatt regien, eg har kunna stille spørsmåla, eg har tolka informantane sine utsegner og gjenfortalt dei på min måte. Mine eigne forventningar og eventuelle fordommar har sikkert også påverka prosessen. Og sett i lys av Kvale og Brinkmann sine metaforar,<sup>112</sup> så vil eg hevde at i ein kvalitativ studie som dette, basert på intervju, så har eg som forskar vore meir reisande enn gruvearbeidar. Det eg har opplevd gjennom å observere og intervju dei eldre, kan samanliknast med ei reise i ukjent landskap som eg i ettertid har gjengitt som forteljingar.

I dette kapittelet vil eg, med utgangspunkt i problemstillinga, gjera greie for funn eg har gjort og resultat eg har kome fram til. Desse vil eg analysere og drøfte på ein systematisk måte i lys av teori og empiri. Analysen er hovudsakleg delt i to hovuddelar, på same måte som også problemstillinga er todelt. Fyrste delen vil handle om kva som er intensjonen bak Den Kulturelle Spaserstokken, mellom anna om føremålet primært er kulturpolitisk eller helse- og sosialpolitisk. Her ser eg på retningslinene for spaserserstokken og relaterer den til mi eiga problemstilling. I den andre delen er det Kristiansand KulturRullator som skal under lupa. Her samanliknar eg dei nasjonale måla for spaserstokken med måla for

---

<sup>112</sup> Brinkmann og Kvale (2015) s 55

KulturRullatoren, og eg ser på både erfaringar og utfordringar med KulturRullatoren slik den er i dag.

## 6.1 Intensjon og føremål med Den Kulturelle Spaserstokken

For å starte med namnet *Den Kulturelle Spaserstokken*. Her uttalte rådgjevar Sverre Mjøen i Kulturdepartementet i 2008:

Namnet spaserstokken er også inspirert av andre tiltak retta mot eldre. For eksempel Trondheim og Kristiansand har brukt liknande omgrep, og vi finn også namn som vandringsstaven, rullator, o.s.v.<sup>113</sup>

Kristiansand kommune har sin *KulturRullator*. Trondheim kommune hadde eit prosjekt gåande frå 2002 til 2007. I starten heitte prosjektet *Aktivitet i omsorgsboliger*, så *Kulturpakken*, seinare *Den Kulturelle Vandringssstaven* for deretter å skifte namn slik at det blei likt det nasjonale namnet *Den Kulturelle Spaserstokken*.<sup>114</sup>

Retningslinene for Den Kulturelle Spaserstokken er (jf. kap. 2.1):

1. å syte for profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet til eldre, gjerne etter modell frå Den Kulturelle Skulesekken og gjerne i samarbeid med kunst- og kulturinstitusjonar, kunstnarar og andre kulturaktørar på lokalt eller regionalt nivå
2. å legge til rette for auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren, slik at det blir utvikla gode kunst- og kulturprosjekt lokalt innanfor eit mangfold av sjangrar og uttrykk
3. å bidra til at eldre får eit tilpassa kulturtilbod på arenaer der dei er å finne i dagleglivet

Med dette som utgangspunkt, kan ein seie at intensjonen er å bringe kunst og kultur ut til våre eldre, basert på *kvalitet, mangfold og tilgjengeleghet*.

### 6.1.1 Kvalitet

Punkt 1 i retningslinene handlar om å formidle profesjonell kunst og kultur av høg kvalitet. Ved å trekke tråden attende til kap. 3.1.1. og definisjonen av kultur, så vil eg hevde at Den Kulturelle Spaserstokken har henta verdigrunnlaget sitt frå det som kulturforskar Per

---

<sup>113</sup> Bråten (2008): *Størst av alt er kjærligheten*. Feltarbeid med rapport. Bacheloroppgåve ved Høgskolen i Telemark.

<sup>114</sup> Trondheim kommune (2007) s 9

Mangset kallar det ”Det kvalitative, verdiorienterte eller humanistiske kulturomgrepet.<sup>115</sup> Dette omgrepet danna mykje av grunnlaget for kulturpolitikken i Noreg i perioden frå etter 2. verdskrigen og fram til ca. 1970. Danningsaspektet var viktig. Den gode og høgverdige kulturen skulle ut til folket, og dette vart best ivareteke og formidla av profesjonelle kunstnarar og kulturarbeidarar. Rikskonsertane, Riksteateret og andre statlege kulturinstitusjonar vart oppretta i denne perioden.<sup>116</sup> Det som har skjedd på 2000-talet, først med Den Kulturelle Skulesekken og så med Den Kulturelle Spaserstokken, er begge ein del av den same tradisjonen, sjølv om det artar seg på ein litt annan måte. På 1950- og 1960-talet var det å få rikskulturen ut til folket som hadde høgast prioritet. På 2000-talet har det vore meir snakk om å byggje ut infrastrukturen i heile landet, mellom anna ved å styrke dei regionale institusjonane. Kulturløftet I og II vart lansert, og det vart innført ny kulturlov i 2007. Det er uansett ingen tvil om at profesjonalitet og kvalitet har vore og er sentrale omgrep i den statlege kulturpolitikken. Og for å sitere Minura Mirza i boka *The Case of Universalism*: «Det uttalte føremålet til ein universell kulturpolitikk er å få ta del i det beste, og at menneska skal dele universell kvalitet som er heva over etniske eller kulturelle grupperingar.»<sup>117</sup>

Den Kulturelle Skulesekken er på mange måtar eit førebilete for Den Kulturelle Spaserstokken som nasjonal modell. Som vi var inne på, heitte det i retningslinene for Den Kulturelle Spaserstokken fram til 2013, at mål nr. 1 er «å syte for profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet til eldre, gjerne etter modell frå Den Kulturelle Skulesekken». <sup>118</sup> Skulesekken og spaserstokken er nokså forskjellige. Gjennom skulesekken får alle grunnskuleelevar innføring i og blir kjende med eit breitt spekter av kunst- og kulturuttrykk frå visuell kunst til kulturarv, formidla på eit profesjonelt nivå. Programmeringa i spaserstokken er mindre vesentleg, den er ikkje styrt etter klåre kulturfaglege kriterier slik som i skulesekken. Det at skulesekken er obligatorisk og spaserstokken er frivillig, samt at det ikkje er same målgruppa, gjer det også vanskeleg å samanlikne desse to direkte.

Ut frå den informasjonen eg har fått, både frå ein tidlegare rådgjevar og ein tidlegare statssekretær i Kulturdepartementet, så var intensjonen bak opprettinga av Den Kulturelle Spaserstokken først og fremst å gje dei eldre profesjonell kunst og kultur av høg kvalitet.

---

<sup>115</sup> Mangset (1992) s 17

<sup>116</sup> Mangset (1992) s 117

<sup>117</sup> Mirza(2012) s 293. Mi omsetjing.

<sup>118</sup> Kulturdepartementet (2013)

Retningslinene inneheld ingen formuleringar om helseeffektar. Mitt klåre inntrykk er at Kulturdepartementet har vore pådrivaren for å få denne ordninga på plass, og Helsedepartementet har hatt ei litt meir tilbaketrekt rolle. Den Kulturelle Spaserstokken er fyrst og fremst er eit kulturtiltak. Spaserstokken vart jobba fram då Trond Giske var kulturminister. Parallelane til Den Kulturelle Skulesekken er tydelege i den forstand at dette dreiar seg om å få den profesjonelle kunsten og kulturen ut til alle eller flest mogeleg eldre. Den Kulturelle Spaserstokken og Den Kulturelle Nistepakka<sup>119</sup> er begge døme på «demokratisering av kulturen»-prosjekt som den raudgrøne regjeringa jobba fram. Den Kulturelle Skulesekken vart lansert under Bondevik II-regjeringa, og fell inn i same kategorien. Følgjande dokument frå nyare tid som omhandlar spaserstokken: Inkluderingsmeldinga, Kulturløftet II og Kulturutredningen 2014, er alle klåre på at føremålet med ordninga er å bringe profesjonell kvalitetskultur ut til dei eldre.

Tidlegare rådgjevar Sverre Mjøen i Kulturdepartementet poengterte også dette med profesjonalitet og kvalitet.

Frå kulturdepartementet var målsettinga profesjonell kvalitetskultur. Vi meiner også at amatørkultur er ein god ting. I en kvardag på ein sjukeheim kan kven som helst koma, men kulturpolitisk så er det ikkje dette som er hovudpoenget, men at kultur av høg kvalitet var målet. Ja takk begge delar, kan ein på en måte seie. Det eine utelukkar ikkje det andre. Ein må føreta prioriteringar og val, og frå Kulturdepartementet er det det profesjonelle som er viktigast. Kva som er profesjonell kunst kan vera en utstilling, eit museumsbesøk, foredrag – det er sikkert forskjellig syn på dette, men at det skal vera eit profesjonelt moment i det.<sup>120</sup>

Han presiserte at for Kulturdepartementet er amatørkultur ein god ting, men målsettinga for Den kulturelle Spaserstokken er likevel profesjonell kvalitetskultur. Han brukte uttrykket "ja takk – begge delar", men fastheldt at for Kulturdepartementet er det det profesjonelle som likevel er det viktigaste. Det synest som om sjølv Kulturdepartementet verkar sprikande i sine definisjonar på profesjonell og amatør, og på kva som er kvalitetskultur for eldre. Tenkjer departementet på kva dei eldre sjølve vil ha? Rådgjevaren sa at i ein kvardag på ein sjukeheim kan kven som helst koma. Kulturdepartementet sit sjølvsagt med kompetanse på kultur, men er dei opne for å lytte til kompetansen frå den helsefaglige innfallsvinkelen? Kunnskap som kjem frå Helse- og sosialdepartementet, helseinstitusjonane og dei eldre sjølve? Rådgjevaren sa også noko om målsettinga med tiltaket, og at profesjonell kvalitetskultur er sett som viktigast frå departementets si side for

---

<sup>119</sup> Det Kongelege Kulturdepartement: *Kultur, inkludering og deltaking*. St.meld. nr. 10 (2011-2012) s 83

<sup>120</sup> Bråthen (2008)

å få midlar frå Den kulturelle Spaserstokken. Kultur av god kvalitet skal vera tilgjengeleg for alle der dei er.

I fyrste punktet i retningslinene, andre ledet, heiter det "gjerne i samarbeid med kunst- og kulturinstitusjonar, kunstnarar og andre kulturaktørar på lokalt eller regionalt nivå". I Kulturdepartementet er ein sjølvsagt klår over at kvalitetskultur på profesjonelt nivå kan vera ein godt mål å strekkje seg etter, men at det ikkje er realistisk å oppnå over alt. Det er store sett berre dei store byane som har kultur- og kunstinstitusjonar med profesjonell kompetanse. Jo lengre du kjem utanfor dei større sentra, jo dyrare blir det å engasjere profesjonelle krefter, og jo færre kunstnarar og kulturarbeidarar er det å ta av. Og så lenge det ikkje eksisterer nokon turnéordning i regi av fylkeskommunane, slik det gjer for Den Kulturelle Skulesekken, så blir det opp til kommunane å snekre saman program, eventuelt i samarbeid med frivillige lag og foreiningar.

### 6.1.2 Mangfald og samarbeid

Punkt 2 i retningslinene handlar om å leggja til rette for auka samarbeid mellom kultur og omsorg. Stortingsmelding nr. 25: «Tiltaket skal stimulere til tverrfagleg samarbeid mellom kultursektoren og omsorgstenesta gjennom finansiering av konkrete kulturaktivitetar. Satsinga har ei klår tilknyting til kulturfagleg kompetanse».<sup>121</sup> Og Omsorgsplanning 2015: «Den Kulturelle Spaserstokken skal gje brukarane av omsorgstenester eit breitt og profesjonelt kulturtildel». <sup>122</sup> Det eit uttalt mål å leggja til rette for samarbeid, og helsedepartementet bidreg med halvparten av midlane til spaserstokken. Kunstnarar og kulturarbeidarar skal stå for innhaldet i spaserstokken, og omsorgssektorens oppgåve er å leggje til rette.

I det same punktet i retningslinene blir det lagt vekt på mangfald når det gjeld sjangrar og uttrykk. Men det ligg ingen konkrete føringar om kva slags kunst- og kulturuttrykk som ein forventar at dei eldre skal bli eksponert for, om det f. eks. er klassisk høgkultur, folkekultur eller populærkultur. Her er det igjen interessant å dra ein parallel til Den Kulturelle Skulesekken. I Stortingsmelding nr. 38 som omhandlar skulesekken, blir det poengtatt at ein offensiv kulturpolitikk er eit naudsynt korrektiv og supplement til den kommersielle underhaldningsindustrien, og kan motverke einsretting, intoleranse og kunnskapsløyse.<sup>123</sup>

---

<sup>121</sup> Helse- og omsorgsdepartementet (2005-2006) s 19

<sup>122</sup> Helse- og omsorgsdepartementet (2007-2008) s 12

<sup>123</sup> Kultur- og kyrkjedepartementet (2002-2003) s 16

Alle born og unge har tilgang til kultur heile tida, men denne kulturen er i stor grad kommersiell, og dei får den gjennom massemedia. Gjennom Skulesekken og møte med kunst og kultur av høg kvalitet får dei ei motvekt mot populærkulturen. Når denne populært kulturen i stor grad er definert ut av skulesekken, så er det fordi ungane likevel har tilgang til den på fritida via mange kanalar og ulike media. Dei gamle sine kulturimpulsar er også i høg grad mediebaserte, dei ser på fjernsyn. Men skilnaden er at om du fjerner Skulesekken, så er det neppe mange barn som vil reagere negativt på det. Tek du bort Spaserstokken frå dei gamle på institusjonane, så blir det eit tomrom som blir vanskeleg å fylle.

Dei gamle sin "pop-kultur" har mange kritisert Norsk Riksringkasting for å definere ut. TV-produsenten Stein Roger Bull hevda i eit debattinnlegg i Dagbladet 2. september 2014 følgjande:

Ingen vil ha de over 50. At programledelsen i de kommersielle TV-kanaler er tvunget til å følge sine markedsavdelinger er forståelig, men at NRK ignorerer to millioner potensielle seere, som har vokst opp med en TV-kanal de også betaler for, er vanskeligere å forstå.<sup>124</sup>

Han fekk støtte av den kjende TV-profilen Vidar Lønn Arnesen. Poenget til Bull er at NRK ignorerer to millionar potensielle sjåarar ved å kjempe om dei mellom 20 og 40 år, i konkurransen med TV 2 og TV Norge.

Den nye radiokanalen P1+ kom på lufta 2. oktober 2013. Aftenposten melde dette på følgjande måte:

Variert, velsmurt og velment. Nitimen i retroutgave? En isolert kosekrok for eldre? Den nye NRK P1 Pluss viser seg å være mer - pluss grundig forberedt og rutinert avviklet. NRK 1 kaster nå lytttere over 55 år hodestups fra FM-båndet og allmenn tilgjengelighet over i mer uvant teknologi for aldersgruppen: DAB, mobiltelefon og internett. Dermed kan den alminnelige P1 komme til å bli hippere.<sup>125</sup>

Det er ingen tvil om at mange av dei nye radiokanalane vi har fått dei seinare åra takka vere DAB-teknologien gir større mangfold og differensiering i eteren. NRK P1+ er eit døme på ein kanal for mange av den eldre garde som gjerne mellom anna vil høre mimrepop. Og difor er det verdifullt for dei eldre at spaserstokken formidlar noko av denne kulturen som dei etterspør, og som dei føler at dei blir svelteføra med av NRK og andre. Då blir det ikkje noko poeng for Den Kulturelle Spaserstokken å vera eit høgkulturelt korrektiv til populærkulturen i same grad som Den Kulturelle Skulesekken til dels er.

---

<sup>124</sup> Dagbladet (2014) <http://www.dagbladet.no/2014/09/02/kultur/meninger/kronikk/tv/tv-tilbud/35083463/>

<sup>125</sup> Aftenposten (2013) [http://www.aftenposten.no/kultur/anmeldelser/Variert\\_-velsmurt-og-velment-7327505.html](http://www.aftenposten.no/kultur/anmeldelser/Variert_-velsmurt-og-velment-7327505.html)

### 6.1.3 Tilgjengeleight

Punkt 3 i retningslinene slår fast at dei eldre må få oppleva kulturen i sitt daglege miljø. Stortingsmelding 25, *Mestring, muligheter og mening*: «Det er like viktig at aktivitetar blir tilbode i nærmiljøet som at aktivitetar på etablerte kulturinstitusjonar blir gjort tilgjengelege. Ved å integrere kulturtildob i helse- og velferdstenester, blir tilgangen til desse tenestene auka for dei med behov for ekstra tilrettelegging».<sup>126</sup> Omsorgsplan 2015 seier følgjande: «Gjennom auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren skal det utviklast gode kunst- og kulturprosjekt lokalt som skal vera tilgjengeleg for eldre.»<sup>127</sup> Tankegangen er at dei som er lite mobile og treng tilrettelegging og hjelp skal få tilgang til dei same kulturgoda som alle andre. Tidlegare kulturminister Trond Giske uttalte følgjande i ei pressemelding då spaserstokken vart lansert: «Den (spaserstokken)skal bidra til å gje kunst- og kulturopplevelingar til eldre menneske på eldresenter, sjukeheimar og ulike kulturarenaer.»<sup>128</sup> Og rådgjevar Sverre Mjøen i Kyrkje- og kulturdepartementet uttalte i 2008: «Kulturen skal vera tilgjengeleg for alle der dei er, og mangfaldet er viktig. Eldre på institusjonar er dei som ein fyrst og fremst har i tankane.»<sup>129</sup> Desse sitata, samt det faktum at Helse- og omsorgsdepartementet går inn med halvparten av finansieringa, er eit signal om at ein vil prioritere eldre med ulik grad av pleiebehov, at kulturformidlinga skal føregå på dei arenaene der dei eldre er til dagleg, og at det skal stimulere til auka samarbeid mellom kultur og omsorg om finansiering av konkrete kulturaktivitetar. Eldre skal ha like stor rett som alle oss andre til å få oppleva kultur på høgt nivå og innan eit mangfald av sjangrar. Dette får dei lettast på dei arenaene der dei er å finne i daglelivet, og dette skjer i Kristiansand. Det som er finansiert av KulturRullatoren føregår på omsorgsinstitusjonane.

### 6.1.4 Dei eldre

Kva meiner så Kulturdepartementet med "dei eldre"? Som eg var inne på i kap. 3.1.3 er det i hovudsak to måtar å operasjonalisere dette på. Den eine er å knyte det til kronologisk alder. Men nettopp fordi det er så store individuelle forskellar, så er det problematisk å beskrive alderdom ut frå kronologisk alder eller pensjonsalder. Den andre måten er å knyte det til grad av pleiebehov eller behov for tilrettelegging. I retningslinene for Den Kulturelle

---

<sup>126</sup> Helse- og omsorgsdepartementet (2005-2006) s 100-101

<sup>127</sup> Helse- og omsorgsdepartementet (2007-2008) s 12

<sup>128</sup> Kulturdepartementet 23.04.2007

<sup>129</sup> Bråthen (2008)

Spaserstokken er det ikkje sagt eksplisitt kva som er meint med «eldre».

Kulturdepartementet stadfestar i ein e-post at uttrykket "dei eldre" ikkje er nærmere presisert i ordninga. Nokre kommunar har prioritert dei eldste og mest pleietrengande eldre. Andre har ei meir blanda målgruppe for tiltaka.<sup>130</sup> Kven som skal prioriterast er i stor grad opp til den enkelte kommune å avgjera. Ut frå målsettinga om tilgjengeleghet for alle er det logisk at dei eldste og mest pleietrengande eldre er kjernemålgruppa for spaserstokken, men ut over dette er det opp til kommunane korleis dei vil innrette tiltaka. Somme kommunar tilbyr offentlege arrangement som er gratis for alle pensjonistar i tillegg til det som skjer på institusjonane. Alt dette tyder på at departementet ikkje ser det som særleg viktig å målrette desse ressursane inn mot eit spesielt segment av eldre, dette blir overlate til det kommunale sjølvstyret.

I tildelingsbrevet frå departementet til fylkeskommunane står det at dei statlege midlane til Den Kulturelle Spaserstokken skal fordelast etter følgjande variablar: talet på personar over 70 år, geografisk avstand og kulturell infrastruktur. Men dette er standardkriterier som ein finn på mange område kor det er snakk om overføringer frå staten til kommunane.

I Trondheimsmodellen var målgruppa seniorar over 50 år, med særleg vekt på dei som treng tilrettelegging for å nytte seg av kulturtildobd.

Statistisk Sentralbyrå koplar i sine kulturbruksundersøkingar *eldre* til aldersgruppa 67-79 år. Statistikk frå SSBs kulturbarometer publisert i 2013, som samanliknar 1991 med 2012, viser at folk over 67 år går sjeldnare på kino enn gjennomsnittet av befolkninga. Det same gjeld til ein viss grad konserter og kulturfestivalar/festspel.<sup>131</sup> Ein plausibel grunn til dette kan vera at mange eldre kvir seg for å gå ut på kino eller konsert om kvelden når det er mørkt og utsynlig, det treng ikkje å bety at interessa for film og musikk blir mindre. Elles er det jo nærliggjande å anta at aldring og redusert mobilitet også fører til redusert kulturbruk og -interesse. På den andre sida, dersom ein igjen samanliknar 1991 med 2012, så aukar besøket på kunstutstillingar, museum og bibliotek i aldersgruppa 67+. Om ein hadde gått nærmare inn og sett på variasjonar i forhold til kjønn, utdanning, yrkesbakgrunn, bustad, m.m., så ville biletet ha vorte meir nyansert. Men statistikken frå SSB gir trass alt ein viss peikepinn om kulturbruk og -interesse blant våre eldre. Ei svakheit ved denne statistikken er at den ikkje fangar opp aldersgruppa 80+ som utgjer majoriteten av dei som vi finn på

---

<sup>130</sup> E-post frå Kulturdepartementet 11.11.2014

<sup>131</sup> Statistisk Sentralbyrå (2013)

sjukeheimar og eldresenter. Det er jo i dette sjiktet vi finn dei som har ulikt grad av pleiebehov og treng tilrettelegging, og som er mest avhengige av Den Kulturelle Spaserstokken for å få kulturopplevingar.

### 6.1.5 Kulturpolitikk eller helse- og sosialpolitikk

Eit sentralt spørsmål i denne oppgåva er om føremålet med Den Kulturelle Spaserstokken primært er å skape gode kulturopplevingar for dei eldre, eller å oppnå sosiale og helsemessige gevinstar? Er den individuelle kulturopplevinga målet, eller auka velvære og livskvalitet? Kanskje er det begge delar? I rapporten *Helse og kultur – prosessevaluering av en nasjonal satsing på kultur og helsefremmende virkemiddel*, hevdar forskarane Bergliot Baklien og Yngve Carlsen at dette er eksempel på instrumentell bruk av kulturen. Når det sosiale livet rundt kulturaktiviteten ikkje lenger blir eit biprodukt, men sjølve hovudsaka, så er det mange som er uroa over at kulturomgrepet ikkje berre blir utvida, men også utvatna.<sup>132</sup> I Trondheimsmodellen og andre forsøk som føregjekk tidleg på 2000-talet, så var kulturens funksjon temmeleg instrumentell. Helsegevinstar av kulturaktivitetar hadde stort fokus. Det handla om å skape møteplassar, og leggje til rette for aktivitetar som skaper positive opplevingar. I stortingsmeldingane *Mestring, muligheter og mening* (2005-2006) og *Omsorgsplan 2015* (2007-2008) blir det hevdat at bruk av kultur kan verke helsefremjande, altså vera eit middel til å oppnå betre helse. I desse meldingane er det mykje merksemrd og fokus på helsegevinstar av kulturaktivitetar, mental og fysisk stimulering, m.m., og kulturen blir brukt som eit instrument for å oppnå dette. «Kulturelle uttrykk har sin eigen verdi knytt til sjølve livet. Men kultur kan også gje god helse, og ha både førebyggjande og behandlande effekt.»<sup>133</sup> Stortingsmeldinga seier her at kulturuttrykka er verdifulle i seg sjølv, samtidig som dei (kulturuttrykka) kan gje betre helse, ergo er kulturen eit middel eller instrument for å oppnå dette. Her er det også på sin plass å dra inn Geir Vestheims artikkel *All kulturpolitikk er instrumentell*.<sup>134</sup> Han hevdar at sett frå det politiske systemet sitt perspektiv så har kunst og kultur ingen verdi i seg sjølv, det har berre verdi i forhold til eit publikum. Når intensjonen bak spaserstokken er primært kulturpolitisk og ikkje helsepolitisk, så er det berre snakk om ulike instrumentelle motiv. Ved at Staten løyver pengar til Den Kulturelle Spaserstokken, så er ikkje det fordi ein vil styrke og vidareutvikle den kunsten og kulturen som blir formidla, men for at dei gamle

---

<sup>132</sup> Baklien og Carlsen (2000) s 6

<sup>133</sup> Helse- og omsorgsdepartementet (2005-2006) s 100-101

<sup>134</sup> Vestheim (2009) s 56-57

skal få stimulerande kulturopplevingar. I denne konteksten er det også naturleg å trekke inn Ole Marius Hylland sin artikkel *Om eigenverdi*. Eigenverdi blir gjerne definert i opposisjon til ein verdi som ligg utanfor objektet. Ein eigenverdi kan forståast i motsetnad til ein instrumentell verdi, og eit mål i seg sjølv står i motsetnad til eit middel.<sup>135</sup> Som eg var inne på i kap. 6.1.1. er føremålet for Den Kulturelle Spaserstokken å bringe profesjonell kvalitetskultur ut til dei eldre. Med andre ord er det eigenverdien av gode kulturopplevingar som er det sentrale. Underforstått er betre helse og auka velvære hyggelege bieffektar av dei gode kulturopplevingane. Helse- og sosialdepartementet ville truleg leggje meir vekt på helse og velvære.

Då Den Kulturelle Spaserstokken vart lansert i 2006 i regi av Kulturdepartementet, stod det ingenting om helseeffektar i mål og retningsliner. Etter regjeringsskiftet i 2013 har vi opplevd to ting som er verd og leggje merke til. For det første vart formuleringa om "etter modell frå Den Kulturelle Skulesekken" teken vekk. Og for det andre kom framleggjet om nedlegging i samband med statsbudsjettet for 2015. Regjeringa føreslo ei omprioritering. Dei ville bruke 5 mill. kr meir til å vidareutvikle og spreie opplæringsprogram om miljøbehandling og integrert bruk av musikk og song til tilsette i omsorgstenesta. Vidare ville dei omprioritere 10,4 mill. kr til å utvikle tiltak for aktivitet og kultur i omsorgstenesta.<sup>136</sup> Interessant er det også at det var helseministeren og ikkje kulturministeren som svara på spørsmål i Stortinget om nedleggingsforslaget. Framleggjet om nedlegging grunngav helseministeren med at regjeringa hadde valt å prioritere kompetansebygging i eldreomsorga, der dei ville bruke kultur og musikk som terapi. Kunst- og kulturtildeling som eldre har fått gjennom Den Kulturelle Spaserstokken omtalte statsråden som underhaldning som kommunane hadde mogelegheit til å syte for sjølve.<sup>137</sup> Dette er den offisielle grunnen, men ein skal ikkje sjå bort frå at det også var eit motiv å spare pengar. Forslaget førte til mange skarpe reaksjonar, ikkje minst blant dei eldre, og det enda med at det vart nedstemt.

Fylkeskultursjefen i Vest-Agder seier at det er mogeleg at om det hadde vore ei formulering eller to om helse i retningslinene for Spaserstokken, så ville kanskje regjeringa

---

<sup>135</sup> Hylland (2009) s 10

<sup>136</sup> Stortinget - Møte onsdag den 22. oktober 2014 kl. 10.00. Spørsmål 11.

<https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Referater/Stortinget/2014-2015/141022/ordinarsporretime/11/>

<sup>137</sup> Stortinget - Møte onsdag den 22. oktober 2014 kl. 10.00. Spørsmål 11.

<https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Referater/Stortinget/2014-2015/141022/ordinarsporretime/11/>

ha vore mindre ivrige etter å få lagt ordninga ned.<sup>138</sup> Dette er hennar personlege oppfatning, men ein skal ikkje sjå bort frå at ho har eit poeng. Eg tolkar dette som ein dragkamp i statsapparatet mellom kultur og helse. Utgangspunktet i dei nemnde stortingsmeldingane var at kultur har ein eigenverdi, men den kan også ha helseeffektar. Under den raudgrøne regjeringa var Spaserstokken kulturpolitikk, eit "demokratisering av kulturen"-prosjekt med parallellar til Den Kulturelle Skulesekken. Solberg-regjeringa fjerna målformuleringa som kopla Spaserstokken til Skulesekken. Og framlegget om nedlegging var eit strategisk val der målet var å vri satsinga over frå kultur til helse. Forskar Audun Myskja har gjennom studiar funne ut at bruk av musikk innan ei terapeutisk ramme aukar kjensla av velvære og tilfredsheit med livet blant eldre menneske. Altså eit klassisk eksempel på instrumetell bruk av kultur.<sup>139</sup>

Men treng det vera ein motsetnad mellom det kulturpolitiske og det helsepolitiske aspektet her? Kan ein ikkje seie at den individuelle opplevinga og den sosiale hygga og velværet som ein får på kjøpet kveikjer kvarandre, og at det er to sider av same sak? Eg meiner ja, dersom ein ser pragmatisk på det. Eg viser igjen til Arild Danielsen og «det sosiale ritualet».<sup>140</sup> Det å kunne dele kulturopplevingar med andre fører til at emosjonane blir intensiverte, og det blir skapt samkjensle.

## 6.2 Kristiansand KulturRullator – erfaringar og utfordringar

Denne delen av problemstillinga har eg operasjonalisert gjennom å samle empiri frå Kristiansand kommune, og studert korleis dei har løyst og løyser dette. Dette kapitlet vil difor i hovudsak dreie seg om KulturRullatoren, men det blir også nokre betraktnigar som går ut over Kristiansand kommunes grenser, og som omhandlar spaserstokken generelt.

### 6.2.1 Mål

Kristiansand kommune har formulert tre mål for sin KulturRullator:

1. å auke den mentale stimulansen for institusjonsbeboarar

---

<sup>138</sup> Intervju Hageland 20.11.2014

<sup>139</sup> Myskja (2007) s 66

<sup>140</sup> Danielsen (2006) s 121

2. å samle det frivillige og profesjonelle kulturlivet til «kulturomsorg»
3. å leggje til rette for kultur på tvers av generasjonar

Dessutan vil KulturRullatoren at møtestadene skal vera på eldreinstitusjonar, og i tradisjonelle rom kor kulturen blir framført.<sup>141</sup>

Dei nasjonale måla for Den Kulturelle Spaserstokken er presenterte i kap 6.1. s 59.

Desse kan vi samanfatte i tre omgrep:

*Kvalitet.* De eldre skal få oppleva kunst og kultur på profesjonelt nivå.

*Mangfold.* Variasjon i sjangrar og uttrykk, og samarbeid mellom kultur og omsorg.

*Tilgjengelegheit.* Dei eldre skal få oppleva kulturen på dei arenaene dei er til dagleg.

Dersom vi samanliknar KulturRullatoren sine mål med dei nasjonale måla, så ser vi at dei er forskjellige og peikar i ulik retning. Rekkefølgja på måla seier ofte noko om prioritering. Som mål nr. 1 har Rullatoren mental stimulanse, medan spaserstokken har profesjonell kunst og kultur av høg kvalitet. Dette er interessant, det seier noko ståstadene til dei som har utforma desse retningslinene. På direkte spørsmål om kultursektoren i Kristiansand, dersom dei hadde hatt ansvar for KulturRullatoren, ville ha formulert eit mål om å auke den mentale stimulansen, seier kulturdirektøren:

Nei, sannsynlegvis ikkje. Det handlar vel om å posisjonere seg i forhold til budsjett og løyvingar. Det at helse og sosial har hatt ansvaret har nok prega programma til ein viss grad. Ein brukar nok litt forskjellige ord og omgrep i dei ulike fagsektorane. Men som sagt, vi ser praktisk på dette. Fungerer det og det når ut til folk, så er vi fornøgde.<sup>142</sup>

Går vi vidare til mål nr. 2, så vil KulturRullatoren samle frivillige og profesjonelle til kulturomsorg. Spaserstokken ynskjer samarbeid mellom kultur og omsorg, og mangfold. Samarbeid har dei to til felles, men på litt ulik måte. KulturRullatoren vil ha samarbeid mellom det frivillige og profesjonelle kulturlivet, medan Spaserstokken snakkar om samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren i kommunen. KulturRullatoren nemner dessutan ingenting om mangfold i sjangrar og uttrykk.

Som mål nr. 3 prioriterer KulturRullatoren kultur på tvers av generasjonar, samt å leggje til rette for kultur på dagleglivets arenaer. Spaserstokken nemner ingenting om at det er eit mål å samle fleire generasjonar. Dessutan er det også ein forskjell når det gjeld formidlingsarenaer. Spaserstokken vil presentere kulturen på dagleglivets arenaer, medan

---

<sup>141</sup> Kristiansand KulturRullator (2014)

<sup>142</sup> Intervju Sorthe 04.11.2015

KulturRullatoren i tillegg vil at dei tradisjonelle rom kor kulturen blir framført skal brukast.

Vi ser altså at målsetjingane er nokså forskjellige. Den viktigaste skilnaden er at Spaserstokken vil legge til rette for kunst- og kulturopplevingar på profesjonelt nivå, altså eit kulturpolitisk mål, medan KulturRullatoren snakkar om mental stimulanse, altså eit helsepolitiske mål. Eg har spurt fleire av informantane mine om dei opplever at det er forskjellar mellom måla for Spaserstokken nasjonalt og KulturRullatoren.

Eg føler ikkje at det ligg konfliktar her. Vi oppfyller dei kriteria som ligg der frå staten si side samtidig som vi gjer noko i tillegg. Vi skapar det som vi kallar kulturomsorg. Det gir enormt med mental stimulans i det vi presenterer, det er det ingen tvil om.<sup>143</sup>

Vi har diskutert dette med kunst og kultur på profesjonelt nivå slik målsettinga er frå staten si side. Amatørar kan også opptre på ein profesjonell måte sjølv om dei ikkje har den rette bakgrunnen utdanningsmessig. No er vi så heldige at vi har ein del kommunale midlar i tillegg til dei vi får frå staten, og då brukar vi gjerne dei statlege pengane på dei profesjonelle utøvarane, medan dei kommunale kronene blir brukte på mindre lokale tiltak. Sjølv om kommunen har litt andre målformuleringar enn staten, så føler eg ikkje at det er nokon motsetnad her.<sup>144</sup>

Nå kan ein seie at vi har fått ei lokal tilnærming eller profil på dette (KulturRullatoren). Og vi kan sikkert sjekke visse programpostar i Rullatoren og stille spørsmål ved om dette er profesjonelle kunstnarar eller artistar. Men dette trur eg handlar om at vi var tidleg ute og hadde etablert ei slags ordning her i byen. Og retningslinene for Rullatoren er lokale, det er ikkje det same føremålet som den nasjonale ordninga har. Men dei går ikkje på tvers av kvarandre, dei har berre litt ulikt fokus.<sup>145</sup>

Mitt inntrykk, basert på intervju og observasjonar på arrangement, er at sjølv om målformuleringane er forskjellige, så oppfyller KulturRullatoren i Kristiansand i stor grad det som ligg i retningslinene for spaserstokken. Men når det gjeld programmeringa av KulturRullatoren så fylgjer ikkje kommunen det som er intensjonen frå Kulturdepartementet, i og med at det er helsesektoren og ikkje kultursektoren som har ansvaret. På den andre sida har eg ikkje registrert at det eksisterer forskjellar mellom helse og kultur i kommunen i synet på korleis KulturRullatoren skal drivast. Skilnaden i målformuleringar mellom departementet og kommunen blir ikkje opplevd som nokon utfordring eller problem i det daglege. I praksis er det ingen konflikt mellom å skulle tilby kvalitet samtidig som det skal gje mental stimulanse. Kristiansand kommune er bevisste på at det skal vera profesionalitet og kvalitet i alle ledd. Tankegangen er at det er kunstnarar og kulturarbeidarar som skal ta seg av formidlinga til dei eldre, ikkje helsearbeidarar.

---

<sup>143</sup> Intervju Emanuelsen 19.11.2015

<sup>144</sup> Intervju Korsvik 12.01.2015

<sup>145</sup> Intervju Gundersen 20.11.2015

På SeniorKilden er det kulturfagleg personale som programmerer, men Kilden er eit interkommunalt selskap og slik sett ikkje ein del av kultursektoren i kommunen.

## 6.2.2 Innhald, programmering og formidling

### 6.2.2.1 Innhald

Det er mykje musikk i ulike sjangrar i KulturRullatoren, og det er gjerne delvis fordi konserter er lette å organisere. Programmet for hausten 2014 hadde for eksempel 340 konserter, 14 danseoppvisningar, 12 foredrag eller kåseri og 32 kinoførestillingar. Ser ein på programma for perioden 2010-2014, så er fordelinga mellom musikk og andre kulturuttrykk relativt stabil.

Eigenaktivitet er så godt som fråverande i KulturRullatoren. Dans, trim og strikking inngår i KulturRullatoren sitt program, men det er ikkje KulturRullatoren som arrangerer desse aktivitetane, og det blir ikkje brukt spaserstokkmidlar på dei. På spørsmål om det føregår eigenaktivitet i regi av KulturRullatoren, svarar til dømes ein av styrarane: " Nei, ingenting som er finansiert av KulturRullatoren. Men det skjer mange andre ting her kor vi inviterer pensjonistar for å aktivisere dei gamle rundt på avdelingane".<sup>146</sup> Eg har ikkje merka noko uttrykt ynskje frå dei eldre om eigenaktivitet i regi av KulturRullatoren. Det kan vera fleire grunnar til at eigenaktivitet er nærmast fråverande. Dels legg ikkje retningslinene for spaserstokken opp til det, ressursane er i fyrste rekke tenkt brukt til å eksponere dei eldre for kunst og kultur på profesjonelt nivå. Og dels føregår det ein god del aktivitetar rundt på institusjonane i frivillig regi. Skulle ein legge opp til aktivitetar drivne av fagfolk, så ville det vera svært ressurskrevjande. Og det er dessverre eit faktum at i mange kommunar har dei ikkje ein gong råd til aktivitørar i eldreomsorga.

I Artikkelen *An Evidence Review of the Impact of Participatory Arts on Older People*<sup>147</sup> frå Mental Health Foundation, konkluderer McLean med at aktiv deltaking i kunst- og kulturaktivitetar har påviselege effektar på det mentale og fysiske velværet blant eldre. Evalueringssrapporten frå *Den Kulturelle Spaserstokken i Trondheim kommune* peikar også på at tilrettelagte aktivitetar kan gje store helsemessige gevinstar, på både individ- og gruppenivå. Dei Trondheimsbaserte tiltaka *Seniorteateret* og *Danseteateret 55+*, begge

---

<sup>146</sup> Intervju Arntsen 14.10.2014

<sup>147</sup> McLean og Woodhouse (2011) s 2-3

med seniorar som utøvarar og med profesjonelle instruktørar, er døme på slike aktivitetar. Særleg er dette tilfellet dersom tilboda vert kjenneteikna av at seniorar er i samhandling, og at aktivitetane gjev gledeoppleving.<sup>148</sup> Ein analogi her kan vera nok ein gong å vise til Den Kulturelle Skulesekken. Mykje av kritikken mot måten denne har fungert på botnar i at det blir for mykje einvegs-kommunikasjon, borna blir i stor grad passive mottakarar og får i for liten grad delta aktivt sjølve. Ei av utfordringane for Den kulturelle Skulesekken er å møte barn og unge med relevant innhald og formidlingsformer som fungerer når dei har fått ein sjølvstendig aktørrolle.<sup>149</sup> Grunnskulebarn og eldre har sjølvsagt heilt ulikt utgangspunkt og behova er forskjellige, men eg vil hevde at dette resonnementet kan ha ein viss relevans også i høve til Den Kulturelle Spaserstokken.

### 6.2.2.2 Programmering

Programmeringa av KulturRullatoren er det, som nemnt i kap. 2.2.2, dei to som jobbar med Rullatoren til dagleg som tek seg av. Eg har ikkje hatt kontakt med eldrerådet i kommunen eller andre brukarorganisasjonar om dette, etter som mitt fokus har vore på brukarane direkte. *Behaget i kulturen* av Arild Danielsen (jf. kap. 3.2) inneheld interessante betraktnigar omkring aldersprogrammering.<sup>150</sup> Det er grunn til å tru at det føregår ein form for identifikasjon med kunstnarar og formidlarar, og at publikum lettare kjenner seg att i prosjekta til nokon i eiga aldersgruppe. Spørsmålet blir då, med bakgrunn i Danielsens analyse, om det i planlegginga og programmeringa av KulturRullatoren blir teke omsyn til at det finst fleire segment blant dei eldre når det gjeld kulturell smak. Er dei som programmerer flinke nok til å variere slik at alle får det dei vil ha? Ein av dei eldre informantane nemner f. eks. visesong som noko som det burde vera meir av.

Visekulturen er generelt neglisjert, det er synd. Både i NRK og elles. Konserter med Sørlandsviser samlar stappfulle hus. Når vi høyrer slike viser med Ivar Bøksle f. eks., så kjenner vi saltvatn i strupen alle saman og minnest sol, sjø og båtliv med St. Hansfeiring i "forna da'r".<sup>151</sup>

Litt enkelt sagt så programmerer ein gjerne det ein trur majoriteten blant dei eldre vil like og kjenne seg att i. Å oppleve artistar som var «stjerner» i eins eigen ungdom er stor stas, og ekstra triveleg er det når ein kan dele opplevinga med andre i same situasjon. Eit

---

<sup>148</sup> Trondheim kommune (2007) s 6

<sup>149</sup> Spord-Borgen og Brandt (2006) s 35

<sup>150</sup> Danielsen (2006) s 181

<sup>151</sup> Gruppeintervju SeniorKilden 09.09.2014

sentralt spørsmål er om dei som programmerer for Den Kulturelle Spaserstokken betraktar dei eldre som eit segment, og at det repertoaret ein vartar opp med baserer seg på det ein trur dei eldre likar. Mine studier av KulturRullatoren i Kristiansand kommune stadfestar langt på veg dette. Programmeringa er tufta på mange års røynsler med prøving og feiling, og gjennom aktiv dialog med brukarane. Det som synest å dominere er 30-, 40- og 50-talets populärmusikk: operettemelodiar, filmmelodiar, slagerar og revyvisere, m.a.o. den tids *musikkvisker*. Det var i denne perioden at radioen og grammonofonen slo igjennom. Seriøs klassisk musikk og opera synest ikkje å stå like høgt i kurs. Derimot ser det ut til at 60- og 70-talets pop- og rockemusikk framleis er nokså fråverande, sjølv om det er teikn som tyder på at også dette er i ferd med å endre seg. Ein nærliggande grunn kan rett og slett vera at for dagens 80- og 90-åringar, så var ikkje Beatles og Rolling Stones musikken i deira ungdomstid. Vi må kanskje vente i 10 til 20 år enno inntil 68-generasjonen gjer sitt inntog. I artikkelen *Om sosial ulikhet i kulturbruk og deltagelse*, hevdar kulturforskar Per Mangset at når dagens 80-åringar helst høyrer på 1940- og 1950-talets populärmusikk, f. eks. Jens Book-Jensen og Jussi Björling, så er det uttrykk for ein generasjonseffekt. Dei vil halde fram med å like sin eigen ungdoms favorittmusikk heile livet.<sup>152</sup> Dei aller fleste av dei som er eldre i dag opplevde radioen og grammononplata i sin ungdom, og litt seinare i livet fjernsynet kor det lenge var berre ein kanal. Dei har difor i stor grad felles referanserammer når det gjeld kultur og underhaldning.

### 6.2.2.3 Formidling

Formidlingsaspektet var også fleire av informantane inne på. Det er ikkje alltid at dei dyktigaste utøvarane er dei beste formidlarane. Det er noko med å kjenne sitt publikum. Å oppnå kontakt med og respons frå tilhøyrarane er mellom anna avhengig av god og tydeleg verbal kommunikasjon. Det finst døme på at amatørar kan vera dyktige formidlarar.

Det eg har sett som har treft best var ein pensjonert musikklærar som kunne dei same gamle songane som dei eldre, og som hadde veldig god formidlingsevne og kommunikasjon».<sup>153</sup>

På den andre sida har Rullatoren hatt utøvarar som ikkje fungerte, og dermed ikkje vart engasjerte på nytt.

Vi har hatt artistar som gjerne vil inn i KulturRullatoren som har vist seg å vera ubrukelege, og då gir vi beskjed om at vi ikkje vil ha dei. Då opplever vi kanskje at dei

---

<sup>152</sup> Mangset (2012) s 28

<sup>153</sup> Intervju Hageland 20.11.2014

ringjer direkte til den enkelte institusjonen, for dei lever jo av dette. Ein utøvar vi hadde var meir oppteken av å fortelja om seg og sitt liv enn å underhalde. Og vi hadde ei som song opera og som ikkje oppfatta kva folk likte, og då passa det berre ikkje. Så vart dette luka ut.<sup>154</sup>

Ja, men ikkje mange. Vi har opplevd kunstnarar som er profesjonelle når det gjeld å synge og spela, men som ikkje evnar å få kontakt med publikum. Og ein slik formidlingssituasjon kan bli ekstra krevjande dersom det er demente blant publikum. Då har vi opplevd utøvarar som helst vil bli fort ferdige og koma seg ut.<sup>155</sup>

Eg har ikkje møtt nokon som er direkte negative eller likegyldige til KulturRullatoren. Ein mannleg informant som eg intervjuja på kafekonsert på Kongens Senter sa det slik: «Eg synest faktisk det kan vera vel så givande å sitje heime med ei god bok som å gå ut på eit arrangement.» Og vidare: «Einsemda er ei svøpe for mange. Barnebarn og andre nære slektningar har dårlig tid.»<sup>156</sup> Dette er kanskje ein indikasjon på at det sosiale aspektet, det å treffe andre, er for mange ein viktigare motivasjonsfaktor enn akkurat det musikalske.

Når det gjeld dei sjølvgåande pensjonistane som går heilt frivillig, så er det to arenaer eg har studert: SeniorKilden og kafeen på Kongens Senter. På fyrstnemnde var det tilnærma fulle hus på dei førestillingane som eg var stades og observerte på. Kafekonsertane på Kongens Senter er av ein heilt annan kategori. Her verka det som at folk kom og gjekk litt tilfeldig, og at det ikkje var primært konsertane dei kom dit for. Kanskje heller for ein matbit og sosialt samvær.

Attende til SeniorKilden som er omtala i kap. 2.2.3. Informantane eg har snakka med kan bekrefte at kulturinteressa generelt blant eldre i Kristiansand har auka etter at Kilden kom, noko som også stemmer med SSBs tal om auke i konsert- og teaterbesøket blant eldre over 67 år. Basert på dei eg gruppeintervjuja, verkar det på meg som at Kilden-publikummet er vande med å gå på konsert. Og med omsyn til kjønnsaspektet: basert på det eg observerte på konsertane i SeniorKilden, kan eg stadfeste at kvinnene var i fleirtal. Og det var svært utfordrande å rekruttere menn til gruppeintervjuja. Jf. Arild Danielsens omgrep *feminin dominans*.<sup>157</sup>

Kildens gode besøkstal kan skuldast både genuin kulturinteresse blant eldre, og det faktum at byen har fått ein ny flott kulturarena med toppmoderne fasilitetar. Sannsynlegvis begge delar. SeniorKilden byr i alle fall på eit allsidig program, alt frå lokalhistoriske filmar og

---

<sup>154</sup> Intervju Arntsen 14.10.2014

<sup>155</sup> Intervju Korsvik 12.01.2015

<sup>156</sup> Gruppeintervju Kongens Senter 19.11.2014

<sup>157</sup> Danielsen (2006) s 182

foredrag til teater og konsertar innan mange ulike sjangrar. Og opplegget med strøyming av konsertar i Kilden ut til institusjonane som dei er godt i gang med å utvikle, er eit eksempel på samarbeid mellom Kilden og KulturRullatoren. Å oppleva ein konsert på storskjerm kan aldri fullt ut erstatte det å sitje i ein konsertsal, men her handlar det om å gjera eit kulturuttrykk tilgjengeleg for folk som elles ikkje ville ha fått ta del i dette.

**Både høg og låg kultur.** Ein av informantane på SeniorKilden rosar KulturRullatoren for å vera dyktige på publikumsutvikling, og avsannar også oppfatninga om at Kilden stort sett er ein arena for eit sjikt med ressurssterke folk som er vande med å gå på konsert.

Det (Kilden) har blitt eit hus for det breie lag av folket. Dei (ansvarlege for KulturRullatoren) har nok prøvd å finne noko for ein kvar smak, både høg og låg kultur for å seie det slik, for å få kulturen ut til folk som kanskje ikkje føler seg heilt heime i konsertsalar og kulturhus. I begynnelsen var det kanskje slik at det var dei gamle travarane frå Agder Teater som kom, men etter kvart har det smitta over på andre nesten som ringar i vatn. Kilden er avgjort ikkje eit hus for fiffen slik enkelte påstår. Og mange vil kanskje ikkje innrømme at dei likar både opera og trekkspelklubb. Dette går begge vegar, både frå låg- til høgkultur og omvendt. Av og til begynner du å like ting på trass, kanskje fordi foreldra dine ikkje kunne fordra det.<sup>158</sup>

Eg tolkar informanten slik at ved å tilby både høg og låg kultur, så oppnår Kilden to ting. Dels trekkjer dei til seg publikum som elles ikkje ville ha gått, og dels oppnår dei at det tradisjonelle publikummet blir meir altetande. Kanskje er det ein nødvendig strategi for eit teater- og konserthus som Kilden å jobbe for å bli kvitt *fiff-omdømmet* og framstå med ein folkeleg profil, for dermed å få auka legitimitet i alle lag av befolkninga.

**Musikk som minnebok.** Eit anna interessant poeng er dette med musikk som ei slags minnebok som kan gje assosiasjonar til opplevelingar tidlegare i livet, både gode og vondre ting. Det er ingen tvil om at for mange eldre så har kunst og kultur nettopp denne funksjonen. Dei er i ein fase av livet kor det å mimre og sjå attende på det som ein gong var blir opplevd som stort og verdifullt. Det er neppe tilfeldig at «Den gode melodi» og «Gamle minne» er mykje brukte programtitlar.

Det er rart med musikk, den får fram både det beste og det verste i menneska. Det blir litt «husker du», du kjem på episodar som har skjedd, det blir som ei minnebok der både vonde og gode ting kan dukke opp.<sup>159</sup>

**Deling av kulturopplevelingar.** For mange er det sosiale aspektet viktig, det å kunne dele

---

<sup>158</sup> Gruppeintervju SeniorKilden 09.09.2014

<sup>159</sup> Gruppeintervju SeniorKilden 09.09.2014

kulturopplevingar med andre. Her er vi inne på kulturopplevinga som eit sosialt ritual, og førestilte fellesskap kan vekse fram gjennom at deltagarane har kunst- og kulturuttrykk som samlingspunkt.<sup>160</sup> Konsert- eller teaterbesøket fyller eit tomrom i pensjonisttilværet for mange, og det å treffe andre i same situasjon gjev ein ekstra dimensjon til konserten eller førestillinga.

Kulturrullatoren er veldig viktig for folk som har gått av med pensjon, det fyller eit tomrom i kvardagen for mange. Og ikkje minst betyr det sosiale mykje, det å koma seg ut og treffe andre.<sup>161</sup>

**Kultur er ikkje farleg.** Folk som har ei oppfatning av at kultur er farleg endrar kanskje meining når dei let seg overtale til å bli med og oppleva ein konsert i Kilden.

Eg har snakka med folk som sa at hit skulle dei aldri, kultur var eit farleg ord for dei. Men når dei vart lokka med på ein konsert så hende det ikkje sjeldan at dei endra oppfatning. Etter ein konsert er du eit nytt og betre menneske uansett om dei impulsane du får er gode eller vonde.<sup>162</sup>

**Frå det kjente til det ukjente.** Eg tolkar denne informanten dit at ho legg vekt på kor viktig det er å begynne med det sikre, gjerne det populære og lett-fordøyelege, og så lure litt ukjente og høgkulturelle ting inn i mellom. Det viser at Rullatoren også kan ha ein pedagogisk funksjon, og bidra til å ufarleggjera kulturen for dei som er litt skeptiske.

Det er viktig å begynne med det sikre og så lure inn litt ukjente ting inn i mellom. Ein ballettpedagog demonstrerte ein gong nokre trinn, og det var veldig interessant. Det viser at Rullatoren også kan ha ein pedagogisk funksjon. Av og til begynner du å like ting på trass, kanskje fordi foreldra dine ikkje kunne fordra det.<sup>163</sup>

**Musikk som medisin.** Konserten eller førestillinga kan ha ein lækjande effekt, den gjev ny energi. Her er vi igjen inne på det instrumentelle, at kulturopplevinga har førebyggjade og behandlande effekt, og gjev mental stimulans, auka livsglede og velvære.

Ein konsert i Kilden blir som medisin, du blir lyfta litt opp frå kvardagen, du får påfyll for sjel og sinn som hjelper deg til å koma igjennom tunge dagar med helsemessige utfordringar.<sup>164</sup>

---

<sup>160</sup> Danielsen (2006) s 112

<sup>161</sup> Gruppeintervju SeniorKilden 09.09.2014

<sup>162</sup> Gruppeintervju SeniorKilden 09.09.2014

<sup>163</sup> Gruppeintervju SeniorKilden 09.09.2014

<sup>164</sup> Gruppeintervju SeniorKilden 09.09.2014

### 6.2.3 Utfordringar med innhald og programmering av KulturRullatoren.

Musikken og konsertane har ein dominerande plass i Rullatoren. Dei nasjonale retningslinene for Den Kulturelle Spaserstokken legg vekt på mangfald når det gjeld sjangrar og uttrykk, men det ligg ingen føringer eller krav frå departementet om betre balanse mellom musikk og andre kunst- og kulturformer, slik det t.d. gjer for Den Kulturelle Skulesekken. Både fylkeskultursjefen og kulturdirektøren hevdar at kan hende har musikken fått for stor plass i KulturRullatoren, det blir overvekt av musikk og lite av andre kunstuttrykk. Vidare har programma lett for å bli litt for tradisjonelle, det blir gjerne konsertar, foredrag og litt til. Konsertar er lette å organisere, og det er rik tilgang på dyktige utøvarar som vil ha oppdrag. Dei kjem, gjer jobben sin og går. Og publikum er stort sett fornøgde. "Det viktigaste er at det skjer noko."<sup>165</sup> Eit forbetringspotensiale kunne vera at det blir meir av f. eks. dans, teater/drama og lysbildekåseri. Informantane på SeniorKilden nemner visesong som eksempel på noko dei gjerne kunne hatt meir av, samt å blande det kjende med det ukjende som eit pedagogisk knep. Med omsyn til konsertane, så synest det som om det er populärmusikken frå *før piggtrådmusikkens tidsalder* som dominerer. Operette- og filmmelodiar, lettare klassisk musikk, *evergreens*, o.s.v. har brei appell og er difor ofte på programmet, jf. Per Mangsets *generasjonseffekt*. Om 10-20 år så vil mange av dei som vart fødde under eller like etter 2. verdskrigen ha hamna på institusjon, og dei vil vera merkeleg om ikkje dei då vil ha den musikken som var populær på den tida dei vaks opp. Pop og rock vil nok gjera sitt inntog i større grad før eller seinare.

Ein informant på eit av omsorgssentra poengterte: "Det er også er viktig å finne noko som skapar nysgjerrighet blant dei litt yngre. Rullatoren skal ikkje berre skal vera for gamle folk."<sup>166</sup> Her er vi inne på eit av KulturRullatoren sine mål, nemleg å legge til rette for kultur på tvers av generasjonar. Men samtidig kolliderer det med den nasjonale intensjonen om at Spaserstokken skal vera for dei eldste og mest pleietrengande eldre. Kommunen og arrangørane har uansett ei utfordring i å programmere slik at repertoaret i større grad appellerer også til yngre menneske. Men her spelar organisering og tidsfaktor ei viktig rolle. Veldig mykje av det som føregår på institusjonane skjer på dagtid, både av praktiske grunnar og fordi det høver best for dei gamle, og då er dei pårørande på skule eller jobb. Og på ettermiddagar på vanlege kvardagar kjem også tidsklemma inn.

---

<sup>165</sup> Intervju Emanuelsen 19.11.2014

<sup>166</sup> Gruppeintervju SeniorKilden 09.09.2014

Ideelt sett burde arrangørane også ha jobba litt meir med kvalitet og formidling, og blanda forskjellige kunstuttrykk og sjangrar i form av workshop-prosjekt slik det blir gjort ein del av i Den Kulturelle Skulesekken. Det nasjonale målet om mangfald i sjangrar og uttrykk kan vera eit mål å strekkje seg etter også for KulturRullatoren. Men ein må ha i mente at målgruppene er veldig forskjellige. Ikkje berre i alder, men og i den forstand at i skulesekken er det elevar i ein obligatorisk undervisningssituasjon, dei er på eit vis utkommanderte. I Spaserstokken er alt frivillig, dei eldre forventar å bli underhaldne.

Når det gjeld programmeringa, så viser denne undersøkinga at det er mange indikasjoner på at KulturRullatoren sine folk har funne ei form som fungerer svært bra. Mitt inntrykk er at det som programansvarlege for KulturRullatoren manglar i formell kulturkompetanse, det tek dei att i rikt monn gjennom realkompetanse. Dei er i den privilegerte situasjonen at dei kan nærmest velja og vraka i artistar som vil vera med. Utøvarar som ikkje fungerer blir luka ut. KulturRullatoren har fått eit omfang som gjer at ein har nådd mettingspunktet i talet på arrangement som institusjonane kan ta imot.

#### 6.2.4 Organisering

KulturRullatoren i Kristiansand kommune blir som nemnt administrert av helse- og sosialsektoren. Grunnen til at den hamna her er at det var ein enkeltperson med visjonar som såg behovet for å koordinere det som allereie eksisterte av tiltak for eldre i kommunen, og tok initiativet til å få Rullatoren i gang.

I retningslinene frå Kulturdepartementet blir det lagt vekt på samarbeid mellom kultur og omsorg, men det ligg ingen direkte føringar om kor dette skal forankrast organisatorisk i kommunane. Fylkeskultursjefen peikar på utfordringa ved at arbeidet med spaserstokken er ulikt organisert rundt om i kommunane, og at ein eins struktur ikkje er på plass.

Basert på den informasjonen eg har samla inn, er det grunnlag for å seie at KulturRullatoren, ved å tilby eldre kulturopplevingar på profesjonelt nivå, har skapt større trivsel og velvære blant bebruarane på institusjonane. Alle informantane legg vekt på det gode omdømmet som Rullatoren har, at den er solid forankra i kommunen både politisk og administrativt, og at den trass sin relativt unge alder har fått ein solid posisjon i byen. Både brukarane og styrarane på institusjonane har stort sett berre positive tilbakemeldingar. Men ut frå dette å trekke den konklusjonen at det er likegyldig kor denne tenesta er organisert i kommunane, det blir å dra det for langt. Til det er det empiriske grunnlaget for lite. For å

kunne seie noko kvalifisert om dette, så burde eg f. eks. hatt ein kontrollkommune av nokolunde same storleik, kor ansvaret for spaserstokken ligg i kultursektoren.

### 6.2.5 Utfordringar med organisering av KulturRullatoren

Fungerer samarbeidet om KulturRullatoren mellom helse/sosial og kultur? Kommunens kultursektor har ikkje nokon aktiv rolle, og har heller ikkje noko ynskje om å få det. Så lenge ordninga fungerer så bra som ho gjer så er det inga aktuell problemstilling.

Rullatoren samarbeider godt med SeniorKilden, men sistnemnde er ikkje direkte ein del av kommunen i og med at Kilden er eit interkommunalt selskap. Dei får ikkje økonomisk støtte frå Rullatoren. Det gjer heller ikkje Kristiansand Kino som arrangerer seniorkino.

Når KulturRullatoren samarbeider med kulturlivet i Kristiansand, så er det på andre kontaktflater enn med kommunens kultursektor.

Når det gjeld den praktiske organiseringa, så er både styrarane og programansvarlege inne på at det som føregår rundt på institusjonane skjer i litt for stor grad i fellesareal, f. eks. på allrom i tilknyting til dagsenter. Dei enkelte avdelingane får for sjeldan besøk, og det inneber at dei svakaste blant dei eldre kan bli litt forsømte. Men dette er dei merksame på, og dei jobbar med det. Eit mål er at også dei som bur på avdelingane på sjukeheimane skal få oppleva kultur. Både det å få kulturen nærmare dei eldre på avdelingane, og å trekke inn fleire utanfrå som publikum, både pårørande og andre. Ideelt sett burde det vera piano på alle avdelingane. Så dei prøver å kompensere dette ved å sende ein violinist eller ein fløyttist rundt der dei ikkje har piano. Dessutan prøver arrangørane å ordne transport for dei som har behov for det. Programansvarlege seier at her må institusjonane vera litt meir på banen, dette er ei utfordring kanskje først og fremst for styrarane på institusjonane.

Eit anna viktig poeng som styrarane var inne på, er at det ikkje alltid er lett å få dei pårørande til å stille opp og hjelpe *sine* på konsert. Ofte skortar det litt på *varme hender*, spesielt når det føregår ting på ettermiddagar. Men også dette blir det jobba kontinuerleg med. Ein av styrarane fortel:

Det kan vera utfordringar når det skjer ting her på ettermiddagar og kveldar, for då er det så få på jobb. Men då prøver vi å oppmøde dei pårørande om å stille opp og ta med seg sine kjære, og kanskje nokon andre i tillegg. Av og til tenkjer nok dei pårørande at i dag er det eit arrangement som far eller mor sikkert skal på, så då treng eg ikkje å gå. Litt dumt, for då er det så få tilsette på jobb og dei pårørande burde absolutt gå.<sup>167</sup>

---

<sup>167</sup> Intervju Arntsen 14.10.2014

Sjølv om dei aller fleste sikkert set stor pris på konsertar og anna som skjer på heimen, så skal ein ikkje sjå heilt bort frå at det finst nokre som føler det som litt påprakking. Både dei som gjerne vil på konsert og dei som helst vil sleppe treng i mange tilfelle transporthjelp, og dette kan innebera belastningar på dei tilsette når det er få på jobb.

Med omsyn til utfordringar generelt, peikar informantane på at levealderen er stigande, og at folk blir eldre enn før. Det blir fleire krevjande eldre, og det blir fleire demente.

Rusmisbrukarar kjem også inn i institusjonane, og psykiatrien er eit segment som skapar utfordringar. Dette er grupper som ein ikkje har hatt tilstrekkeleg fokus på inntil no, og som så langt har fått lite glede av KulturRullatoren. Men oppdraget er jo å prøve å nå ut til alle. Evalueringa av Trondheimsmodellen peikar dessutan på fleire utsette grupper.

Heimebuande isolerte seniorar, og dei utan nære slektingar, spesielt menn. Vidare seniorar med innvandrarbakgrunn, og personar med begynnande kognitiv svikt. Desse finst over heile landet i større eller mindre målestokk, og inneber utfordringar på både kort og lang sikt for kommunane. Eg meiner at dei største utfordringane ligg nettopp i det å nå fram med tilbodet, og leggje til rette for alle dei som fell utanfor i dag. Samt det å få dei pårørande til å bli flinkare til å stille opp.

Det vil også bli utfordrande for KulturRullatoren å skulle nå målet om å presentere kulturen både i dei eldre sitt daglege miljø og på tradisjonelle kulturarenaer. Dersom dei eldste og mest skrøpelege eldre på institusjonane skal tilgodesjåast i større grad enn i dag, så vil det måtte gå ut over tilbodet til friske og sjølvgåande pensjonistar som kan besøke dei kulturhusa dei har lyst til. Vel og merke dersom ressursane totalt sett er dei same.

## 7 Oppsummering og konklusjon

Utgangspunktet for at eg tok fatt på denne oppgåva var interesse for å lære meir om Den Kulturelle Spaserstokken og kva den har å seie for satsing på kulturtiltak og kulturformidling for eldre. Eg valde ei todelt problemstilling. Fyrste delen handlar om Den Kulturelle Spaserstokken som nasjonal modell. Her har eg sett på kva som var intensjonen og føremålet med ordninga, og kva som var bakgrunnen for at den kom i gang. Andre delen handlar om Kristiansand KulturRullator, som er Kristiansand kommune sin spaserstokk-variant. Her har eg lagt hovudvekta på korleis Rullatoren fungerer i dag, men det er også nokre spreidde tilbakeblikk på dei åtte åra den har eksistert, samt kva som er dei viktigaste utfordringane Rullatoren står overfor.

### Hovudkonklusjonar

**Den Kulturelle Spaserstokken** er eit tiltak som føyer seg inn i tradisjonen med demokratisering av kulturen, på line med Den Kulturelle Skulesekken. Den profesjonelle kunsten og kulturen skal bringast ut til folket. Målet er at alle eldre, uansett livssituasjon, skal få sjansen til å oppleva kunst og kultur på eit kvalitetsmessig høgt nivå. Kven av dei eldre som skal prioriterast, dei eldste og mest pleietrengande eldre eller ei meir blanda målgruppe, er opp til den enkelte kommune å avgjera.

Intensjonen til kulturstyresmaktene er at den kulturen som blir presentert skal ha kvalitet og vera mangfaldig når det gjeld sjangrar og uttrykk. Men det står ingenting i retningslinene om kva slags kunst- og kulturuttrykk som ein forventar at dei eldre skal bli eksponert for, og det ligg ingen konkrete føringar om mangfald. Det skal leggjast til rette for auka samarbeid mellom kultur og omsorg. Kultursektoren skal med sin kulturfaglege kompetanse stå for innhaldet i spaserstokken, medan omsorgssektorens oppgåve er å leggje til rette. Dei eldre skal få oppleva kulturen på dei arenaene der dei er til dagleg.

Føremålet med Den Kulturelle Spaserstokken er kulturpolitisk. Det er den gode kulturopplevinga som er sentral. Eventuelle helseeffektar i form av auka trivsel og velvære er hyggeleg bonus, men er ikkje noko mål i seg sjølv. Etter regjeringsskiftet i 2013 vart det gjort forsøk på å gjera ordninga mindre kulturpolitisk og meir helsepolitisk, både ved at målformuleringa "etter modell av Den Kulturelle Skulesekken" er fjerna, og ved framleggjet om nedlegging i samband med statsbudsjettet for 2015.

**Kristiansand KulturRullator** har som mål å auke den mentale stimulansen blant institusjonsbebuarane, å samle det frivillige og profesjonelle kulturlivet til kulturomsorg, å legge til rette for kultur på tvers av generasjonar, samt å formidle kulturen på eldreinstitusjonar og i tradisjonelle rom kor kulturen blir framført.

Kulturrullatoren og Spaserstokken har mål som er nokså forskjellige, og til dels motstridande. Kulturrullatoren har som mål å gje auka mental stimulanse, eit klart helse- og sosialpolitisk mål, medan Spaserstokken vil formidle kunst og kultur på profesjonelt nivå, eit kulturpolitiske mål. Dette har samanheng med ståstadene til den/dei som har utforma mål og retningsliner. Kulturdepartementet har hatt regien på nasjonalt nivå, medan helse- og sosialsektoren har hatt ansvaret i Kristiansand kommune. Det er ikkje kulturfagleg personale som programmerer Kulturrullatoren, sjølv om eg oppfattar at dette er intensjonen frå Kulturdepartementet si side. Det er heller ikkje nedfelt noko mål om mangfald i sjangrar og uttrykk i Kulturrullatoren, slik dei nasjonale retningslinene har. Det viktigaste er at det skjer noko. Når det gjeld målsetjingane om tilgjengelelse og samarbeid mellom kultur og omsorg, så er dei nokså samanfallande. Men det er helse- og sosialsektoren som gjer jobben med Kulturrullatoren, kultursektoren i kommunen er passiv. Kulturrullatoren snakkar dessutan om samarbeid mellom det frivillige og profesjonelle kulturlivet, noko Spaserstokken ikkje gjer. Kulturrullatoren vil formidle kulturen i både eldreinstitusjonar og på kulturarenaer, medan Spaserstokken legg vekt på at formidlinga skal skje på dei arenaene der dei eldre er til dagleg.

Kulturrullatoren har manifestert seg som eit viktig kultur- og velferdstiltak for eldre i Kristiansand. Den er variert og innhaldsrik, og hovudvekta ligg på arrangement for bebuarar på pleie- og omsorgsinstitusjonar. Mitt inntrykk basert på intervju er at arrangørane i det store og heile tilbyr program som appellerer til dei eldre brukarane.

Kristiansand KulturRullator har utfordringar av både organisatorisk og innhaldsmessig art. Praktiske utfordringar dreiar seg mykje om tilrettelegginga av det som skjer på institusjonane, jf. pkt. 6.2.3. og 6.2.5. Innhaldsmessig har fleire peika på at det kunne ha vore mindre av konserter og meir av andre typar arrangement, og gjerne noko som skapar nysgjerrigkeit også blant yngre. Kulturrullatoren sitt ambisiøse mål om å leggja til rette for kultur på tvers av generasjonane harmonerer därleg med Spaserstokken sin intensjon om å prioritere dei eldste eldre. Det vil vera utfordrande for arrangørane å programmere Kulturrullatoren slik at det som blir presentert i større grad appellerer til fleire generasjonar, samtidig som dei eldste og mest pleietrengande eldre blir ivaretekne.

# 8 Referansar

## 8.1 Litteratur

Baklien og Carlsson: *Helse og kultur*. Prosessevaluering av en nasjonal satsing på kultur som helsefremmende virkemiddel. NIBR Prosjektrapport 2000:11.

<http://www.nibr.no/filer/2000-11.pdf>. 13.05.2015.

Brinkmann og Kvale: *Interviews*. London. Sage Publications 2015.

Danielsen, Arild: *Behaget i kulturen*. Norsk kulturråd / Fagbokforlaget 2006.

Det Kongelege Kulturdepartement: *Den Kulturelle Spaserstokken 2014*. Likelydande brev til alle fylkeskommunar. 28.03.2014.

Det Kongelege Kulturdepartement: *Kultur, inkludering og deltaking*. St.meld. nr. 10 (2011-2012)

Det Kongelige Kultur- og Kirkedepartement. Likelydende brev til alle landets kommuner. 16.06.2008.

Det Kongelige Kulturdepartement. Likelydende brev til alle kommunene i Aust-Agder. 21.03.2013.

Det Kongelige Kulturdepartement. Likelydende brev til alle fylkeskommunar. 28.03.2014

Egge-Hoveid: Over 67 år – og fortsatt aktiv. *Tidsbruk blant eldre*. Samfunnsspeilet, 2012/4. SSB.

FoU-rapport nr 7/2012: *Kulturkonsum i storbyene*. En studie av brukere og ikke-brukere av det offentlig finanserte kunsttilbudet i byene Oslo, Bergen, Trondheim, Stavanger og Kristiansand.

Gilleard, Chris: *Aging and society*. Consumption and Identity in Later Life: Toward a Cultural Gerontology. S. 489-498. Juli 1996.

[http://journals.cambridge.org/abstract\\_S0144686X00003640](http://journals.cambridge.org/abstract_S0144686X00003640). 13.05.2015.

Helse- og omsorgsdepartementet: *Mestring, muligheter og mening*. St.meld.nr. 25 (2005-2006). Publisert 22.09.2006.

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/hod/dok/regpubl/stmeld/20052006/stmeld-nr-25-2005-2006-.html?id=200879>, 13.05.2015.

Helse- og omsorgsdepartementet: *Morgendagens omsorg*. St.meld. nr.29 (2012-13). Melding til Stortinget. Publisert 19.04.2013.

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/hod/dok/regpubl/stmeld/2012-2013/meld-st-29-20122013.html?id=723252>, 13.05.2015.

Helse- og omsorgsdepartementet: *Omsorgsplan 2015*. Særtrykk av St.prp.nr.1 (2007-2008) Programkategori 10.60. Publisert 10.10.2007.

[http://www.regjeringen.no/upload/HOD/Vedlegg/Omsorgsplan\\_2015/sartrykk\\_omsorgsplan\\_2015.pdf](http://www.regjeringen.no/upload/HOD/Vedlegg/Omsorgsplan_2015/sartrykk_omsorgsplan_2015.pdf), 13.05.2015

Hylland, Ole Marius: *Om egenverdi*. Et forsøk på kritisk begrepsanalyse. Nordisk kulturpolitisk tidsskrift 12/2, 2009.

I-0970 B – regjeringen.no: *Fra prosjekt til hverdagsliv*. Om regjeringas kultur- og helsesatsing, publisert 01.04.1999. S. 1-9.

<https://www.regjeringen.no/nb/dokumenter/i-0970-b/id270543/>, 13.05.2015.

Jacobsen, Dag Ingvar: *Hvordan gjennomføre undersøkelser*. Høyskoleforlaget 2. oppdag 2013.

Jaastad, Lise: *Den kulturelle dørstokkmila*. Et bidrag til kartlegging av kultur- og fritidsinteresser blant hjemmeværende menn i alderen 70+ i Trondheim kommune. Trondheim, februar 2012.

Jaastad, Lise: *Kulturdeltakelse og helse*. Den Kulturelle Spaserstokken, arena for kulturelle deltagelse for seniorer i Trondheim kommune. Rapport 2011/1. Trondheim, april 2011.

<http://www.ntnu.no/documents/12446710/16798533/Kulturdeltakelse+og+Helse.pdf>, 13.05.2015.

Klausen: Kunstsosiologi (1977). Gyldendal Norsk Forlag.

Kristiansand kommune: *Prosjekt - Videreføring og utvikling av KulturRullatoren*. Søknad om støtte 2008.

Kristiansand kommune: *Den kulturelle spaserstokken 2008 – sluttrapport*.

KulturRullatoren: Program f o m hausten 2010 t o m hausten 2014.

Kulturdepartementet: *Den Kulturelle Spaserstokken 2014*. Likelydande brev til alle fylkeskommunar dat. 28.03.2014.

Kulturdepartementet: *Kulturløftet II*. Statsbudsjettet for 2012. Prop. 1 S (2011-2012).  
<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kud/dok/regpubl/prop/2011-2012/prop-1-s-20112012/1.html?id=658384>. 13.05.2015.

Kulturdepartementet: Svar på spørsmål via e-post 11.11.2014

Kultur- og kyrkjedepartementet: *Den kulturelle skulesekken*. St.meld. nr. 38 (2002-2003).

Kultur- og kirkedepartementet: *Frivillighet for alle*. St.meld. nr. 39 (2006-2007).

Kultur- og kyrkjedepartementet: *Pressemelding* av 23.04.2007.

McCracken: *Aging and society*. Culture and Consumption among the Elderly: Three Research Objectives in an Emerging Field. S. 203-224. Juni 1987.  
[http://journals.cambridge.org/abstract\\_S0144686X00012563](http://journals.cambridge.org/abstract_S0144686X00012563). 13.05.2015

Mangset, Per: *Demokratisering av kulturen. Om sosial ulikhet i kulturbruk og -deltakelse*. TF-notat nr 7/2012.

Mangset, Per: *Kulturliv og forvaltning* (1992). Universitetsforlaget.

McLean, Woodhouse, m.fl.: *An Evidence Review of the Impact of Participatory Arts on Older People*. Mental Health Foundation, 2011.  
<http://www.mentalhealth.org.uk/content/assets/PDF/publications/evidence-review-participatory-arts.pdf?view=Standard>. 13.05.2015

Mirza, Minura: *The Politics of Culture*. The Case for Universalism. Høgskolen i Telemark, biblioteket i Bø. 2012.

Myskja/Hagen/Bjørn-Hansen/Ruud: *Kultur former framtida*. 2007.

NoU 2013:4. *Kulturutredningen 2014*. Departementets servicesenter Oslo 2013.  
<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kud/dep/styrer-rad-og-utvalg/kulturpolitisk-utredningsutvalg.html?id=636211>. 13.05.2015

Regjeringen.no: *Den kulturelle spaserstokken*. Sist oppdatert: 02.07.2014.

<https://www.regjeringen.no/nb/dep/kud/dep/tilskudd/om-kulturdepartementets-tilskuddsordninger/Redaksjonell-artikkel-Den-kulturelle-spaserstokken/id764969/>.  
13.05.2015

Schwandt, Thomas: Three epistemological stances for qualitative inquiry. *Handbook of qualitative research, second edition.*

<http://www.uky.edu/~addesa01/documents/Schwandt.pdf>. 13.05.2015.

SeniorKilden: Program f o m våren 2012 t o m hausten 2014

Skarpenes, Ove: Den legitime kulturens moralske forankring. *Tidsskift for samfunnsforskning nr 4/2007.*

Sosial- og helsedirektoratet: *Seniorpolitiske utfordringer*. Utgitt av Statens Seniorråd desember 2006.

Spord-Borgen og Brandt: *Ekstraordinært eller selvfølgelig*. Evaluering av Den Kulturelle Skolesekken i grunnskolen. NIFU STEP rapport 5/2006.

Statens Seniorråd: *Seniorpolitiske utfordringer 2006-2009*

Statistisk sentralbyrå Oslo 1978. *Historisk statistikk 1978*. Norges offisielle statistikk XII 291.

Statistisk Sentralbyrå: *Norsk Kulturbarometer 2012*, publisert 21. mai 2013.

<http://www.ssb.no/kulturbar/>. 13.05.2015

Statistisk sentralbyrå: Statistisk årbok 2013. 132. årgang.

Trondheim kommune: *Den kulturelle spaserstokken*. Evalueringssrapport april 2002 – mai 2007.

Trondheim kommune/kulturdepartementet: *Den kulturelle spaserstokken – Norge*. Kompendium frå ekspertmøte Stockholm 28.11.2013

Vestheim, Geir: *All kulturpolitikk er instrumentell*. KulturSverige 2009.

## 8.2 Avis- og nettartiklar

Bergens Tidende: *Harmonien på nett i januar*. 09.12.2009.

Bråten, Kjell Morten: *Størst av alt er kjærligheten*. Feltarbeid med rapport. Bacheloroppgåve ved Høgskolen i Telemark 2008.

<https://kjellemann.wordpress.com/rapport-den-kulturelle-spaserstokken/>. 13.05.2015

Engedal, Knut: *Alderdom*. Artikkel i Store Medisinske Leksikon, oppdatert 13.02.1009.

<https://sml.snl.no/alderdom>. 13.05.2015

Engedal, Knut: *Gerontologi*. Artikkel i Store Norske Leksikon, oppdatert 13.02.2009.

<http://snl.no/gerontologi>. 13.05.2015.

Fedrelandsvennen: *Kulturkjerringene bruker Kilden mest*. Artikkel 03.10.2012.

Nynorskordboka. Om *kvalitet*. UIO & Språkrådet 2010. <http://www.nob-ordbok.uio.no/perl/ordbok.cgi?OPP=+kvalitet&nynorsk=+&ordbok=nynorsk>. 13.05.2015

Stortinget – referat frå møte onsdag den 22. oktober 2014 kl. 10.00. Spørsmål 11.

<https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Referater/Stortinget/2014-2015/141022/ordinarsporretime/11/>.

13.05.2015

## 8.3 Intervjuobjekt

### Primærkjelder:

Arntsen, Berit - styrar på Straitunet omsorgssenter.

Ellingsberg, Kirsten - styrar på Presteheia omsorgssenter.

Emanuelaen, Leif - leiar og programansvarleg for KulturRullatoren.

Gundersen, Mette - statssekretær i kultur- og kyrkjedepartementet 2005-2007.

Hageland, Anne Tone - fylkeskultursjef i Vest-Agder.

Korsvik, Birgit - nestleiar og programansvarleg for KulturRullatoren.

Nepstad, Lillian – program- og arrangøransvarleg for SeniorKilden.

Sorthe, Stein Tore - kulturdirektør i Kristiansand kommune.

### Sekundærkjelde:

Rådgjevar Sverre Mjøen i Kulturdepartementet, intervju i 2008 av Kjell Morten Bråthen i samband med bacheloroppgåva *Størst av alt er kjærligheten*.

### Gruppeintervju:

Brukbarar på Straitunet omsorgssenter

Brukbarar på Presteheia omsorgssenter

Besøkande på Kongens Senter Eldresenter

Publikum på SeniorKilden

## 8.4 Konserter og andre førestillingar

Presteheia omsorgssenter fredag 10.10.14: «Gamle minner» med June Myhrstad og Johan Varen Ugland.

Straitunet omsorgssenter tysdag 14.10.14: «Operette- og musikalmelodier» med Elaine Vesley og Johan Varen Ugland.

Presteheia omsorgssenter fredag 31. 10.14: «Den gode melodi» med Sissel Irene Sødal og Solveig Lie Refvik.

Kongens Senter Eldresenter 19.11.14: «Norske melodier» med Camilla Wiik Wennesland.

SeniorKilden 09.09.14: "Unge blåtoner, glade operettesvisker og allsang i høstens tid» ved Asbjørn Arntsen og musikkstudentar frå Universitetet i Agder.

SeniorKilden 04.11.14: «Tro, tvil og lengsel». Spirituell musikalsk time med Karl Sundby.

## **9 Vedlegg**

Vedlegg 1: Kristiansand KulturRullator – arrangement 2010-2014

Vedlegg 2: SeniorKilden – program 2012-2014



# 1 Kristiansand KulturRullator. Arrangement i perioden 2010 til 2014.

	Konsertar	Foredrag/kåseri	Dans/danseoppvisn	Seniorkino	Forkynning	Trim	Strikking	Rullatortreff	Seniorshop	Sum
	Kult rull	Arr andre	Kult rull	Arr andre	Kult rull	Arr andre	Arr andre	Arr andre	Arr andre	
Vår 2010	325	20			5	22	21	2	24	419
Haust 2010	262	17	8	5	16	19	7	15		379
Vår 2011	288	7	7	9	18	22		20		371
Haust 2011	304	13	2	8	18	28	6	15	23	419
Vår 2012	347	7	8	22		45		19		448
Haust 2012	285	1		17	11	28	4	14	18	379
Vår 2013	340		9	18	20	42		18	21	469
Haust 2013	358		8	6	14	29		15	19	450
Vår 2014	351		9		17		5	8	8	399
Haust 2014	335	5	4	8	14	32		14	19	431
Sum	3195	70	6	65	114	118	266	24	162	4134

Tabellen viser halvårsprogramma for Kulturrullatoren i Kristiansand i perioden 2010 til 2014. Dette er arrangement som foregår på institusjonane i byen. Alle er med, både dei som KulturRullatoren står for og dei som andre arrangerer. Eigenaktivitet er kursivert.

For kategoriane konsertar, foredrag/kåseri og dans er det to underkolonnar: ei kolonne for Rullator-arrangement og ei kolonne for andre arrangørar. Når det gjeld konsertar så er det følgjande: fleire av frivilligentralane i byen, Kongens senter, Civitan, Kirkefestspillene, Folkeakademiet, Berges Hus og pensionistforeningen. Andre arrangørar av foredrag har vore Eldreakademiet og seinare Senioruniversitetet. Kulturrullatoren arrangerer danseoppvisningar, medan dans som eigenaktivitet er det Kongens senter som står for. Kristiansand kino arrangerer naturleg nok seniorkino. Frelsesarmeén tek seg av forkynninga, trim og strikking føregår på Kongens senter. Det same gjeld Rullatortreff og seniorshop. Sistnemnde er det slutt på.

Vi ser at alt i alt er det i snitt vel 400 arrangement i halvåret når ein tel med eigenaktivitet. Det er overlegen flest konserter, så følger seniorkino og danseoppvisningar. Av eigenaktivitet er det trim, dans og strikking som dominerer. Det føregår sjølv sagt mange faste aktivitetar på institusjonane som ikkje er med i denne oversikten.



## SeniorKilden. Arrangement i perioden 2011 til 2014.

	Konsertar/allsong	Foredrag	Teater/opplesing	Film/multimedia	Sum
Haust 2011	6	3			9
Vår 2012	6	2	6		14
Haust 2012	10	2	5	1	18
Vår 2013	9	2	2	1	14
Haust 2013	7	2	4	1	14
Vår 2014	9	3	3	1	16
Haust 2014	6	2	4	2	14
Sum	53	16	24	6	99

SeniorKilden kom i gang hausten 2011, og er eit samarbeid mellom Kilden Teater- og Konserthus og Kulturrullatoren. Kilden opna ikkje offisielt før i januar 2012, men arrangørane «tjuvstarta» med å bruke foajeen frå oktober 2011. Det er tre-fire arrangement i månaden som alle føregår tysdagar kl 12.00. Dei fleste arrangementa kostar 50 kr.